

Morten Tangen

## Bønder mellom arbeid og kapital

Krisehjelp for det gamle på veg mot det nye

Masteroppgåve i historie

Veileder: Ingar Kaldal

Trondheim, juni 2018

Morten Tangen

## Bønder mellom arbeid og kapital

Krisehjelp for det gamle på veg mot det nye

Masteroppgåve i historie

Veileder: Ingar Kaldal

Trondheim, juni 2018

Noregs teknisk-naturvitenskaplege universitet

Det humanistiske fakultet

Institutt for historiske studier



**NTNU**

Kunnskap for ei bedre verd

## **Innhold**

<b>Føreord .....</b>	3
<b>INNLEIING .....</b>	5
<b>DEL I TEORI OG BAKGRUNN .....</b>	11
<b>1. Ågrip av ei brotstid .....</b>	13
1.1. Ketil Eika i Telemark .....	13
1.2. Krisetid: Rygg attende til gullet .....	15
<b>2. Omgrep .....</b>	17
2.1. Nasjonalisme .....	17
2.2. Nasjonsbygging .....	18
2.3. Det moderne gjennombrotet .....	19
<b>3. Bygdefolkets Krisehjelp .....</b>	21
3.1. Om Bygdefolkets Krisehjelp .....	22
3.2. Kaare Frøland: <i>Krise og kamp</i> .....	23
3.3. Jostein Nerbøvik: <i>Bønder i kamp</i> .....	24
<b>4. Bondestanden og Den norske trekanten .....</b>	27
4.1. Ei politisk tredelt tid .....	27
4.2. Bønder på polvandring .....	29
4.3. Modernitet og nasjonsbygging .....	30
<b>5. Brotstid i Noreg .....</b>	35
<b>DEL II KONGEN OG KRONPRINSEN .....</b>	37
<b>1. To hovdingar .....</b>	39
1.1. Kva er det med David Seierstad og Olav Lien .....	39
1.2. Arbeidar! Bonde! Støe, sterke .....	40
<b>2. David Seierstad .....</b>	41
2.1. Levd liv .....	41
2.2. Bondehovding på Toten .....	42
2.3. Seierstad i Krisehjelpa .....	44
2.4. Seierstad og Nasjonal Samling .....	45
2.5. Kven var David Seierstad? .....	48

<b>3. Olav Lien.....</b>	51
3.1. Levd liv .....	51
3.2. Utdanning og yrkesveg .....	52
3.3. Lien og Bygdefolkets Krisehjelp .....	53
3.4. Ein Quisling kvitrap i Kviteseid? .....	54
3.5. Kven var Olav Lien.....	58
<b>4. Tvidraget I Krisehjelpa .....</b>	61
4.1. Travle månader i 1933 .....	61
4.2. Seierstad og Lien i same båt .....	61
4.3. Kaste anker?.....	64
4.4. Smelteidelen.....	66
4.5. Ein opp og ein ned .....	67
<b>5. David, Olav og noko i mellom.....</b>	71
 <b>DEL III HEIMSYN.....</b>	73
<b>1. Bygdefolkets Krisehjelp var ikkje åleine .....</b>	75
1.1. Tida for fylking .....	75
1.2. Mellom arbeid og kapital .....	75
<b>2. Otta for omstøy .....</b>	77
2.1. Fedrelandslaget .....	77
2.2. Samfundsvernet.....	79
2.3. Selskapet Ny Jord .....	81
<b>3. Arbeidarrørsla.....</b>	83
3.1. Arbeidarpartiet .....	83
3.2. Mot Dag .....	85
3.3. Småbrukarlaget .....	87
<b>4. Vener og uvener: Mot ein middelveg .....</b>	89
4.1. Norsk trekant med mange sider .....	89
4.2. Krisehjelpa og dei andre .....	91
4.3. Bygdefolkets Krisehjelp: Moral som ideologi .....	93
<b>5. Ei lita hjelp i ei stor krise.....</b>	95
 <b>SLUTNINGAR.....</b>	97
<b>Kjelder .....</b>	103
<b>Litteraturliste .....</b>	105

## Føreord

Då eg skulle velje emne for masteroppgåva mi, var eg som mange andre litt i villreie. Eg hadde rett nok tid og stad, mellomkrigstida i Noreg, men ikkje meir. Eg kom til å tenkje på ei bok eg hadde sett i bokhylla heime då eg var yngre, *Bønder i kamp*. Eg dvela ei rid attpå, men kom etter kvart fram til at eg ville skrive om *Bygdefolkets Krisehjelp*, som boka handla om. To av leiarane der, David Seierstad og Olav Lien, hadde bakgrunn frå høvesvis Bondepartiet og Arbeidarpartiet, to av dei bitraste motstandarane på Stortinget fram til Kriseforliket i 1935. Dette måtte bli spanande, og det har det vore.

Arbeidet med oppgåva har vore tidvis gjevande, tidvis slitsamt og ofte gått tregt. Det er mange ikring meg eg vil takke for god hjelp og støtte. Fremst vil eg takke rettleiaren min, Ingar Kaldal, for gode råd og god hjelp til ein ustadic student som sjeldant visste å spørje. Vidare vil eg takke familien min for verdifull tiltru og særleg far min, Ståle Tangen, for gode faglege diskusjonar; han er jamvel lista i litteraturlista mi. Ein del av kjeldene eg har bruka er handskrivne brev som sume tider er uråd å lese. Eg vil takke for hans hjelp med å tyde ein del av dette; i denne samanhengen vil eg au takke to av medstudentane mine, Malin Frøystadvåg og David Orvik. Malin har i tillegg vore heilt sentral i utforminga av oppgåva i Word, som viste seg å ligge langt utanføre mitt fagfelt. Eg vil etter dette understreke at alle feil, om det er sitatfeil eller noko anna, er mitt ansvar. Dette gjeld au alle dristige slutningar og anna klanderverdig.

Midsund og Molde, april 2018

Morten Tangen



## INNLEIING

I denne framstillinga gjeng eg innpå liva til to formenn i organisasjonen Bygdefolkets Krisehjelp (BK), desse er storbonde David Seierstad på Lena og overrettssakførar Olav Lein i Kvitseid.

Krisehjelpa levde i ei kort rid frå 1931-1936, og hadde sine glansdagar i dei tre fyrste åra.

Seierstad og Lien hadde svært ulik politisk og sosial bakgrunn før dei kom inn i Krisehjelpa, og båe vart dømde for landssvik etter andre verdskrig. Eg har for det meste styrt unna å gå inn på landssviksakene; eg har derimot bruka dommane som kjelder til kven dei to aktørane var.

Landssvikdommane har vore godt nytte som kjelder, både til korleis dei to var og dei kva dei gjorde etter tida i Krisehjelpa.

Bygdefolkets Krisehjelp var ein organisasjon som skulle hjelpe bønder som var råka av den økonomiske krisa på 1920- og 1930-talet. Krisehjelpa var mangfaldig, som eg skal vise gjennom nettopp Seierstad og Lien. Organisasjonen var ein fargeklatt midt i og tvers over det politiske spekteret, og hadde noko til felles med alle fargar, men sleit med å samarbeide med nokon.

### Føremål og problemstilling

Oppgåva handlar om bønder mellom arbeid og kapital i det me gjerne kallar mellomkrigstida. Eg ser på korleis dei to mest sentrale leiarane i Bygdefolkets Krisehjelp, David Seierstad og Olav Lien, i ei tid med sterk politisk spenning sto fram som ulike ideologar som fann saman i striden for å stoppe tvangsausjonar av gardsbruk.

Føremålet med oppgåva er å vise korleis BK levde med motsetnader på fleire nivå, der Seierstad og Lien er døme på motsetnader med felles mål. Krisehjelpa var i sitt smålåtne omfang ein politisk smelteigel på mikronivå i eit samfunn som var prega av spenningar og omdanning frå det gamle til det nye. Eg vil finne ut noko om kva BK var og korleis BK var eller ikkje var tidstypisk. Optimismen frå 1905 var på 20-talet falma og krisetider og revolusjonsfrykt hadde teke over, mange hadde kjensle av ei uviss og trugande framtid. Mange fann trøyst og von i fortida. Eg siktar å seie noko på tre nivå.<sup>1</sup> Det fyrste er kva Seierstad og Lien tenkte og gjorde, nytte dette til å seie noko om samfunnet ikring dei, og vidare sjå på om korleis desse tankane og haldningane var uttrykk for djupare haldningar i ‘folket’.

---

<sup>1</sup> Det djupaste nivået er innimellom kalla *longue durée*-historie, altså historie om mentalitetar og langvarige strukturar. Det ‘grunnaste’ nivået er tilsvarannde kalla *histoire événementielle*, det me kan kalle ‘hendingshistorie’.

## Innleiring

Eg har vald denne problemstillinga:

*Korleis viser David Seierstad og Olav Lien dei politiske brytningane og samspela i Bygdefolkets Krisehjelp?*

Her skal eg sjå på liva til Seierstad og Lien for å seie noko om kven dei var, og kvifor dei hamna i same båten, altso i Krisehjelpa. Kva forma dei? Korleis tenkte dei? Utfylte dei kvarandre i samspel? Dette er det fyrste nivået.

Vidare skal eg sjå korleis Krisehjelpa, då gjennom Seierstad og Lien, passa inn i mellom andre samanslutningar som levde om lag på same tida. Var BK ein spontan kriseorganisasjon eller ein 'naturleg' del av det politisk-ideologiske bildet slik det utvikla seg i mellomkrigstida?

Det siste nivået er å sjå Seierstad, Lien og Bygdefolkets Krisehjelp som eit uttrykk for, ikkje berre politiske straumdrag i tida, men ein djupare kollektiv sjølvforståing.

Den fyrste avgrensinga mi er David Seierstad, Olav Lien og Bygdefolkets Krisehjelp. Det er desse tre som er relevante for denne framstillinga. Det hadde vore mogleg å sjå på fleire i eller utanføre Krisehjelpa, men det ville ha vore ei større oppgåve eller grunnare oppgåve. Til dømes kunne eg ha gått inn på einskildpersonar i dei andre samanslutningane eg ser på (i DEL III), for å sjå om eg fann 'liknande typar'. I utvalet av saker eg gjeng inn på har eg vore dels styrt av kjeldene; eg ser på 'saksgangen' frammot at Krisehjelpa og Nasjonal Samling gjekk inn ein avtale om å stille felles lister til stortingsvalet i 1933. Det er frå denne tida dei fleste skriv og brev eg har nytta er frå, og eg har difor au valt å hente avisartiklar frå same periode. Den skarpaste avgrensinga mi er valet i 1933, for sjølv om Krisehjelpa heldt det gåande til 1936, stoppar eg i 1933. Dette kjem av at Krisehjelpa kom 'opp som ei løve og ned som ein skinnfell', og eg ser mest på løva. Skinnfellen blir ei anna soge.

Framstillinga har tre delar, *teori og bakgrunn, kongen og kronprinsen, og heimsyn*. I den fyrste delen fortel eg litt om bakgrunnen for Krisehjelpa og kva ho var for noko. Eg seier litt om kva som har vore skrive før om Krisehjelpa og kva som har vore skrive om det politiske samfunnet elles; her presenterer eg ein modell for det politiske Noreg om lag 1905-1935, *Den norske trekanten*. Den andre delen inneheld to korte og målretta biografiar av David Seierstad og Olav Lien og ein gjennomgang av drøftingane føre stortingsvalet i 1933; her skal eg få fram kven desse to var og kva dei gjorde i BK. I den siste delen ser eg på andre smtidige grupper som er

antirevolusjonære, og grupper frå arbeidarrørsla. Dette er for å sjå i kva grad BK kan plasserast med arbeidarane eller dei antirevolusjonære. Sist seier eg noko om Den norske trekanten og om plassen til Bygdefolkets Krisehjelp.

## Om kjeldene

Det er tre hovudkjelder eg har bruka. Desse er:

- I Brev og andre skriv til og frå folk i Bygdefolkets Krisehjelp, i all hovudsak David Seierstad og Olav Lien. Dei kjem ifrå to boksar i Riksarkivet, nemleg NS-partiarkiv boks 20 og boks 21. I notane er boksane berre skrive som NS20 og NS21, so ein fotnote kan sjå slik ut: *Brev frå Lien til Seierstad 20/5-1933, NS20*.
- II To dommar i landssvikarkivet. For David Seierstad: «Vestoppland politikammer, Dommer, dnr. 889 og 890 – David Seierstad og Hans Seierstad» og for Olav Lien: «Telemark politikammer, A-nummer 723 – Olav Lien». Både desse er å finne i Riksarkivet. Eg kallar dommane for LSA Seierstad og LSA Lien.  
Landssvikdommane er godt sorterte og kvart dokument har eit nummer, og om saka er stor er det fleire nivå med nummer. Desse nummra nyttar eg i noteapparatet i tillegg til tittelen på dokumentet, for å gjere både skrivinga og lesinga lettare, so ein fotnote kan sjå slik ut: *«Rapport til hr. politimesteren i Vestoppland», D-2 LSA Seierstad, 2/7-1945*
- III Avisa «Bygdefolket» som var «Organ for Bygdefolkets Krisehjelp» med Olav Lien som redaktør. Avisa har, som andre aviser, mange som sender inn innlegg og det er ikkje alltid nokon forfattar er godskriven. Soleis har eg ikkje lagt stor vekt på kven som skriv, men heller på kva som er skrive. Dei fleste forfattarane som har signert er ukjende for andre enn dei som kjenner BK godt, og identiteten spelar heller inga rolle i denne framstillinga. Difor har eg berre teke med forfattaren i teksten der dei synast teneleg, so ein fotnote kan sjå slik ut: *«Reis deg nu norske bonde» i «Bygdefolket» 11/3-1933*

I tillegg har eg bruka nokre andre kjelder, som prinsipprogrammet til Arbeidarpartiet og nettstader og bilete av aviser, sjå i oppføringa av kjeldene.

Det er skrive to verk tidlegare om Bygdefolkets Krisehjelp, og som i stor grad har nytta det same kjeldematerialet som eg. Eg kjem attende til desse verka. Kaare Frøland (1962) nytta

## Innleiring

avisa «Bygdefolket», som han omtala som «særs nyttig».<sup>2</sup> Elles har ikkje eg nytta noko av det same som han. Jostein Nerbøvik (1991) nyttar i tillegg eit utval brev og skriv frå NS-partiarkiv (boks 20 og 21) og landssvikarkivet. Breva og skriva vart funne i ein kjeller på Hamar i 1980, og var soleis ukjende då Frøland skreiv sitt verk. Både desse nytta seg sjølvsagt med mange fleire kjelder enn det eg har gjort her. Eg har soleis ikkje nye kjelder, men eg vonar at eg har sett dei i eit litt anna lys enn før.

I arbeidet med oppgåva kom eg over ein film som godt syner ein del av tankegodset som kvervla i Krisehjelpa. Filmen heiter *Unge Viljer* og er frå 1943. Det er etter det eg veit den einaste filmen med målretta NS-ideologi som vart laga i Noreg under krigen. Denne filmen såg eg sopass seint i skriveprosessen at han vart nøydd til å spele ei avgrensa rolle i framstillinga; men for alle som er interessert i tematikken, er filmen spanande syning og overraskande god til å få fram bodskapen.

### *Filmen Unge viljer:*

*Walter Fyrst regisserte ein NS-film, den einaste under krigen. Filmen handlar om arbeidaren Jensen og sonen hans, sjefen hans direktør West og dottera hans og bonde Bjørn Storhaug. I tillegg kjem nevøen til Jensen, som melde seg inn i fagforeininga. Han fekk i oppgåve å skape uro på fabrikken til West, der Jensen arbeider. Jensen, som ikkje ville ha klassekamp, ville kome til ei ordning med direktøren, men endte med å misse jobben fordi fagforeininga ikkje ville ha han. West sat au i ein bankdireksjon som skulle kaste ut bonden frå garden sin. Der møtte sakførar Rastad, tydeleg med rolla til Olav Lien, opp for å snakke West til fornuft. Fånyttes.*

*Filmen ender med at arbeidar Jensen blir driven til sjølvord av kommunistane for å undergrave klassekampen, West får halde fram, men utan dottera som erving, for ho for av garde med arbeidarsonen for å bli bureisar på nybrottet til bonden Storhaug, han som tapte garden sin. Det er eit tydeleg skilje mellom den iskalde kapitalisten og fagrørsla, og ‘dei fornuftige’ i filmen. Kapitalisten tala om 17<sup>de</sup> mai og tradisjon i familiebedrifta, medan tradisjonen på garden til Storhaug kan han ikkje take omsyn til. Kommunistane i fagrørsla blir framstilte som gangsterar eller ein kult som berre vil skape trøbbel, der du må ha ein jobb for å vere med og du må vere med for å få jobb.*

<sup>2</sup> Frøland (1962): 12

## Om metoden

Historiefaget skil seg frå andre fag, på det viset at historikarar studerer det som har skjedd, og som no ikkje i seg sjølv er meir. Dette kjem av at historikarane studerer fortida, sjølv om dei ikkje er åleine om det.<sup>3</sup> Historikarar lyt difor sjå seg om etter det som kan fortelje noko om det han eller ho ynskjer å studere. Fortida legg att mange spor, og i mange samanhengar er det eit spørsmål om å velje ut det som er mest relevant. I denne utveljinga er det ein del viktige ting å tenkje på, dei to viktigaste heilt først er kor pålitelege spora er, og kor relevante dei er. I jakta på spor er det viktig å bruke fantasien, for alt fortel ei historie.<sup>4</sup> Spørsmålet er å tolke *kva* sporet seier. Spora seier ikkje noko sjølv, det er historikaren som tolkar frå spora han eller ho har.<sup>5</sup> Dette gjer at historikaren spelar ei stor rolle i faget, sidan det er hans eller hennar meininger som dels styrer tolkingane. For kven kan seie kva tolking som er mest rett? Dette gjer ikkje at alle tolkingar gjev like mykje mening; og det er her historikaren kjem inn. Historisk forsking dreier seg om å sjå spora i ein samanheng, med andre spor frå same tidsperiode og anna forsking.

Historikarar deler gjerne inn spora frå fortida i *leivningar* og *beretningar*. Dette er ikkje to typar spor, men to måtar å lese spor på.<sup>6</sup> Å sjå på noko som ei leivning er å tokle noko som situasjonen dette sporet vart til i, og kva situasjon det vart brukta i. Det kan vere ein avisartikkel, der du ser på kvar artikkelen er i avis, kva han handlar om eller korleis forfattaren ordlegg seg for å kome fram til kva om var vanleg eller viktig i samtidia. Om du les artikkelen som ei kjelde til informasjon, som eg har gjort ein del, brukar du artikkelen som beretning. Då er det viktig å ha i bakhovudet kven som skreiv og kva føremål han eller ho kan ha hatt. For det er i journalistikken som i historiefaget, at forfattaren meir eller mindre skjuler seg i teksten. Både David Seierstad og Olav Lien hadde både føremål og noko i bakhovudet då dei skreiv, medvite eller ikkje.

For å kome til botnar i kva som er skipeleg å tolke frå eit spor, som i historiefaget gjerne er ein tekst av einkvart slaget, nyttar historikarane gjerne ein *hermeneutisk metode*.

Hermeneutikk er læra om å tolke tekstar. Filosofen Wilhelm Dilthey skapte den klassiske hermeneutikken som ein metode for *åndsvitskapane*, dei humanistiske faga.<sup>7</sup> Han skilte mellom det å forstå, som åndsvitskapane søkte å gjere og det å forklare, som naturvitenskapane søkte. Der

<sup>3</sup> Kjeldstadli (1992): 98

<sup>4</sup> Kaldal (2003): 41

<sup>5</sup> Ibid (2003): 64

<sup>6</sup> Ibid (2003): 66

<sup>7</sup> Ibid (2003): 27, Krogh (2014): 34

## Innleiring

det å forklare handlar i stor grad om å finne årsakssamanhangar og setje opp lover som seier at visse årsaker fører til visse resultat. Medan det å forstå handlar om å kunne leve seg inn i fortida.<sup>8</sup> Det kan vere å sjå føre seg hendingar eller tenkje seg korleis menneske frå fortida hadde reagert på eitkvart. Med denne metoden vil forskaren sjølv bli veldig tydeleg. Det kan nok vere nyttig å styre litt mellom desse metodane, å forstå og å forklare; dette er for både å kunne generalisere og å kunne peike på det særegne ved det du undersøkjer.

I prosjektet mitt har eg i alt bruka skriftlege kjelder; dei viktigaste er lista opp framom. Eg har bruka ein del brev, mest frå Olav Lien til David Seierstad og andre. Frå breva fekk eg fram ein del tankar om korleis særleg Lien ville ha det, og korleis han ville gå fram. I tillegg er ein del av breva skrivne som svar på brev som eg ikkje har; eg kan likevel trekke ut ein del kva mellom anna Seierstad hadde skrive til Lien. Eg har sett på fleire brev, og lagt merke til kva som er nemnt, datoane mellom breva og ikkje minst på kva måte det er skrive. Særleg Lien er flink til å ‘formulere fram’ viljen eller bodskapen sin. Dette fører meg inn i fallgruvene i det å studere brev i denne samanhengen. Forfattaren har eit føremål, om Lien ynskte at Seierstad skulle gjere eitt eller hitt, kunne han vri på sanninga. Det gjer at eg må ha i bakhovudet at ikkje alt dei skriv i breva er påliteleg. So når Lien skriv at det er Seierstad som har fått bøndene til å samle seg, er dette truverdig for Seierstad, men det viser neppe heile biletet. Kanskje er det tilmed misvisande. Det vil ikkje seie at det er unyttig, for det fortel ein del om forfattaren og synet forfattaren har på motakaren av brevet. Avisartiklane har eg i stor grad bruka som breva, også både som beretning og leivning. Eg har nemleg sett på kva avis «Bygdefolket», det vil seie Lien og innsendarar, har sett på som viktig, og bruka innhald og formuleringar for å avdekke politiske eller ideologiske førestillingar. Dette er for å kome folka, mest Seierstad, nærmare inn på livet. I tillegg har eg lese ein del av artiklane som kjelder til kva som hendte.

Til sist er det landssviksakene, som dreg med seg ein del ideologisk ballast, både frå krigen og frå dei sterkt anti-nazistiske rettsoppgjera dei vart til i. Delvis på grunn av dette, men like mykje på grunn av at min periode stoppar i 1934, har eg bruka rettsdokumenta mest som beretningar; om kva Seierstad og Lien dreiv med. Deretter har eg sett det i hop med andre kjelder for å danne eit biletet av dei, som eg brukar vidare.

For meg har det vore viktig med eit samla syn. Kvar kjelde har ikkje åleine gjeve meg mykje anna enn døme, medan omdømminga av alt samla har gjeve meg eit rikt biletet av samtidia.

---

<sup>8</sup> Kaldal (2003): 27

# **DEL I**

## *Teori og bakgrunn*



## 1. ÅGRIPI AV EI BROSTID

Me kan seie at alle tider og tidsbolkar er ei slags brotstid, eit brot mellom det gamle som framleis lever og det nye som bryt seg fram. Det nye kan vere ny teknologi, nye styringsformer, nye sosiale hierarki eller ander endringar eller nyskapingar i eit samfunn. Like vel er det nokre tider som er meir merkte av desse brota mellom det nye og det gamle eller brota mellom ulike måtar å ‘vere ny’ på. Eg vil meine at mellomkrigstida i Noreg, og elles i Europa, var ei slik brotstid; ho var merkt av kampen mellom arbeidarar og kapitalistar, mellom dei som såg attover til ei gyllen fortid og dei som såg fram mot ei utopisk verd og mellom småkårsfolk og byeliten. Oppi alt dette stod bøndene, som både var ein del av og var råka av tida dei levde i.

### 1.1. Ketil Eika i Telemark<sup>9</sup>

*Born av deim, som bygde Landet,  
er paa Tuftom endaa til;  
Garden stend i gamle Standet,  
bygd og bøtt som Bonden vil<sup>10</sup>*

Opp i ei fjellside i Bø i Telemark budde ein stri gardbrukar med familien sin. I 1918 hadde Ketil Eika ganske nyleg teke over farsgarden, og kom til å dra på seg gjeld. Som so mange andre bønder både i Bø og i Noreg. Den nye mekaniske tida var på veg inn på tunet til dei tusen gardane i landet, ofte bokstavleg. For å fylgje med i tida laut mange gardbrukarar og fiskarar gå med hua i handa og spør banken om pengar, med auka forteneste i horisonten. Det var nok dette som gjekk av Ketil Eika i 1918. Pengepolitikken til Noregs Bank gjorde gjelda hans berre større og større utover 1920-talet. Ketil visste å take i eit tak når det galt, og garden i dalsida fekk inn meir enn andre gardbrukarar. Heile familien var med for å halde garden gåande. Alltid på pengepolitikkens nåde. Men med sviktande prisar på mat var ikkje dette nok, i 1926, etter år med hardt arbeid, tok banken over garden og selde han på tvangsausjon. Kona Aaste kjøpte att garden til 65 000 kr. Korleis dette gjekk til veit eg ikkje. Ulukka til familien Eika var like vel ikkje over. Gjeldsskuggen låg framleis over familien. Det gjekk eit år, og Ketil laut gjere noko

<sup>9</sup> Heile underkapitlet er tufta på to artiklar i avisa «Bygdefolket», «Når Gvarv Privatbank likviderer» (10/9-1932), og «Den berømte utkasteselsforretning i Bø, Telemark» (17/9-32). Historia har au vore førebilete for utkastinga av odelsbonden Bjørn Storhaug i NS-filmen «Unge Viljer» frå 1943. Jf. Nerbøvik (1991): 176

<sup>10</sup> Frå diktet «Gamle Norig, nördst i Grendom» av Ivar Aasen

med gjelda, på ein eller hin måten. Han hogg ein del tømmer i gardsskogen, nesten meir enn skogen kunne tole. Salet bøtte på ein del av gjelta.

I 1928 råka sjukdom familien; dei hadde arbeidd for hardt på så- og haustemarkene og i skogen. Fire vart sjuke. No var stoda trøysteslaus på garden, men Ketil Eika gav ikkje opp. Sjølv ikkje då stormen kom i 1930 og bles ned det siste han åtte av skog. No var det ikkje tenkjeleg å hogge noko der på fem og tjuge år. Like etter dette var banken på igjen, med nye krav. Ein slektning av familien la ut 3 000 kr til banken og redda garden for denne gongen. Banken hadde no utarma både garden og folket. Banken slo seg ikkje til tols med det. Garden skulle under hammaren. Ketil freista å få i stand ein avtale med banken, men banken nekta alle tinginar før banken sjølve åtte garden. So banken fekk take over garden, men braut løftet om ein kjøpsavtale med Ketil. Då kom Bygdefolkets Krisehjelp på banen. Men nei. Banken stod på sitt; likvidasjon! Ikkje noko av det flittige arbeidet bonden hadde gjort, spelte lenger noka rolle. Ketil og Aaste hadde ein son som var tæringssjuk (tuberkulose), og helserådet i Bø bad banken om at familien i minsto kunne bu på garden til det vart råd å finne sømmeleg husvære i bygda. Banken avslo, og familien skulle ut. Då kom den ivrige distriktslege Blom Bakke på banen, og la ned forbod mot å kaste ut den arme tuberkuløse og familien. Sjølv ikkje det var nok, lensmannen lyste ut at at Ketil Eika måtte ut. Heile grannelaget ynskte at Ketil skulle bu på Eika, og ville ikkje ha noko å gjere med ein ny eigar.

So kom dagen, 9<sup>de</sup> september 1932. Ketil Eika stod opp som vanleg klokka fire. Han gjekk ein runde på garden han ikkje lenger åtte. Våningshuset, jorda, uthuset, alt har han og faren bygd opp, og no stod han der på sitt eige slit med to tomme hender. Klokka ni kom det ein bli, det var overrettssakfører Olav Lien og ein til frå Bygdefolkets Krisehjelp. Denne dagen førte alle vegar til garden Eika, og folk kom strøymande. Til fots eller med sykkel, attpåtil kom det to bussar og ein lastebil inn på tunet. Nærmare ti kjem lensmannen. Det er to menn som manglar. Det er banksjefen og sakføraren hans. Den lovføre Olav Lien seier at ingen kan bli kasta ut om den andre parten ikkje ein gong møter opp. Lensmannen er samd. Det vart ingen utkasting på Eika 9<sup>de</sup> september 1932. «En varm strøm av styrkefølelse livet dem op».<sup>11</sup>

Slike forteljingar var bakrunnen for Bygdefolkets Krisehjelp. Eg gjeng ikkje vidare i korleis det gjekk vidare med Ketil Eika i Bø, men han er slett ikkje ukjent i krisehjelplitteraturen. Mellom anna har Jostein Nerbøvik omtala saka og omstenda ikring henne ein del fyldigare enn

<sup>11</sup> «Den berømte utkasteselsforretning i Bø, Telemark» i «Bygdefolket» 17/9-32

her.<sup>12</sup> Det var heller ikkje noko mål for meg å finne ut av korleis det gjekk vidare. Historia om Ketil Eika viser kvifor Bygdefolkets Krisehjelp vart stifta og hadde ei rolle i samfunnet, sett frå krisehjelparane sjølve. Men korleis såg samtidene ut? Kva var denne gjelda som berre vart større? Kva var bakgrunnen for dette?

## **1.2. Krisetid: Rygg attende til gullet**

Fram til 1914 var det gode tider i Noreg, pilene peika oppover og stadig fleire fekk det betre. Industrien utvikla seg, framstega kom på rekkje og rad, arbeidarane fekk betre kår og bøndene dura sin vande takt på åker og eng. Det var ikkje like gode tider for alle før 1914; men tidene var *relativt* betre enn tidene særleg etter krigen (1914-1918). Frå 1914 er biletet vanskelegare. Då vart mange rike, men dei fleste fekk det vanskelegare. Endringane i prisar og løningar var ikkje alltid gagneleg, og mange kom ikkje heim frå sjøfarten. Under krigen kan me sjå at ei endring har to sider. Låge løningar er därleg for dei som fær dei og bra for dei som gjev dei, og omvendt for prisane. Seinare er ikkje krisebiletet like rett fram.

Etter fyrste verdskrigen kom Noreg inn i ei økonomisk krisetid. Denne krisetida varte meir eller mindre fram til slutten av 1930-talet. Det var like vel ikkje same krisa gjennom heile mellomkrigstida; det er snakk om tre ulike og dels overlappande kriser. Det var arbeids- og lønskrisa, priskrisa og gjeldskrisa. I jordbruket arta det seg ved at prisane på det bøndene kunne selje gjekk ned, medan prisane på det bøndene kjøpte ikkje gjekk like mykje ned. Oppå dette la gjelta seg. Sumt vart det uråd å gjere opp gjelta grunn vere den avstytta innkoma deira. Låge prisar åleine kunne bonden bere, so krisa i landbruket var, slik som me såg med Ketil Eika, i all hovudsak ei gjeldskrise.

Krisa hadde fleire grunnar, og det vil vere uråd å føre alle her. Overgangen til fredsøkonomi var ikkje smertefri for dei krigførande maktene, og særleg Tyskland vart hardt råka. Dette førte til ein kollaps i verdshandelen. Fred krev ikkje like mykje som krig, so det vart mindre handel. Krigen hadde vore gode tider for industriherrane og skipsreiarar, som tente (på) dei krigførande rika ute i verda med skipsfart og industrivarar. Kring 1920 var festen over og nokon laut betale. Arbeidararar miste jobbane sine eller, om dei var heldig, fekk avkorta løningane sine (arbeids- og lønskrisa). Økonomar og statar freista på ulike vis å gjere

---

<sup>12</sup> Nerbøvik (1991): 160ff

pengeverdiane stabile.<sup>13</sup> Direktøren i Noregs Bank, Nicolai Rygg, såg det difor naudsynt å vinne lit til krona både i Noreg, men viktigare, i utlandet. Noreg har, på denne tida som no, ein særleg open økonomi og er difor avhengig av utanlandsk tillit til krona for at økonomien skal leve sunt. For å få dette til freista Noregs Bank å få krona til pari kurs og attinnføre gullstandarden.<sup>14</sup> Det vil seie at verdien på krona skulle opp til nivået før krigen, målt i gull. Tanken i tida var at gullstandarden var ein viktig del av bakgrunnen til dei gode tidene før krigen. Grunn vere omsynet til den utanlandske tilliten til krona sågst det ikkje heldig å setje ned mengda gull ei krone var verdt. Dette ser ut til å ha to sider, den fyrste at det kunne svekke den viktige tilliten ved at vekslingsmengda gull ikkje var fast, for det andre ser det ut til at Rygg ser på førkrigsparet som ein ‘naturleg’ kurs for krona.<sup>15</sup> Det kan verke som om Rygg og mange andre økonomar nærmast var frelst om tanken på førkrigsparet som reddninga for nasjonen.

Paripolitikken fekk mykje å seie for bøndene, kanskje særleg småbøndene. Når ei krone stig i verdi, vil au prisane i reine tal gå ned. Om Ketil Eika hadde eit lån, ville han kunne bøte på den gjelta med 44 øre per liter mjølk (1918) eller 55 øre (1920).<sup>16</sup> Den harde lina som Rygg førde, gjorde at renta gjekk opp og prisane ned (30 øre i 1926), og det vart tungt og tidd uråd for bønder å gjere opp gjelta. Bøndene hadde fått seg gjeld med verdifattige kroner og laut no gjere opp med store og dyre kroner, som grunn vere krisetidene elles i samfunnet ikkje var so lette å få tak i. Ein bonde som ikkje kunne betale for seg kunne vere tvinga til å selje garden eller buskapen på tvangsausjon.

Noreg vart ein moderne nasjon i mellomkrigstida, på mange vis. Eg har allereie hinta på to vis, mekaniseringa og den økonomiske omlegginga. Vidare kan eg leggje til industrialiseringa, urbaniseringa og den strukturelle omlegginga. Den siste inneber at det vart skipa lag og organisasjonar med leiarar og styre og utval osb. Stortingspartia er døme på dette. Desse moderniseringsprosessane tok til lenge før 1918, men mange av dei skaut fart då. Ikkje minst vart staten større og trygder og andre statlege ordningar vart formaliserte. Gardsdrifta var meir marknadsretta, det vart skipa samvirketiltak som meieri og slaktarhus rundt om på bygdene.

Samstundes med dette solte nordmenn seg i lyset frå frigjeringane (Statsrådssaka og unionsoppløysninga). Desse hendingane var toppar, men langt i frå slutten på *nasjonsbygginga*.

<sup>13</sup> Kjeldstadli (1994): 173

<sup>14</sup> Dahl (1975): 38

<sup>15</sup> Sejersted (1973): 30

<sup>16</sup> SSB, udatert

## 2. OMGREP

Før me gjeng noko vidare lyt me stoppe innom og greie ut nokre omgrep. Det er uklåre grenser mellom omgrep, som bør vere definert, og fenomen, som bør vere forklåra som ein del av det historiske biletet. Omgropa eg her greier ut om kan soleis bli teke med som ein del av det historiske biletet. Eg har vald å gå gjennom tre omgrep, *nasjonalisme*, *nasjonsbygging* og *det moderne gjennombrotet*. Dette er tre ovringar som merkjer tida frå i alle fall slutten av 1800-talet og fram til andre verdskrig (1939-1945). Alle desse har flakkande definisjonar, og treng soleis å kvessast mot emnet i denne framstillinga.

### 2.1. Nasjonalisme

Nasjonalisme har mange definisjonar; og det kan vere mange ting. Ikkje minst er det ulike vis å dele opp nasjonalisme i dei mange variantane. Me har i Noreg tala om ‘høgrenasjonalisme’ og ‘venstrenasjonalisme’; på kontinentet som tysk ‘etnisk’ nasjonalisme og om fransk ‘juridisk’ nasjonalisme.<sup>17</sup> Endå kan me snakke om den liberale og den konservative nasjonalismen. Nasjonalismen er innvoven i ulike og motstridande politiske retningar.<sup>18</sup> Nasjonalisme er ikkje ein ideologi som andre, der er inkje sett av sams verdiar eller idéar.<sup>19</sup>

Historisk trekker nasjonalisme attende til tida kring den franske revolusjonen, og sjølv om den moderne nasjonalismen nok har fleire opphav, vil eg ikkje sjå på fleire enn to.<sup>20</sup> Nemleg den kring den franske revolusjonen og den kring den tyske romantikken.<sup>21</sup> I denne tidlege bolken rundt år 1800 dreidde nasjonalisme seg om folkeleg frigjering mot eige styre (den franske revolusjon) eller mot framandt styre (Noreg, 1814); denne forma for ‘liberal’ nasjonalisme lever vidare. Den norske venstrenasjonalismen som kjempa fram parlamentarismen i 1884 og oppløysinga av unionen i 1905, var ein variant av dette. Den andre varianten, den me kan kalle den ‘kulturelle’, fekk eit litt anna preg. Det galt å skape eit nasjonalt samhelde, dette var gjerne ‘ovanfrå og ned’, der eliten freista å finne nasjonale særtrekk som kunne tene som lim i folket.<sup>22</sup> Språk, levevis og verdiar kan vere fellestrekke.

---

<sup>17</sup> Østerud (1994): 20f

<sup>18</sup> Østerud (1991): 33

<sup>19</sup> Heywood (1992): 136

<sup>20</sup> Fleire meiner at ‘nasjonal identitet’ fanst lenge før dette. Jf. Kåre Lunden «Fanst det ein nasjonal identitet i mellomalderen» i Nielsen (1994): 22-39

<sup>21</sup> Østerud (1991): 36

<sup>22</sup> Ibid: 35f

Vidare er det snakk om ein nasjonal fellesskap; med felles historie og lagnad.

Nasjonalisme handlar om sjølvheving eller å gjere oppatt historia, å vinne att gamal stordom.

Døme kan vere den tyske samlinga i 1871, som hadde augo attende til Det tysk-romarske riket. I Noreg såg me attende til Noregsvelde på 1200-talet, men det er noko anna som er meir interessant. Det er idéen om *bonden som kulturerbar*. Gjennom dansketida hadde Noreg vore utsett for framande embetsmenn, lover og statstell, men bøndene rundt om bar lykta gjennom firehundreårsnatta, slik ein del kunne sjå det. Det fanst ingen landadel og borgarskapen i byane var tungt påverka frå dansk. På den sjølveigande bonden i ‘dalom’ og kring ‘fjordom’ stod arven etter nettopp det sjølvstendige Noreg. So den ‘tapte stordomen’ som nasjonalistar skodar etter, levde gjennom bonestanden. Dette leidde både til bondekampen for demokratiet, der bøndene sikta å take i bruk staten; men au motstanden mot staten, som var leivningar etter framandt styre.

Eit stort spørsmål i nasjonalismen er kva var nasjonen, eller kva skulle han vere. I Noreg var spørsmålet om kva *Noreg* var. Her kjem dei ulike retningane i strid, og me skal sjå litt meir på dette i neste avsnitt om «nasjonsbygging».

## 2.2. Nasjonsbygging

Ei grein av nasjonalisme er *nasjonsbygging*. I ein tidsbolk frå i god tid føre 1814 og i alle fall fram til Gerhardsen-perioden var nasjonsbyggingstida; då nasjonsbyggjarane dreiv på. Øystein Sørensen (1998) skriv om 14 nasjonsbyggingsprosjekt i Noreg, frå denne tidsbolken. Me kan dele prosjekta inn to grupper, dei *liberale* og dei *konservative*. Desse stridde om kva nasjon dei skulle byggje, for nasjonsbygging handlar om å byggje ein nasjon, i vid meinings. Det galt å byggje ein identitet, eit folk og eit rike. Lykelord er skuleverk, opplysning og ikkje minst fellesskap. Men kva slags fellesskap? Nokre, mellom andre Bjørnstjerne Bjørnson, hevda at me laut sjå framover; ikkje bruke



Bilete 1: "Med Gud for Hjem og Fædreland. Løft i Flok saa kan I bære Folket op til Fremtids Ære!". Slike bodskapar hang på veggen i mange norske heimar rundt 1905. Biletet er frå Sunnfjord Muséum

krefter på kva som hadde vore.<sup>23</sup> Andre meinte at det var her du fann det rette norske. Her er eit stor skilje mellom dei liberale og dei konservative nasjonsbyggjarane.

Det er den attoversynte og konservative nasjonsbygginga som er viktig her. Denne er tufta på idéen om at det fanst ei tid før ulukkene; som kunne vere unionstid, modernisering, kapitalisme eller revolusjonsfare. Det var tida før strenge reguleringar frå staten eller før bankane tukla med renta for so å kaste bøndene frå gardane sine. For mange vart det viktig å kjempe mot tvangsauskjonane, ikkje berre i otte forå misse gardane sine (eller til nokon nærskyld); like mykje av di bøndene opplevde at dette var i strid med gamal norsk lov og rett. Bønder attende til reformasjonen gjorde motstand mot det dei meinte var i strid med gamal rett, som altso levde i sinna til bøndene sjølv.<sup>24</sup> Denne sjølvforståinga som frie bønder med ei indre rettskjensle var med på å styrke dei konservative nasjonsbyggingstankane i fleire tiår etter århundreskiftet. Johan Ernst Sars (1835-1917) tala om den «urgamle personlige Frihed og Eiendomsret», som i seg sjølv viser at dette var ein utbreidd tanke i hans samtid.<sup>25</sup>

### **2.3. Det moderne gjennombrotet**

Ein interessant observasjon er ikkje berre at nasjonsbygginga var todelt, men at var ein viktig del av moderniseringa. Oppbygginga av mellom anna skulevesen som skulle danne folket i nasjonen, og gjere folket medvitne på kulturarven som dei bar, var i seg sjølv ein led i moderniseringa. Dette er det fyrste hintet i denne framstillinga om at det moderne og det tradisjonelle ikkje alltid var motsetnader. Tidt kan me snakke om å verne det tradisjonelle ved modernisering og omvendt. Dette kjem me attende til seinare.

Kva var då moderniseringa, eller «det moderne gjennombrotet», som mange seier om perioden 1870-1920?<sup>26</sup> Moderniseringa har to grunnrøter, opplysningsidéane og industrirevolusjonen. Desse to strøymingane var innovovne i kvarandre og drog samfunnsutviklinga på 1800-talet som ei stor tosse. Men sjølv *gjennombrotet* er mindre abstrakt og lettare å handtere. Det moderne gjennombrot handla om ny teknologi, nye styremåtar, nye sosiale strukturar, nye produksjonsmåtar og mykje meir. Inge Krokann (1893-1962) skriv ein del

<sup>23</sup> Sørensen (1998): 37

<sup>24</sup> Jf. omtale av ein studie av Jørn Sandes i Nerbøvik (2000): 119

<sup>25</sup> Sitat frå Nordby (1991): 71

<sup>26</sup> Årstala varierer. Jf. Nordby (1991)

om at det nye øydelegg det gamle og verdifulle.<sup>27</sup> Men det viktigaste er kanskje at mange slike endringar kom meir eller mindre samtidig og i stor skala. Desse ulike felta som kvar for seg gjekk gjennom ei modernisering, var alle ein del av éi utvikling og dei påverka kvarandre. Kva som er årsak og verknad skal ikkje vere tema her; det vil vere spørsmålet om høna og egget, og den hønsegarden skal eg vike unna.

Felta som er sentrale i denne framstillinga er *pengevesen, organisering og staten*; og tilgrensande felt. Ny teknologi og spesialisering i landbruket førte til større investeringar. Bøndene kunne no ikkje lenger sjå frå onn til onn, men laut planleggje meir langsiktig.<sup>28</sup> Gardsbruka gleid no sakte frå å vere sjølvforsyningsbruk til å bli marknadsbruk (sjølv om det ikkje må vere nokon motsetning mellom desse). Landbruket vart innvovet i det veksande penge- og bankvesenet. Dei lånte i banken for å gjere innvesteringar for etter auke inntektene sine. No kjem me over til organisering. For etter kvart fekk bøndene felles interesser, og den var fråskild dei andre samfunnsgruppene *borgarane* og *arbeidarane*.<sup>29</sup> Pengevesenet gjorde bøndene avhengig av noko utanføre garden. Bondevenen Søren Jaabæk (1814-1894) var den fyrste til å organisere bøndene nasjonalt rundt 1870, og fleire stader hadde det vore lokale bondesamband. Bondestanden, arbeidarklassen og borgarskapen organiserte seg på nasjonalt nivå høvesvis i Norsk Landmandsforbund, Arbeidernes faglige Landsorganisasjon og Norsk Arbeidgiverforening. Ei ny tid var i emning. Tre grupper verna om sine økonomiske interesser mot kvarandre, men like viktig: Overfor staten. Bøndene hadde fram mot statsrådssaka i 1884 og endåtil etter di kjempa seg til makt i staten. Bøndene tok i bruk dei rettane dei hadde i Grunnlova. Sakte gjekk staten frå å vere ein fjern fiende til noko ein kunne stille krav til. Nattvektarstaten gleid mot velferdsstaten i vår periode. Dette var både årsak og verknad av at bøndene toga inn på Stortinget.

---

<sup>27</sup> Krokann (1982)

<sup>28</sup> Nordby (1991): 13


<sup>29</sup> Ibid

### 3. BYGDEFOLKETS KRISEHJELP

*Hvis jeg har sett lenger enn andre, er det fordi jeg står på skuldrene til kjemper*

-Isaac Newton

Det var sumt sterke reaksjonar på rentepolitikken til Noregs Bank, både frå bønder og arbeidarar; Bygdefolkets Krisehjelp var ein av desse reaksjonane. Det var ei debitorrørsle som voks ut or gjeldskrisa i landbruket. Ho hadde sterkest fotfeste på austlandet og særleg i Telemark og Vestfold. Føremålet var å hjelpe bønder som var råka av krisa.<sup>30</sup> Det finst to verk skrivne om organisasjonen Bygdefolkets Krisehjelp. Det eine, *Krise og kamp*, er skrive av statsvitaren Kaare Frøland i 1962 og det andre, *Bønder i kamp*, skrive av historikaren Jostein Nerbøvik i 1991. Ser me på andre omtaler av Krisehjelpa, mellom anna i *Arbeider, Bonde, våre hære...* (Kjeldstadli 1978), er desse to verka standardverk for Bygdefolkets Krisehjelp, og det er etter kva eg veit berre desse som har nytta primærkjelder i noko utstrakt grad.



Bilete 2: Oppslagsplakat for Bygdefolkets Krisehjelp (Frå NS20)

<sup>30</sup> Frøland (1962): 9

### 3.1. Om Bygdefolkets Krisehjelp<sup>31</sup>

Bygdefolkets Krisehjelp var ei samanslutning av bønder som stod saman for å stoppe tvangsausjonar, slike som me såg med Ketil Eika. Formannen dei fyrste åra, David Seierstad, skreiv at «[d]et er den nuværende landbrukskrise som har skapt ‘Bygdefolket’».<sup>32</sup> «Nuværende» siktat til krisa tidleg på 1930-talet. Krisehjelpa vart skipa 31<sup>te</sup> oktober 1931 i Handelsstandens store sal i Oslo. Det var fåe sterke personar som rådde over Krisehjelpa. To av desse, David Seierstad og Olav Lien, er hovudkarakterane i denne framstillinga. David Seierstad var formann i styret, medan Olav Lien var formann i Arbeidsutvalet. Krisehjelpa hadde tre maktorgan, Rådet, Styret og Arbeidsutvalet. Rådet, som er «organisasjonens høieste myndighet» var samansett av 50 mann frå fylkesstyra.<sup>33</sup> Det skulle velje formannen og var elles «rådgjevande og kontrollerande på same tid.»<sup>34</sup> Formannen her var arbeidarpartimannen Carl A. Madsen, han spelte ei avgrensa, men forvitneleg rolle i denne framstillinga. Styret, leidd av David Seierstad, hadde ein medlem frå kvart fylkeslag. Det hadde eit litt skodderåka mandat til å «handle på organisasjonens vegne».<sup>35</sup> På mange vis var styret eit vesleråd. Arbeidsutvalet stod for det praktiske arbeidet. Formannen her var Olav Lien. Det var han som kom inn på tunet til Ketil Eika, som eg nemnde i starten, og det var han som skulle finne ut korleis BK skulle opptre ved valet i 1933, som me kjem attende til i DEL II. I tillegg hadde Krisehjelpa eit organ eller avis, «Bygdefolket», som kom ut kvar laurdag frå midten av 1932. Her var Olav Lien redaktør dei fyrste åra, og i alle utgåvene eg ser på. Utan å take for mykje på førehand gjekk det til at BK skipa paritet *Bygdefolket* i samband med stortingsvalet. Dette partiet gjekk i valsamarbeid med Nasjonal Samling, som både skapte indre splid og førte til eit dårlegare valresultat.

Krisehjelpa hadde medlemer over heile landet, men tyngda av medlemer og aktivitet var på austlandet, med Telemark som midtpunkt.<sup>36</sup> Det finst dei som i samtida meinte at BK hadde opptil 200 000 medlemer, men seinare overslag seier 8-12 000. Sympatisørskaren var nok ein del større. Kampsaka om å få stopp i tvangsausjonane og levelege og rettferdige kår på bygdene fall i god jord hjå mange; mange var råka eller visste om nokon som var det. Dei aller fleste som levde av landbruk, husmann eller bonde, kom dårleg ut av pengepolitikken. Mange kjende seg

<sup>31</sup> Avsnittet er tufta på Frøland (1962), Nerbøvik (1991) og artikkelen «Bygdefolkets Krisehjelp» i Pax Leksikon

<sup>32</sup> «Til Bygdefolkets lesere» i «Bygdefolket» 24/12-1932

<sup>33</sup> Brev frå Lien til Nasjonal Samling 14/7-1933, NS21

<sup>34</sup> Nerbøvik (1991): 90

<sup>35</sup> Ibid: 89

<sup>36</sup> Ser me i «Bygdefolket» er det mellom anna artiklar både frå Møre og Nord-Noreg

nok lurte av staten. Bankane gav dei ein katt og no laut dei gje att ein tiger. Og sentralbankdirektør Rygg stod med kraftføret.

Bygdefolkets Krisehjelp skauv ikkje av vegen å bruke radikale verkemiddel; til og med ulovlege eller i alle fall metodar på kanten av lova. Det var sosial utfrysing av dei som hadde kjøpt tvangsselde gardsbruk, eller aktivt å hindre lensmannen i gjere jobben sin, men viktigast var nok å møte opp på auksjonane berre for å spreie frykt mellom dei oppmøtte, og den politiske agitasjonen. I alle fall det siste var nokso harmlaust.<sup>37</sup> Alt kan me sjå i lyset av den nasjonale bløminga i tiåra føre, der bonden stod heilt sentralt. Det galt å verne dette ibuande verdifulle mot alt som skulle byte det ned; og «hvis ikke dette rettes på, så fortærer de verdier som ennu finnes», kan me lese i dokumentet over.<sup>38</sup>

Etter at samarbeidet med NS vart gjort kjent, kom det sterkt motstand, sterkest frå Madsen. Det var mange som fylgte honom utor Krisehjelpa, særleg dei som sokna til Arbeidarpartiet. Krisehjelpa heldt fram, men ho var sterkt svekt. Nasjonal Samling fekk aldri taket på bygdene, slik Krisehjelpa gjorde. No var Seierstad og Lien sett på som pådrivarar for Nasjonal Samling. I mars 1934 tok Lien over formannsstolen etter Seierstad, og etter at Lien ikkje tydeleg nok gjekk inn for at BK skulle vere upolitisk, tok fylkeslaga til med å handle på eiga hand. Året etter gjekk Lien av, etter å ha gått inn for å løyse opp BK. No var det berre skinnet att av den store Bygdefolkets Krisehjelp, alle ekskluderte alle, og i 1936 var det slutt.

### **3.2. Kaare Frøland: *Krise og kamp***

Frøland set seg føre å finne ut av kva hadde BK å seie som kriseorganisasjon for dei kriseråka bøndene og kva som låg bak samarbeidet mellom BK og Nasjonal Samling. Han deler verksemda til Krisehjelpa inn i den politiske og den faglege. Han gjev inga tydeleg grense mellom dei, men den faglege skriv han som «krisehjelpens [...] umiddelbare kamp for formålene». <sup>39</sup> Verket er retta mot den politiske sida; sjølv om han undersøkjer både det faglege, nemleg ‘verknadene’, og det politiske, nemleg samarbeidet med NS. So korleis verka Krisehjelpa? Det er vanskeleg å seie, sidan kvar krisehjelpssak var ulik hi sak, «gjeldsforhold,

---

<sup>37</sup> Det finst døme på at plakatar vart ulovlege, til dømes «buskerudplakaten», som vart omtala fleire gonger i «Bygdefolket»

<sup>38</sup> Skriv til «Folket i Norges bygder» frå NS20 (Jf. bilet 2)

<sup>39</sup> Frøland (1991): 11

renteforhold [...] kreditors personlighet og lynne [...]» og meir.<sup>40</sup> Det er like vel utvilsamt at BK hadde ein vesentleg verknad. Frøland skriv om ein «moralnorm» som Krisehjelpa var med å byggje.<sup>41</sup> Det var blitt moralsk «forkastelig» å take over ein gard som urett var gått under hammaren. Det var tidd nok at ein gjeng krisehjelpsmenn møtte opp på ein tvangsausjon, so vart det uråd for andre enn gardseigaren å by. Grunn vere dei moralske normene BK hadde vore med å setje, men au ei otte for fylgjene. Krisehjelpa stilte seg ganske trugande opp kring «eventuelle Judasser», og sjølv om nokon torde å by på ein gard, hadde dei sosial boikott i vente frå sambygdingane.<sup>42</sup>

For det andre spørsmålet om samarbeidet med NS, var BK først prega av å vere upolitisk før det mot dette gjekk i samarbeid med NS ved stortingsvalet i 1933. Eg kan liste opp tre punkt som Førland legg vekt på i dette spørsmålet: *Program, pengar og personar*. Dei gamle partia hadde for det første ikkje vist seg i stand til å føre nokon leveleg politikk. No hadde BK spurta dei direkte om korleis dei stilte seg til partiet Bygdefolket. Berre Bondepartiet svarte, og dei svarte ikkje «tilfredsstillende».<sup>43</sup> Alle stortingspartia var no ute av biletet. Nasjonal Samling gjekk inn for alle krava til BK. Nasjonal Samling var i tillegg villig til å ‘kjøpe’ Krisehjelpa. BK var sjølv tynga av gjeld, og pengane frå NS var kjærkomne. Det tredje punktet handlar om personane. Mange sterke personar såg med von til Quisling, og desse omgjekk tidvis motstandarar i leiinga for å få til ei samling med NS. Heilt til slutt skriv Frøland at NS ikkje greidde å fange opp BK og gjere NS sterkare. «Svaret mitt er nærmere *nei* enn *ja*.»<sup>44</sup>

### **3.3. Jostein Nerbøvik: *Bønder i kamp***

I motsetnad til Frøland sitt verk, som tek føre seg Bygdefolkets Krisehjelp i seg sjølv, skal Nerbøvik sjå BK som eit uttrykk i mellomkrigstida meir årment. Bønder i kamp tek utgangspunkt i at «det verkelege livet handlar om menneskelagnader».<sup>45</sup> Nerbøvik søker med eit vidt perspektiv å finne ut av korleis det stod til ute på bygdene og korleis folk opplevde røyndomen i krisetida. Krisa var ikkje berre gjeld og pari, «krisa var ein sum av ulykker og

---

<sup>40</sup> Frøland (1962): 224

<sup>41</sup> Ibid: 225

<sup>42</sup> Sitat av ein «krisehjelpsmann» i Frøland (1962): 225

<sup>43</sup> Frøland (1962): 181

<sup>44</sup> Ibid: 230

<sup>45</sup> Nerbøvik (1991): 12

lidingar»<sup>46</sup> Han ferdast ein del med omgrepet «krisemedvit», som nettopp handlar om korleis særleg bøndene opplevde krisa og levestandarden i høve andre grupper i samfunnet eller til folk i framfarne tider. Korleis vurderte bøndene sin eigne styrke til å slå gjennom i politikken, og til sist korleis slo dette ut i handling.

Kva han kjem fram til er litt mindre ryddig enn hjå Frøland. Bygdefolkets Krisehjelp var inga politisk døgerfluge, sjølv om ho ikkje levde lenger enn krisa. Krisehjelpa var eit uttrykk for krisa, og som ein organisasjon levde ho ikkje lenge; men ho flaut på og utløyste meir varige politiske reaksjonar. Fyrst og fremst er det tale om endringane i den politiske mentaliteten i året rett føre Kriseforliket i 1935, men det er au tale om straumdrag attende fleire tiår. I slutninga set han BK oppimot liknande rørsler i andre land; og set soleis BK inn i ein internasjonal samanheng og som ein del av noko større enn berre ein protest mot gjeld og tvangsauksjonar. BK lèt seg ikkje lett merkje av politiske omgrep som «radikal» eller «konservativ», i rørslene kring BK laut det ikkje vere ei motsetning mellom desse. Menneska i BK hadde ideologisk bakgrunn i ‘venstrestaten’, i ‘bonde-sosialismen’, kulturkonservativismen og det var overlapp med andre lag som Fedrelandslaget. Nerbøvik kallar BK for eit lappeteppe, der «[...] både ulven og lammet beitte på same marka».<sup>47</sup>

Mange av dei som seinare kom inn i BK var med i ulike lag i hop med arbeidarar, og Nerbøvik talar om ein fyrste radikal fase under parolar om «arbeidere og bønder, foren eder».<sup>48</sup> Arbeidarar og visse krinsar av bøndene hadde ein sams fiende, den økonomiske politikken til regjeringa og sentralbanken. I Telemark, med ein sterk Venstre-tradisjon, kjende mange seg svikne av Venstre, som tidt sat med makta i Oslo. Dei greidde ikkje å kome ut or krisa og fleire var opne for nye antikapitalistiske og antiparlamentariske grunnsteinar for økonomi og politikk. Bak BK låg det både idéar om den borgarlege front mot sosialismen og på hi sida idéar om samvokster og einskapsfront frå den sosialistiske venstresida; men au ein rikspolitisk samlingstanke. Bondesamfunnet synast truga frå to kantar, frå industrien og det moderne, og frå arbeidarrørsla.

Bygdefolkets Krisehjelp fekk utetter eit noko anna preg. Krisa var ikkje berre økonomisk, det var like so ei kulturkrise. Oppfatninga i visse krinsar av BK var at krisa ikkje berre førde med seg økonomisk liding for bøndene, men at heile bondesamfunnet stod i fare for å rakne.

---

<sup>46</sup> Nerbøvik (1991): 12

<sup>47</sup> Ibid: 284

<sup>48</sup> Ibid: 282

Trugselen mot den kulturelle identiteten var endå ein grunn til å stå saman mot fienden, som heitte modernisering, for å seie det med eitt ord. BK var radikal for å verne det tradisjonelle og det trygge, det norske bondesamfunnet, eller kanskje heller idéen om det norske bondesamfunnet.

## 4. BONDESTANDEN OG DEN NORSKE TREKANTEN

Det emnet eg skriv om er, som alle andre emne, ein del av eit større biletet. Eigentleg er det del av mange større biletet. Emnet er ein del av norsk bondehistorie, som i seg sjølv har mange slike biletet; det er ein del av nasjonsbygginga, moderniseringa eller demokratiseringa. Om me ser utviklinga frå eit marxistisk perspektiv, ser me kanskje at det er undertrykte som kjempar mot ein økonomisk og politisk elite; eller hegeliansk, der ein ny generasjon sosio-økonomiske tenkjarar utfordrar meir konservative krefter som finst i bondestanden. Dette gjer at emnet grenser med eit utsal andre emne, og har lett for å hamne i den fallgrava at emnet blir for vidt. I dette kapitelet skal eg gå over eit utval tidlegare forsking på *det større biletet*. Fyrst tek eg føre meg det politiske biletet, med ‘Den norske trekanten’ og vidare endringar i denne. I den siste bolken skal eg sjå på moderniseringa og dei nasjonale motstanden.

### 4.1. Ei politisk tredelt tid

I band 10 av Aschehougs Norgeshistorie skriv Knut Kjeldstadli om «et splittet samfunn», eit samfunn splitta i tre. Det økonomiske, sosiale og kulturelle samfunnet var delt mellom borgarar, arbeidarar og bønder; arbeidarane og industrisamfunnet var på frammarsj medan bonestanden vart tilsvarende svekt.<sup>49</sup> I perioden mellom unionsoppløysinga og Kriseforliket endra makta og samarbeidet seg mellom dei tre delane, men ingen fekk noko overtak. Denne delinga er ei utviding av arbeidar-kapitalist-dikotomien. Når bøndene stend i fokus, er to-delingsa lite teneleg; fordi «[b]øndene kom i en klassemessig mellomstilling. De kunne gå sammen med borgerskapet, men like gjerne med arbeiderklassen [...]»<sup>50</sup>, og difor kan dei ikkje seiast å vere i eintydig fellesskap med korkje arbeidarane eller kapitalistane.

Eit samfunn med tre kantar gjev høve til samarbeid og skiftande syn på kvarandre. Som me skal sjå var det store endringar i korleis gruppene såg på kvarandre, særleg bøndene gjekk gjennom store vendingar. Trekanten tok over for andre skiljelinjer, mest framståande mellom Høgre og Venstre, altso mellom embetsstand og bonestand. Arbeidarane voks opp som ein klasse frå tida etter unionsoppløysinga.<sup>51</sup> Dei vart talrike og hadde eigne interesser og braut soleis med Høgre – Venstre-konflikten. Arbeidarane kom og gjorde lina om til ein trekant med

---

<sup>49</sup> Kjeldstadli (1994): 11

<sup>50</sup> Kjeldstadli (1978): 105

<sup>51</sup> Nielsen (2011): 46

tre polar. Dette var trøbblete; arbeidarane var hovudmotstandaren for både bøndene og borgarane, men dei fekk med tida meir velvilje frå særleg dei låge lag av bøndene. Som me skal sjå, heldt ikkje dette ‘samarbeidet’ mot arbeidarane; bøndene ‘skifta side’.

Dei tre polane hadde ulike interesser etter kva dei levde av, *jord – kapital – arbeid*, om me skal fylgje May-Brith Ohman Nielsen (2001, 1997). Ein av dei store motsetnadene mellom bønder og arbeidarar i starten var jo pris på mat, bøndene ville ha prisar til å leve av og arbeidarane ville ha prisar dei kunne leve med. Storbønder ville dessutan ha låge løningar på arbeid, sidan dei ofte heldt drengar til gards. Borgarane var gjerne delt mellom desse to spørsmåla, pris og løningar. Dei ville ha låge prisar med arbeidarane og låge løningar med bøndene.

Eit døme som viser skiljet mellom dei tre interessene er *kornspørsmålet* på 1920-talet. Då Venstre stod ved roret under krigen (1914-1918) hadde staten fått kornmonopol, det vil seie monopol på import av korn. Kanskje med Terje Vigen i bakhovudet hadde statsminister Gunnar Knudsen skipa ei førebels ordning der berre staten kunne importere og omsetje korn, ingen skulle ro til Danmark eller betale krigshøg marknadspris på korn. Etter krigen svelt dei sjølv i kornkammeret Russland, so det var brei semje på Stortinget om å støtte norsk korndyrking. Venstre ville halde fram med dette etter krigen og fekk støtte frå Arbeidarpartiet. Høgre ville innføre ein høg ‘vernetoll’ på korn og Bondepartiet ville innføre ein korntrygd, ein slags subsidie på korn.<sup>52</sup> Her er det tre løysingar frå tre kantar.<sup>53</sup> Skiftande fleirtal på Stortinget gjorde at alle tre løysingane vart prøvde i ulike blandingar utover 1920-talet.

Dei tre sidene i Den norske trekanten var spegl i dei store partia på Stortinget; Venstre, Høgre, Arbeidarpartiet og Bondepartiet. Rolla til Venstre er noko uklår, men dei kan best seiast å stå i midten av trekanten, for dei Venstre kunne finne på å stå opp for både bonde og arbeidar, og samstundes ha eit borgarpreg.<sup>54</sup> Det kan me au sjå i at Venstre skalla av til alle kantar i dei fyrste tiåra av førre århundre.

Bøndene skilte seg ut frå arbeidarane og borgarane med at dei var mindre homogene. Det fanst naturleg nok arbeidarar som tente meir enn andre og fanst både storborgarskap og småborgarskap. Skal du dele eit heilt samfunn i tre delar er det ikkje mogleg å kome unna store

<sup>52</sup> Eller «betaling for å ete graut», som Arbeidarpartiet kalla det. Kjeldstadli (1994): 189

<sup>53</sup> Skilja mellom kven som lente seg til kvar løysing fylgjer ikkje alltid partilinene, til dømes var det mange i Bondepartiet som ville ha korntoll, Furre (2000): 47

<sup>54</sup> I avhandlinga «Jord og Ord» er det ei liste over saker i Stortinget og korleis partia røysta. Her kjem det både fram at det er ei tredeling av norsk politikk og at venstre heng litt med på alle. Nielsen (1997): 695ff

skilnader innom dei tre delane; det er heller ikkje lett å famne absolutt alle. Like vel skil bondestanden seg ut med å vere særleg variert, og har tydelege overlappar med både borgarskapen og arbeidarrørsla. Ein storbonde på flatbygdene eller i Trøndelag hadde kanskje meir til felles med ein fabrikkherre i Oslo enn ein småbrukar i ein eller annan fjord på Vestlandet. Parallelt hadde nok småbrukaren, husmannen eller skogsarbeidaren fleire sosioøkonomiske fellestrekk med arbeidaren enn med dei større bøndene. I dette kan me sjå eit ‘borgar-arbeidar-skilje’ i bondestanden, like mykje som i samfunnet elles. Bondestanden var i tillegg meir spreidd enn borgarane og arbeidarane, dei var jo meir samla i byane og rundt fabrikkane i byar og bygder. Dette gjer at «bønder er uhyre tunge å organisere, tyngre enn noen annen del av befolkningen», som Olav Lien skal ha sagt.<sup>55</sup>

#### **4.2. Bønder på polvandring**

Den norske trekanten var ikkje nokon stabil trekant. Som nemnt framom opna ein trekant for ulike samarbeid. Ein av dei større endringane i trekanten har May-Brith Ohman Nielsen skrive om. Nemleg der bøndene vandra frå kapital til arbeid. Ho måler eit dramatisk biletet av livet i Bondepartiet fram til namneskiftet i 1959. Det kom til å bli ei ‘nyordning’ i tankegodset i Bondepartiet frammed 1920-talet, og innanføre denne framstillinga, au i heile bondestanden.<sup>56</sup> Det omtala ‘borgar-arbeidar-skiljet’ i bondestanden galt au i Bondepartiet, og dei dominerande i partiet var først ‘borgarvenlege’, men det endra seg. Nielsen (1997 og 2011) skriv om tre steg i bondepartiet fram mot Kriseforliket; då partiet var styrt av høvesvis «kornidealisterne», «melkepragmatikerne» og utpå 1930-talet «kystreformistene». Desse tre retningane levde samstundes, men styrken mellom dei endra seg. Eg skal gjere biletet ein del enklare og snakke om ‘dei eldre’ og ‘dei yngre’, der ‘dei eldre’ var konservative med hovudfienden i *sosialismen*, var dei ‘yngre meir’ løysingsorienterte med hovudfienden i *kapitalismen*.

I brodden for ‘dei eldre’ var Johan E. Mellbye, ein storbonde med tilknyting til høgborgarskapen og med bakgrunn i Høgre.<sup>57</sup> Det var mange likesinna i Bondepartiet. Nielsen knyter dei til «talenes tid».<sup>58</sup> Idéane til desse karane kvervla om biletet av den stolte og frie norske bonden, ein motstand mot Arbeidarpartiet nesten utan etterhald og om ‘bondetanken’. Eit

<sup>55</sup> Eit sitat av Olav Lien i artikkelen «Bygdenes økonomi og arbeidsliv» skriven av ein «kriserammet Bonde» i «Bygdefolket» 23/7-1932

<sup>56</sup> Det synast å vere teneleg å sjå endringane i Bondepartiet som målepinne for heile bondestanden

<sup>57</sup> Rovde, 2009

<sup>58</sup> Nielsen (2001): 174 og fleire

viktig trekk var at dei minder bøndene «måtte [...] ‘forsøke å forstå’ denne ‘bondetanken’». <sup>59</sup> Den sterke mann, føraren eller kanskje ‘frelsaren’, skulle tale om den samme veg, og bøndene skulle lytte. Mellbye såg seg sjølv som denne mannen. Bonden skulle vere sjølvhjelpt og turvte ikkje stønad eller subsidiar frå staten. Bøndene var ryggrada i samfunnet og dei skulle ha evna til å leve av jorda si. Mellom ‘dei eldre’ var det av same grunn liten vilje for å skrive ned gjelda til bøndene, bøndene skulle stå for sitt ord og betale. Slike store tankar om bøndene rådde det tidlege Bondepartiet.

Utover 1920-talet bles det ein ny vind over Bondepartiet, og tids var det rett gjennomtrekk. Vinden var raudlet. ‘Dei yngre’ toga inn i viktige sete. Dei var meir løysingsorientert, og kunne finne på å semjast med arbeidarane. Det synast at ‘dei eldre’ meinte det var viktigare å røyste imot arbeidarane enn å vere for sine eigne meininger.<sup>60</sup> ‘Dei yngre’ var ikkje overraskande meir moderne, og hadde teke opp i seg tankar frå arbeidarane. Dei var meir demokratiske (ingen frelsar), saklege og materialistiske. *Klassetanken*, som ‘dei eldre’ forkasta, seig inn mellom dei yngre. Bøndene stod fram meir som ein klasse, i staden for ‘den frie norske bonden’ var det no massemobilisering for bondesaka. *Bonde* var no meir eit yrke, der det før var ein livsstil. Difor skulle dei kjempe for same innkoma og støtteordningane som lønstakarane fær. Like vel skal eg ikkje overdrive nytenkinga, i praktisk politikk var endringane mindre men markante. Nyorienteringa var meir pragmatisk. Dei kunne samarbeide med Arbeidarpartiet og dei såg heller ikkje staten som ein fiende, som dei gamle ofte gjorde. I retorikken var det kanskje større endringar enn i politikken. Når ‘dei eldre’ tala og skreiv blømde det av patos. Når me kom inn i det Nielsen (2001) kallar «tabellenes tid», la ‘dei yngre’ meir vekt på logos.

#### **4.3. Modernitet og nasjonsbygging**

Jamsides Den norske trekanten og endringane der, var det ein isfront mellom det gamle samfunnet og det nye. I mellomkrigstida, i alle høve fram til 1935, var striden mellom det gamle bondesamfunnet og det nye industrisamfunnet djup og ikkje avklara.<sup>61</sup> Denne motsetnaden *gamal – ny* delte trekanten i to delar, der arbeidarane og framsynte borgarar hadde voner til det nye, medan konservative borgarar og bonestanden heldt seg til det gamle som rettesnor. Det nye samfunnet, eller det moderne gjennombrotet, tura inn over landet som ei fylgje og som del av


---

<sup>59</sup> Nielsen (2001): 123

<sup>60</sup> Ibid: 109

<sup>61</sup> Kjeldstadli (1994): 14

fleire prosessar, der dei drivande nok kan seiast å vere den andre industribylgja og demokratiseringa på siste del av 1800-talet. Som i overgangen mellom bonde – arbeidar – borgar, var det ikkje tette skot mellom dei fram- eller attoversynte. I tillegg var det, som eg har nemnd, inga naudsynt motsetning mellom modernisme og tradisjonalisme.



*Figur 1: Den norske trekanten, figuren er utforma etter framstillinga i Kjeldstadli (1994). Her ser det ut til at borgarane stod i midten, men det skjuler mange nyansar.*

Mange bønder såg med skepsis mot det moderne. Ein utbreidd tanke var at bondesamfunnet stod for det trygge og stabile. Krokann skreiv i 1942 at «[roa] vart skipla eller heilt sundrivi då industrialismen skylde inn over landet».⁶² Roa var det bøndene som stod for; dei var det tradisjonelle samfunnet. I ei tid med store endringar, stod bøndene langt framme i «det tradisjonelle samfunnets selvforsvar mot de økonomiske og sosiale endringene».⁶³ Dette hadde utslag i mellom anna at dei tok i bruk statsmakta, nettopp for å byggje ned staten og auke sjølvstyret. Konsesjonslovene, som både skulle verne norske verdiar og bremse industrialiseringa, er eit anna døme. Dette er like vel ikkje heile forteljinga.

Bøndene var i stor grad med på moderniseringa, og me kan seie at bonestanden var like delt som nokon annan gruppe både i synet på og praktiseringa av det moderne. Ein del ville

<sup>62</sup> Krokann (1982): 118

<sup>63</sup> Nordby (1991): 135

bremse og styre moderniseringa, andre ville dra nytte frå marknaden.<sup>64</sup> Det synast like vel at det ikkje alltid er råd å dele desse gruppene opp i to fine kakestykke. Mange bønder ville ha i pose og sekk. Dei selde gjerne til høgstepris og kjøpte ny slåmaskin, samstundes som dei kjempa mot at borgarane bygde ut fossekraft eller industri. Mange organiserte seg som ein klasse, og stod fram som ein stand; og dei tala om bonden «under Guds frie himmel».<sup>65</sup> Ikkje all modernisering var tilskikta: Med den nye teknologien vart landbruket meir og meir ein del av pengeøkonomien og marknad og lønsemdu valsa inn i bondesinnet. Ved å byggje ned staten, bygde dei han opp.<sup>66</sup> Som arbeidaren tok bøndene fatt i fana og gjekk saman for bondesaka. Dei omtala endringane i bondepartiet er døme på dette, det fremste her er nok at bøndene valde å gjere seg nytte av den moderne organisasjonsforma og stadfesta etter kvart bøndene som ein sosio-økonomisk klasse.<sup>67</sup> Alt dette gjorde det lettare å halde fram som bonde i det moderne samfunnet. For å kunne vere bonde, laut bonden bli meir som lønsarbeidaren; eller for å halde fram som før, laut bøndene tilpasse seg det nye.

Var bøndene jaga inn i moderniteten? Det kan sumt verke litt sånn. Den moderne industrien la press på alle næringar om å vere meir effektive. Som eit døme vart heile landet pressa inn i ei tidssone då «Log um sams normaltid» vart vedtekt i 1894.<sup>68</sup> Dette var i tråd med ei utvikling der arbeid etter klokka tok over etter naturen som rettesnor i arbeidet.<sup>69</sup> Heller var det ikkje ei uvanleg oppfatning at bøndene såg på moderniteten som ein slavedrivar, «rentetrell» og «gjeldsslaveriet» var ofte brukt i Bygdefolkets Krisehjelp. Like vel er det liten tvil om at mange bønder såg med velvilje på nye kampformer, ny teknologi og nye marknader. Og dei vart fleire med tida.

«I Norge har der i de siste menneskealdre funnet sted en sterkt kapitalistisk utvikling».<sup>70</sup>

Denne setninga finn me i partiprogrammet til Arbeidarpartiet i 1930. Kapitalismen hadde utvikla seg i kjølvatnet av store teknologiske og sosiale endringar. Industriarbeidaren såg framover mot eit betre samfunn. Kanskje der han fekk verdien av arbeidet sitt i staden for ein

<sup>64</sup> Nordby (1991): 80

<sup>65</sup> Utdrag av eit sitat av Johan E. Mellbye. Nielsen (1997): 15

<sup>66</sup> Nordby (1991): 149

<sup>67</sup> Nielsen (2001): 9

<sup>68</sup> Log um sams normaltid er lova som seier kva klokka er og at ho er det same i heile landet. Før dette hadde folk stilt klokken sine etter sola

<sup>69</sup> Jf. «det var vanskeleg å få [skogsarbeidarane] til å tilpasse seg fast arbeidstid». Kaldal 1995

<sup>70</sup> Aps program 1930

liten lønningsspose? Arbeidarane kjempa for «folkets og framtidens Norge».<sup>71</sup> Dei gamle tankane om det gode samfunnet var seigliva og sjølv om arbeidarane helst såg framover, var det ikkje berre framtida som opptok dei. Mange arbeidrarar på 1920-talet drøynde om eit lukkeleg gardsliv på eit småbruk.<sup>72</sup> Jamvel var det mange arbeidrarar som vart bureisarar og arbeidarpartiет såg på dette som eit godt tiltak. Det gamle bondesamfunnet med sjølveigande småbønder var god klassepolitikk.<sup>73</sup> Den gamle bondekommunalismen var betre enn moderne kapitalisme.<sup>74</sup> I sitatet frå partiprogrammet framom, kan me kanskje tolke det slik at utvikling og kapitalisme gjekk hand i hand, og at det difor ikkje alltid var best å sjå framover, mot eit meir klassedelt samfunn.

Idéen om at det ikkje var råd å vere rett lukkeleg i byen levde godt. Liknande tankar hadde mange frå borgarskapen, dei ville ofte bu som godsherrar. Generaldirektør Sam Eyde kjøpte seg ein herregard i Vestfold, diktaren Knut Hamsun kjøpte Nørholm i Aust-Agder og mange andre trødde opp same stien.

Delinga eller motsetninga mellom det moderne og det tradisjonelle er vanskeleg å finne. Mellom bønder bak slåmaskiner og lån i banken og arbeidrarar som vart bureisarar er det i beste fall ei krøkt line. I tillegg til at dei fleste nok var både moderne og tradisjonelle på ulike felt samtidig, kom den utilsikta moderniteten. Nemleg den moderniteten som var ei fylgje av tradisjonalismen.<sup>75</sup>



<sup>71</sup> Frå songen «Frihetens forpost» av Arne Paasche Aasen

<sup>72</sup> Kaldal 1983, og jf. arbeidarsonen i filmen «Unge Viljer» som ville bli bureisar

<sup>73</sup> Kjeldstadli (1978): 218ff

<sup>74</sup> Jf. Marx' tankar om det klasselause «primitive samfunn». Idéen var at ursamfunnet var klasselaust før det gjekk over i «slavesamfunnet». Etter fleire utviklingssteg var samfunnet no i den kapitalistiske fasen og den var mogen for å take steget inn i den endelege klasselause kommunismen. Skirbekk og Gilje (2000): 430f

<sup>75</sup> Dette kjem eg attende til i DEL III



## 5. BROSTID I NOREG

Mellomkrigstida er ei tid der det nye trefte det gamle. Nye kampformer, nye pengesystem, ny teknologi og mykje meir. Dette ser ut til å ha prega tida. Der til dømes pengane før hadde ein fast verdi, kunne dei no flakke mellom himmel og jord. Det var ei fylgje av dei nye oppgåvane staten tok på seg, og ein del av sentraliseringa. Dønningane etter dei nasjonalromantiske bylgjene på 1800-talet og etter 1905 skylte inn over landet som nostalgisk nasjonalisme. På 1920-talet var dei gode tidene før 1914 tekne over av revolusjonsfrykt og kriser. Mange gav moderniteten skulda for dette. Men frykt for nokon er kanskje von for andre. Det synast at samfunnet er delt i to, gamle og det nye; for mange ville løyse problema gjennom det moderne, medan andre ville attende til tida før vanskane kom. Kor skarpt dette skiljet er, kjem eg attende til i DEL III. Samfunnet var au delt mellom tre polar eller interesser, *bønder, arbeidarar og borgarar*, Den norske trekanten. Denne delinga kan me sjå på Stortinget med Bondepartiet, Arbeidarpartiet og Høgre.

Den norske trekanten var ein makttrekant, for dei tre interessene kjempa for å kunne påverke staten mest mogleg; ingen fekk overtaket. Viktig for oss er at trekanten ikkje var stabil, både makttihøva og korleis polane såg på kvarandre endra seg. For bøndene vil det seie at når ‘dei yngre’ tok over for ‘dei eldre’ i Bondepartiet, opna det for å samarbeide med arbeidarane. ‘Dei eldre’ ville at bonden skulle drive fritt frå staten og andre skipplingar, medan ‘dei yngre’ ville at bonden skulle vere lønsam, gjerne med hjelp frå staten.

I dette samfunnet vokste Bygdefolkets Krisehjelp fram, ut av krisene og tilskodarskarane på tvangsaauksjonane rundt om. BK var ei samanfatning av folk som mislikte at bønder vart kaste frå gard og grunn, og dei sette seg føre å stoppe dette.



## **DEL II**

*Kongen og kronprinsen*



## 1. TO HOVDINGAR

*David fra Opland  
vardene tente –  
lyste da luen  
over Norriges land  
Olav frå Telemark  
budstikken sendte,  
stander i striden  
som urædde menn*<sup>76</sup>

### 1.1. Kva er det med David Seierstad og Olav Lien

Eg skal her take føre meg tre emne. Dei to fyrste er Seierstad og Lien, der eg søker å først kople dei ifrå Bygdefolkets Krisehjelp. Eg vil sjå på personane og liva, og då siktar eg til heile livet. Eg skal setje opp ein stutt og målretta biografi om kvar av dei. Kapitla er delt opp med eit eige innleiande underkapittel og eiga slutning som svarer på *kven var David Seierstad og kven var Olav Lien*, som er dei viktigaste spørsmåla i denne delen. Vidare er liva deira delt i tre delar, nemleg *før*, *under* og *etter* Bygdefolkets Krisehjelp. Eg deler det slik av di det skal vere lettare å halde oversikt over kva som hender når og for å kunne samanlikne dei lettare. Attåt er det *Bygdefolkets Krisehjelp* som er dreiepunktet, og eg vil sjå kva som leidde dei inn til BK og kva som fylgte etter.

Seierstad og Lien høydre til to generasjonar, Olav Lien er nokre år yngre enn eldstesonen til Seierstad; det gjer at Seierstad har eit lengre liv før Krisehjelpa og Lien eit i alle fall meir omfattande liv etter. Seierstad og Lien levde i ei brotstid, der det gamle støytte med det nye. På eitt vis kan me sjå det gjennom dei. Seierstad kunne som ung treffen på menneske som var fødd kring 1800 og som soleis opplevde og kanskje hugsa Napoleon og i alle fall hungersnauden kring 1811, medan generasjonen til Lien levde heilt fram mot tusenårsskiftet og kunne før dei fylte 100 år få opplevd at Johan Olav Koss tok OL-gull på Lillehammer i 1994, og jamvel sett dei fyrste sidene på Internett.

Det siste eg skal gjere er å føre hovudkarakterane ‘ned på jorda’ og inn i Krisehjelpa. Eg vil sjå på samspelet, skilnadene og livet i BK. Krisehjelpa vart drega i to retningar, mellom anna av Seierstad og Lien, det eg har kalla eit *tvidrag*; det skal eg sjå på i den siste delen, korleis ho

---

<sup>76</sup> Dikt i «Bygdefolket» 18/3-1933, jf. Frøland (1962): 45

levde i ein del skiljelinjer, altso mellom gamalt og nytt; ung og eldre; radikalt og konservativt; organisert og laust; ideologisk og spontant; Seierstad og Lien; arbeid og kapital.

## **1.2. Arbeidar! Bonde! Støe, sterke**

Det er nokre rike karakterar som har noko med Bygdefolkets Krisehjelp å gjere; kanskje særleg i leiarskapen. Når eg har vald desse to krisehjelpsmennene, David Seierstad og Olav Lien, har det i hovudsak to grunnar. Den fyrste grunnen er at Seierstad og Lien ikkje berre var i leiarskapen, dei var mellom dei heilt fremste, som formann og formann i arbeidsutvalet. Soleis var dei kanskje meir enn nokon andre definerande for heile BK. Den andre grunnen, som nok er meir interessant, er at desse to på mange vis var rake motsetnader, den eine var det hin ikkje var og omvendt. Vidare kan eg kanskje seie at kvar av dei stod for kvar sin kant i Den norske trekanten til Kjeldstadli, som deler heile det norske mellomkrigssamfunnet i tre interesser, bønder, arbeidarar og borgarar. Seierstad, som ein del av ‘bygdeadelen’, kan her seiast å lene seg til borgarskapen og Lien, sjølvlært jurist og tidlegare arbeidarpartimann, kan seiast å lene seg til arbeidarklassen, sjølv om han ikkje var å renke som ein typisk arbeidar. Berre ifrå dette kunne ein lett tru at desse var politiske motsetnader. Like vel fann desse saman i den tredje kanten, der Bygdefolkets Krisehjelp nok synast å sokne til. Seierstad såg det tilmed som ei styrke at han og Lien hadde so ulik politisk bakgrunn, BK var trass alt tverrpolitisk.<sup>77</sup>

Det so gjer Seierstad og Lien endå ein grann meir interessant er at det ikkje berre var den politiske bakgrunnen som skilde dei ifrå einannan, dei var ulike på nærast alle plan. Seierstad var ein idealist som var oppteken av ord medan Lien var meir handlingsorientert og oppteken av resultat. Ein kan vere freista til å sjå på Seierstad og Lien som yin og yang, to motstykke som utfyller einannan og som innan BK ikkje heilt fungerer utan den andre. Litt som å seie ingen dag utan natt, kunne me seie ingen Seierstad utan Lien eller omvendt. Me skal ikkje stramme strikken rundt dei for mykje, men heller tenkje at dei var viktige i å prege Krisehjelpa.

---

<sup>77</sup> Nerbøvik (1991): 98

## 2. DAVID SEIERSTAD

No skal me bli litt meir kjent med formannen i Bygdefolkets Krisehjelp, David Seierstad. Eg skal her lage eit portrett av honom, om kva han gjorde og kva han meinte og i enden kome litt nærmare spørsmålet om kven han var. Føremålet er å kome inn på kva slags person dette var og so langt det er råd seie noko om kvifor han levde som han gjorde. Kva rolle han hadde i sjølve Krisehjelpa er i hovudsak omtala i eit eige kapittel, der han og Olav Lien sitt virke blir sett på saman.

### 2.1. Levd liv

David Seierstad var fødd 12<sup>te</sup> februar 1867 i Østre-Toten. Han hadde to systrar, Mina Amalie og Klara;<sup>78</sup> dei voks opp på Bortigarden Serstad, ein av dei største gardane på Toten. Garden låg, og ligg framleis, like utanføre tettstaden Lena. Familien Seierstad var ein av dei meir velståande familiene i bygda og høyrd til den gamle overklassen på landsbygda eller ‘bygdeadelen’ som endå i hans tid var tydleg i samfunnslivet. Vinteren 1885-86 gjekk han på Sagatun Folkehøyskole, som også var «samlingsstedet for tidens fremste menn».<sup>79</sup> Her trefte han mellom andre Bjørnstjerne Bjørnson, som såg Seierstad som ein komande Venstre-formann på Opplanda. Slik endte det derimot ikkje. Som me skal sjå kom han til å ha ein finger med i mykje av det som hendte på Toten og var ein av ‘bygdas beste menn’. Han gifte seg 22 år gammal med den to år yngre Helene Sæter i 1890, og dei fekk fem born i åra 1891 til 1906. Året etter dei gifte seg tok han over farsgarden Serstad, ein rømlege gard dengongen med 22 kyr og 5 hestar.<sup>80</sup>

Sjølv med ein stor gard, som med tida berre vart større og som nok kravde sitt bal arbeid, heldt han seg ikkje berre til gardsdrift. Som andre storbønder dreiv han mest med andre syssel enn garden. Seierstad var ein synleg og tiltøken mann i bygda. Allereie i 1890-åra var han involvert i bygdestyret og i styret til Østre Toten Landbrugsforening, som seinare vart ein del av Norsk Landmandsforbund. I åra som fylgte vart Seierstad med i Høire og representerte partiet etter kvart i heradsstyret, før han melde seg inn i det nyskipa Bondepartiet i 1921.<sup>81</sup>

Han gav sønene sine garden, eller i alle fall ansvaret for honom, på slutten av 1920-talet. Etter kvart vart han stadig meir oppteken av gjeldskrisa på landsbygda, som gjorde at han vart

<sup>78</sup> Geni, 2018

<sup>79</sup> Brev frå Halvard Oudenstad til Kaare Frøland 10/2-1955, KFA A-1167

<sup>80</sup> Ibid

<sup>81</sup> Ole Christian Haugs noteringsbok

ein leiande figur mellom oppgjevne og vonbrotne bønder på Opplanda; og som i enden førte til Bygdefolkets Krisehjelp.



*Bilete 3: David Seierstad og barnebarnet Helene Johanson på tunet framom kåret «Valhøi» på Lena rundt 1934. Biletet er henta frå Mjøsmuséet*

## 2.2. Bondehovding på Toten

Det fyrste møtet med det politiske livet fekk kanskje David Seierstad vinteren 1885-86 han gjekk på Sagatun Folkehøyskole. Her viste han ein viss gaum til det nyskipa Venstre, som dengongen var bøndenes parti og stod imot byelitens parti, Høgre. På Sagatun trefte han som nemnd fleire namngjetne karar, so som Bjørnson. Dette var innleiinga til ein langt og etter måten innhaldsrikt politisk liv, der han hadde ein fot i det meste som hendte i det politiske livet på Toten og var heller ikkje usynleg utover totenbygdene. Han blanda seg i rikspolitikken mellom anna ved at han var utsending til regjeringa og Stortinget etter eit bondemøte på Gjøvik og ikkje minst gjennom Bygdefolkets Krisehjelp.<sup>82</sup> Det er sagt om David Seierstad at han hadde «nær sagt utallige tillitsverv i de forskjellige økonomiske organisasjoner og bedrifter», og det er kanskje ikkje langt frå sanninga.<sup>83</sup> Lista over alle verv han hadde i ulike verksemder og lag er imponerande, og det kan kanskje med fyrste augnekast sjå ut til at formannsvervet i Bygdefolkets Krisehjelp berre var eit verv mellom mange. Eg veit ikkje kor oppteken han var i

<sup>82</sup> Nerbøvik (1991): 57

<sup>83</sup> Brev fra Oudenstad til Frøland 10/2-1955, KFA

alle dei hine stillingane sine, men eg kan seie at gjeldskrisa i bondesamfunnet, tvangsauksjonane og dimed Bygdefolkets Krisehjelp hadde ein serleg merksemd hjå Seierstad.<sup>84</sup>

Allereie som ung gardbrukar var Seierstad med på å kjempe for bøndene og deira stilling i samfunnet på 1890-talet, som me kan sjå oppimot hans tidlege flørt med Venstre. Han var med i «bøndenes faglige organisasjoner».<sup>85</sup> Han sat i styret for Østre Toten Landbrugforening frå 1893, og var med å skipe Norsk Landmandforbund i 1895, forløparen til det riksdekkjande Norges Bondelag og Bondepartiet. Soleis gjorde han seg allereie her gjeldande i rikspolitikken, sjølv om nedslagsfeltet nok enno var Toten og bygdelaga derikring. På Toten var han med i heradsstyret frå 1895 og sat der i 12 år.<sup>86</sup> Seierstad var mellom dei som ikkje fylgte Venstre i ‘stemmerettssaka’<sup>87</sup>, der Venstre stod mot Høgre og Moderate Venstre for å innføre ålmenn røysterett for menn.<sup>88</sup> Han hadde no hoppa over gjerdet og sat i heradsstyret for Høgre.<sup>89</sup> Fleire år seinare var han med på omskipinga av Landmandsforbundet til Bondepartiet og Norges Bondelag. Frå då av sokna han til Bondepartiet, og tilhørde høgresida der. I alle fall fram til Bygdefolkets Krisehjelp var tilkoma.

Seierstad var godt aktiv i det lokale næringslivet. Han tok initiativ til Toten Potetmelfabrikk i 1897.<sup>90</sup> Seierstad var ein del av brennerimiljøa som formann i Gjerstad Brænderi på Lena i 28 år og styremedlem i endå 6 år til. I tillegg var han direksjonsmedlem i Oplandske Spritfabrik og sat i styret i Brenneriforeningen.<sup>91</sup> Det kjem kanskje ikkje overraskande at han var motstandar av brennevinsforbodet (1916-1927, for sterkin 1917-1923). Han var attpåtil på foredragsturné på Valdresbygdene mot forbodet.<sup>92</sup> Rett attom kårhuset på garden, der han seinare sjølv tok husvere, bygde han Lena Meieri i 1914. Den stordraumande David Seierstad ville at meieriet skulle evne å ta inn ti gonger meir mjølk enn dei venta å take

<sup>84</sup> Eg kan vise dette med eit døme frå eit intervju med Seierstad der han trekker fram forteljinga om ein gard der bonden laut selje alle dyra på tvangsausjon. Dottera på garden hadde fått ei ku som lønn for to års teneste som bueie, men ho hadde inkje papir på at kua var hennar; kua vart sold med resten. «'Da gikk jeg heim og gråt', sier David og får tårer i øynene». Frå artikkelen «Bondegård og samfunnsbygger David Seierstad» i avisas «8. mai» 1/8-1952

<sup>85</sup> Brev frå Oudenstad til Frøland 10/2-1955, KFA

<sup>86</sup> «Bondegård og samfunnsbygger» i «8. mai» 1/8-1952

<sup>87</sup> Brev frå Oudenstad til Frøland 10/2-1955, KFA

<sup>88</sup> Fuglum (1978): 423

<sup>89</sup> Ole Christian Haugs noteringsbok

<sup>90</sup> «Bondegård og samfunnsbygger» i «8. mai» 1/8-1952. Artikkelen nyttar ordet «initiativet», utan å utdjupe kva dette innebar

<sup>91</sup> Brev frå Oudenstad til Frøland 10/2-1955, KFA

<sup>92</sup> «Aftenposten» 27/9-1926

inn i starten.<sup>93</sup> På den sosiale fronten fekk han oppretta Labo Hvilehjem på Lena og han fekk bygd Hoff Gravkapell, det siste for at både rike og fattige skulle få sleppe å «dra på sin siste reis ut fra et skur».<sup>94</sup> Trass i sin, i alle fall seinare, avsmak for bankar og dilikt, sat han i styret i både Toten Sparebank, Gjøvik og Opplands Sparebank og i representantskapet i Hypotekbanken. For Toten Sparebank var han ei rid direksjonsformann. Han fungerte au som takst- og skjønsmann; både for Hypotekbanken, Kreditforeningen for Land og Skogbruk og for jarnbanestrekninga, mellom anna på Dovrebanen.<sup>95</sup>

På garden dreiv han kvegrøktarskule i samband med Selskabet for Norges Vel.<sup>96</sup> Som so mange andre likesinna bonderomantikarar, eller «agrarpatriot» som Nerbøvik kalla Seierstad, var han med i Selskabet for Norges Vel og sat i representantskapet der. På slutten av 1920-talet vart han stadig meir fortvila for stoda til bøndene, og lét seg velje til ei utsending til regjeringa frå det omtala bondemøtet på Gjøvik. Utsendinga skulle freiste å avdekkje kva politisk vilje det fanst til å gjere noko med den etter kvart vonlause stoda mange bønder opplevde. Det var fleire slike møte, og i oktober 1931 tronst det fylking. Den kom i Bygdefolkets Krisehjelp.

### **2.3. Seierstad i Krisehjelpa**

*No æ'n terga upp tå byfolk, like fyri'n slær  
-Hellbillies «sur som rognebær»*

Seierstad var 64 år då krisehjelpa vart skipa i oktober 1931, og soleis ikkje lenger nokon ung aktivist. David Seierstad var formann for Krisehjelpa; og gjeldskrisa i landbruket var ei sak han brann for. Seierstad hadde eit visst ry på seg etter å ha vore ein nokso ruvande kar på austlandet. Dette ryet hadde han med seg inn i Bygdefolkets Krisehjelp. Frå Lien fekk han ofte oppmodingar om å skrive «stykke» i Bygdefolket.<sup>97</sup> Det meste av det ‘indre livet’ til Krisehjelpa skal eg gå gjennom i kapittel 4, so her skal eg sjå på nokre av det han skreiv i «Bygdefolket». Ein viktig del av arbeidet hans i Krisehjelpa var nettopp å skrive i avisar.

Seierstad meinte at bonestanden var for lite tilgodesett mot «andre klasser og stender».

Det var beint urett at dei andre var organisert medan bonestanden stod «splittet og

<sup>93</sup> «Bondehøvding og samfunnsbygger» i «8. mai» 1/8-1952

<sup>94</sup> Ibid, kapellet har vore nemnd både «Hov Gravkapell» og «Hoff Gravkapell»

<sup>95</sup> Brev frå Oudenstad til Frøland 10/2-1955, KFA

<sup>96</sup> Selskabet for Norges Vel var og er ein utviklingsorganisasjon, skipa i 1809, som arbeider for landbruk og lokalsamfunn. Garvik, 2017

<sup>97</sup> Fleire brev frå Lien til Seierstad, NS20

ubeskyttet».<sup>98</sup> Sjølv om han ville take vare det gamle bondesamfunnet var han ikkje framand for å gjere som arbeidarklassen, nemleg å samle seg. Han tala tilmed om å «tvinge bondestanden til fornuft og sammensluttning».<sup>99</sup> Han fann håp i krinsen kring Quisling, både med herremiddagar og med «konferanse». Han skreiv om ein konferanse med «fremragende menn» som advokat Johan B. Hjort (1895-1969), som var med å skipe NS. Dei var møttest og var samde om at regjerings og stortingspolitikarane gjorde ein därleg jobb. Med dei meinte Seierstad at det var «fare på færde» og at «den mest stokkblinde må se at samfunnsfaren henger truende over oss».<sup>100</sup> Her ser me at Seierstad hadde ein vri mot kapitalen, eller borgarane i trekanten. For han taler som ein sann storbonde eller fabrikkherre og seier at når «gårdbrukere og skogeiere opnår lønsomme priser for sine produkter, kommer dette ikkje minst arbeiderne til gode».<sup>101</sup> Han argumenterer med ‘neddryppingsøkonomi’; altso om berre dei større bøndene berre fær gode prisar, vil dei kunne halde seg med arbeidsfolk, for der var nok å gjere ute på bygdene. Difor var tiltak for å hjelpe bøndene like mykje tiltak mot arbeidsløysa. Han gjeng hardt ut mot alt som kan hindre slikt arbeid arbeidet, nemleg pengemangel på bygdene, og fagorganisasjonane.<sup>102</sup>

«Det er hjemmene, familielivet, økonomisk gjennvinning i våre bygder» Seierstad kjempa for. Bygdefolkets Krisehjelp hadde «kartlagt den blodige urettferdighet» som råka bygdene.<sup>103</sup> Dette styrker synet mitt på Seierstad som ein med ein noko paternalistisk omsut for bondestanden, me kjem innpå dette både i omtalen av Mot Dag og Selskapet Ny Jord. Dette var rolla Seierstad skulle fylle i Krisehjelpa, han skulle samle bøndene og kjempe for rettferd. Nerbøvik kalla Seierstad ein «gallionsfigur», ei rolle som han likte. Men som me skal sjå kunne det bli for mykje for Seierstad, og han leita etter opning for å late ansvaret over til andre.

## 2.4. Seierstad og Nasjonal Samling

I mai 1933 vart Nasjonal Samling (NS) stifta på Grand Hotell i Oslo.<sup>104</sup> Partiet hadde som føremål å samle den borgarlege sida i politikken og stogge trugselen dei sjølve såg frå særleg Det Norske Arbeiderparti. Partiet skulle eigentleg vere heva over ‘partipolitikken’; det endte snarare

<sup>98</sup> «Til Bygdefolkets lesere» i «Bygdefolket» 24/12-1932

<sup>99</sup> «Bygdefokets Krisehjelp» i «Bygdefolket» 15/10-1932

<sup>100</sup> «Bygdefolkets Krisehjelp» i «Bygdefolket» 15/10-1932

<sup>101</sup> «Samling» i «Bygdefolket» 15/7-1933

<sup>102</sup> «Samling» i «Bygdefolket» 15/7-1933

<sup>103</sup> «Til Bygdefolkets lesere» i «Bygdefolket» 24/12-1932

<sup>104</sup> Den offisielle datoer er 17<sup>de</sup> mai, sjølv om partiet vart kunngjort 16<sup>de</sup> mai. Høidal (1988): 95 ff. Norland skriv at partiet vart grunnlagt 11<sup>te</sup> mai. Norland (1973): 208

opp med å liggje på sida av, eller under, det politiske livet fram til leiaren, Vidkun Quisling (1887-1945), gjennomførte statskupp over radio i skuggen av den tyske Wehrmacht i Oslo i 1940. Partiet hadde tydleg slektskap til Adolf Hitlers NSDAP, det nasjonalsosialistiske partiet i Tyskland, som berre nokre månader føre stiftinga av NS hadde fått regjeringsmakt i 1933.

David Seierstad brydde seg mest truleg ikkje alt for mykje om kva som hendte ute i Europa, om det var England, Russland eller Tyskland. I 1933 var det berre NS av listepartia som hadde ein tolleg bonde- og gjeldspolitikk for mange i Bygdefolkets Krisehjelp; Seierstad er mellom desse. NS var eit nytt parti og hadde soleis ikkje skuld i krisetidene. Seierstad meldte seg ikkje inn i NS før i 1942, og etter hans eigen forklaring til politiet i 1945, var det frivillig og at han meinte at å slutte opp om NS var «eneste måte Norge kunde bli fritt igjen». <sup>105</sup>

Sumaren 1933 drøfta leiinga i BK og NS om å samle seg og stille saman til vals same hausten. 4<sup>de</sup> juli 1933 var BK og NS komne fram til ein «overenskomst» med 5 punkt.<sup>106</sup> Dei fem punkta innebar kortfatta at BK skulle take avstand frå «de revolusjonære partier», BK skulle stille medlemslister og arkiv tilgjengeleg for NS, «Bygdefolket», organet til BK, skulle «fremholde samlingstankens store betydning» og dessutan skulle forlagsretten gå til NS «fra den tid som Nasjonal Samling bestemmer». Det siste punktet dreier seg om prisen for gildet, som var 5 000 kr.<sup>107</sup> Nasjonal Samling skulle leggje ut 3 000 kr. til Olav Lien, 1 100 kr. til boktrykker Nielsen og 900 kr. til Seierstad. Dei to fyrste postane var for å betale gjeld som krisehjelpa hadde drege på seg, medan dei 900 kronene til Seierstad er meir uklåre. Dette dokumentet var løynd frå årmenta fram til 27<sup>de</sup> november 1935, då avisene «Varden» og «Opland Arbeidarblad» fekk tak i det og skreiv om det. Sistnemnde skreiv under overskrifta «Opsiktsvekkende dokument offentliggjøres».<sup>108</sup> Det kan tyde på at dokumentet inneheldt fraser som ikkje ville verte godt mottekte av årmenta og som ikkje hadde godt av dagsljos.<sup>109</sup> Seierstad var ein av dei fire signatarane, og den einaste frå leiarskapen i BK.<sup>110</sup> Både formannen i rådet, C. A. Madsen, og

---

<sup>105</sup> «Rapport til hr. politimesteren i Vestopland», D-2 LSA Seierstad, 2/7-1945

<sup>106</sup> «Overenskomsten» er henta frå eit skriv til «Landsstyret for Bygdefolkets Krisehjelp adr. Herr gårdbruker David Seierstad, p.t. Oslo.» NS21

<sup>107</sup> 5 000 kroner er knappe 200 000 i 2017-kroner. Noregs Bank

<sup>108</sup> Frå framsida til Opland Arbeiderblad 27/11-1935

<sup>109</sup> Det er mykje som tyder på at BK og NS hadde nytte av å skjule denne avtalen og samarbeidet mellom dei frå arbeidarrørsla, dit mange av medlemane i BK sokna.

<sup>110</sup> Dei fire var: For BK: David Seierstad og Thorvald Nielsen, for NS: Quisling og Fredrik Prytz

Olav Lien var arbeidarpartimann, sjølv om Lien hadde vorte kasta ut frå partiet i 1932.<sup>111</sup> Difor var ikkje desse to ivrige for å samle NS og BK, det var Seierstad.

Det er tydeleg au andre stader at David Seierstad hadde gode tankar om å samle seg med NS, trass i tung motstand frå Lien.<sup>112</sup> Han kunne finne på å melde frå til NS om dei som var etterhaldne eller tvilande til å samle NS og BK, slik tilfellet var med Hans Kvandahl. Seierstad ville at NS skulle gje honom ei oppstramming når det galt dette spørsmålet, og skriv at han «[h]aabber De [NS] skriver til ham».<sup>113</sup>

Då krigen (i Noreg) braut ut i april 1940 var Seierstad 73 år gamal og ikkje lenger like aktiv i korkje bondesaka eller NS. Som nemnt var han heller ikkje medlem av NS før i 1942. Om han etter innmeldinga var påfallande aktiv i NS er det ikkje lett å få finne ut av, men han har blitt omtala å ha «vært et aktivt medlem av Nasjonal Samling».<sup>114</sup> Det eg kan seie er at han mante til å slutte seg til NS og Norges Bondesamband<sup>115</sup>, og retta seg til bondestanden og serleg gardbrukarar.<sup>116</sup> Han meinte at det berre var gjennom det «statsbærende parti N. S.» at det var råd å oppnå fridomen og sjølvstenda som ‘alle ynskte seg’. Han gjekk hardt ut mot dei som var tvikande og ville «se tiden an, hvem som skal seire».<sup>117</sup> Dette skreiv han i ein artikkel i «Vestopland». Sjølv om Josef Terboven og sensurapparatet til NS pusta Seierstad i nakken, er det lite truleg at Seierstad pynta alt for mykje på, eller ‘nazifiserte’, det han sa offentleg for å kome NS og tyskarane i møte.

I artikkelen kjem det fram ein del syn som storkaren frå Lena godt kunne finne seg med attende til krisehjelpas dagar og vidare. Det er tydeleg Sovjetunionen og bolsjevikane som er den verkeleg store trugselen for Noreg og nordmenn, og det åleine er grunn nok til å slutt opp om NS og streve for at tyskarane skal vinne krigen (som tyskarane i alle fall kom til å gjere, Seierstad kalla Tyskland «uovervinnelig»). Det verkar ganske tydeleg at han ikkje ynskte den tyske hærtakinga av Noreg, men at nordmenn no laut gjere det beste ut at det heile. Tyskarane var jo einaste viset å stogge den ‘raude fare’ frå aust.

---

<sup>111</sup> Skaug, 2007

<sup>112</sup> Jf. kapittel 4

<sup>113</sup> Brev frå Seierstad til Nasjonal Samling, 9/8-1933, NS21

<sup>114</sup> Skriv frå h.r.advokat Sterri truleg til påtalemakta, D-29 LSA Seierstad, 12/11-1946

<sup>115</sup> Noregs Bondesamband var eit interesselag for bønder tilknytt NS og skulle vere eit slags ‘bondelaug’ i NS’ korporative økonomi

<sup>116</sup> Frå avisa «Vestopland», David Seierstad: «Bondestanden bør no slutte seg til NS». D-5 LSA Seierstad 19/11-1942

<sup>117</sup> Ibid

Grunnen til å slutte opp om NS var ikkje (berre?) for å samarbeide med tyskarane eller for å vise sympati med NS' program; grunnen var to-delt. For det fyrste var det som nemnt einaste viset å demme opp for kommunistane og for det andre kan me skimte ein pragmatisk Seierstad som meiner at Tyskland kjem til å vinne krigen og for at Noreg skal kome godt utor fredsoppgjeret lyt 'me' vere på den rette sida. Ikkje minst vil han at bøndene skal stå sterkt i eit slikt oppgjer: «jeg tror en almen beslutning fra bondestandens side vil få sin betydning ved fredsslutningen». <sup>118</sup>

## 2.5. Kven var David Seierstad?

David Seierstad var ein nostalgisk og attoversynt storbonde som gjerne ville at fortida skulle vare litt lengre. Som ung bonde på Toten gjorde han mykje ut av seg og etterlét seg ei innhaldsrik livssoge. I alle fall om me berre ser på ei liste over verv og syssel han hadde; i det daglege overlét han det meste av arbeidet til andre, medan han sjølv var ein slags 'gallionsfigur' eller 'konge'. Slik var i alle fall tilfellet med Bygdefolkets Krisehjelp, der Olav Lien var den utøvande makta. Den seinare so viktige advokat Martin Sterri var tilsvarande med Toten Potetmelfabrikk.<sup>119</sup> Seierstad stilte med idéar og ein slant pengar, men viktigast av alt mykje godvilje og ansvarskjensle.

David Seierstad var ein del av bygdeadelen eller landeliten. Denne 'adelen' var ein del av den nasjonale eliten i Noreg, ei den gongen nokso lita og oversikteleg gruppe der 'alle kjende alle'. Denne gjengen var prega av paternalistisk tankegang, der dei var sett til å leie folket inn på den rette vegen. Dette galt i stor grad David Seierstad, som nok såg Toten og kanskje bygde-Noreg elles som sitt 'ansvar'. Han hadde eit sosialt samvit for sambygdingane og gjeldskrisa laga eit djupt inntrykk i han, som syner ei medkjensle for heile bonestanden. Her kan me sjå idealisten David Seierstad. I hans verd var bøndene hardt arbeidande dygdige folk som var lurt av finanseliten med Rygg i spissen; Seierstad såg det som si 'samfunnspunkt' å kjempe for dei svake og utnytta bøndene.

Som ein ideologisk figur var han ei vandrande sjølvmotseiing, eller det kan i alle fall stå fram slik. På ei sida var han på dei gjeldbundne bøndene si side og på den andre var han ihuga

<sup>118</sup> Frå avisa «Vestopland», David Seierstad: «Bonestanden bør no slutte seg til NS». D-5 LSA Seierstad 19/11-1942

<sup>119</sup> «Bondehøvding og samfunnsbygger» i «8. mai» 1/8-1952

med på herremiddagar i hovudstaden.<sup>120</sup> På ein annan front kjempa han for den frie og sjølvstendige bonden, og gjekk i samarbeid med det korporative og kollektive NS.

Tiltrua Seierstad hadde til Nasjonal Samling kjem frå den fortvilte politiske situasjonen. Ingen parti hadde gode løysingar for honom, men NS lova godt i augo til Seierstad. Han hadde jo prøvd både Venstre, Høgre og Bondepartiet, og Arbeidarpartiet var nesten ein trugsel i seg sjølv. No var dei hine partia i same båt, og denne parlamentariske båten var i ferd med å gå under bylgjene.

---

<sup>120</sup> Nerbøvik (1991): 204 og Høidal (1988): 82f. Middagane som er referert til her er i krinsen ikring Quisling. Sjølv om dei ikkje var på ‘kapitalen’ si side, var det langt mellom ‘quislingene’, som nok må vere ein del av den politiske eliten, og dei arme bøndene i «gjeldsslaveriet».



### 3. OLAV LIEN

Olav Lien var formann i Arbeidsutvalget i Bygdefolkets Krisehjelp, og fungerte i stor grad som ein kronprins under ‘kong David’. I dette kapitelet skal eg sjå på kva han gjorde, kva han tenkte og ikkje minst kven han var. På same viset som eg gjorde med David Seierstad, skal eg lage eit portrett av Olav Lien.

#### 3.1. Levd liv

I september 1896 vart Olav Tovsson Lien fødd i Svartdal i Seljord oppe i dei gamle fjellgardane i Vest-Telemark. Han var son av gardbrukarane Tov og Gunhild Lien og hadde seks sysken, der Olav var den nest eldste av dei. Han og familien voks opp på garden Lien Nordre og berre frå namnet, *Lien*, kan me høyre at han ikkje voks opp på nokon storgard, som Seierstad. Det var ein tidstypisk storfamilie han voks opp i; frå garden å døme kom han ikkje frå trонge kår, sjølv om han nok ikkje hadde nokon privilegert oppvokster.<sup>121</sup> Garden var ein gamal gard med ei soge attende til mellomalderen og som hadde gått i arv frå far til son sidan tidleg på 1600-talet. Som den nest eldste sonen på garden vart det ikkje noko gardbrukar av Olav, han sette seg i staden på skulebenken. I 1920 gifte han seg med Signe Opsund, og fekk med henne tre døtrer, der to av dei voks opp. Dei flytte til Tromsø der Lien tok lærareksamen i 1924. Han var medlem av Arbeidarpartiet frå 1930, då partiet endå var eit revolusjonært parti. Det politiske engasjementet var like vel ikkje ovleg omfattande fram til han i 1931 vart med i Bygdefolkets Krisehjelp. Der gjekk han raskt oppi gradene, sjølv om medlemskapen i Arbeidarpartiet førte til visse utfordringar. Dei i Krisehjelpa som sokna til andre parti var tvilande til krisehjelpmenn med band til Arbeidarpartiet. Medlemskapen i Krisehjelpa førte au til vanskar i Arbeidarpartiet. Sidan fekk han påvist tæring, eller tuberkulose, og den elles so arbeidsføre Olav Lien låg på sotteseng. Heilt arbeidsutfør vart han ikkje, og då krigen kom til Noreg melde han seg inn i NS og fekk jobb som statens presseleiar i Telemark. Han fekk fleire titlar i NS-Noreg, ikkje alle like ihuga. Mot slutten av krigen kom sjukdomen attende, og han måtte gjennom tunge år i retten. Han vart sikta for landssvik og dømd.

---

<sup>121</sup> Garden er enno i drift som ein turist- og konferansegard under namnet *Lien Fjellgard* og har fått Olavsrosa, Norsk Kulturarvys kvalitetsmerke i 2005.

### 3.2. Utdanning og yrkesveg

Olav Lien tok vegen fatt etter folkeskulen, og drog til Skien for å gå middelskulen.<sup>122</sup> Den snart reisevande guten gjekk på gymnaset i Oslo og tok eksamen artium der, truleg kring 1916. Han fekk fritak frå å avtene verneplikta sidan han mangla høgre tommelfinger;<sup>123</sup> korleis det gjekk til er uklårt, men å kome unna militærteneste fall nok i god jord i Arbeidarpartiet. Det er ikkje heilt klårt kva han sysla med i dei fåe åra fram til han gifte seg med Signe Opsund frå Kviteseid i 1920. Etter giftarmålet flytte den vesle familien, som no hadde vokse til tre, til Tromsø. Der tok Lien til på Tromsø Offentlige Lærerskole, og vart utskrive dedan i 1924. Etter det verka han ei kort rid som lærar på Kjerringøy. I 1925 busette han og familien seg i Kviteseid, der han levde brorparten av livet. Kona Signe tok au lærarutdanning, og dei verka båe som lærarar saman ei tid. Signe var nok ikkje av nokon veik vilje. Ho skreiv seg ofte med jentenamnet i staden for Lien. For den ambisiøse Olav Lien var ikkje lærarutdanninga nok, og han las på eiga hand og tok juridisk embeteksamen i 1928. Som ein evnerik og nyutdanna jurist starta han sakførarkontor i Kviteseid.

Som sakførar hadde Olav Lien teke steget frå bondeson til ‘embetsmann’. Han vart ein dyktig sakførar og godt kjend, ikkje berre i Kviteseid; jamvel frettast det om ‘mirakeladvokaten’ i telemarksdalane.<sup>124</sup> Like vel var det ikkje tvil om kven han hadde samhug for, det var bøndene og andre småfolk. I stillinga som sakførar talte han gjerne Davids sak mot Goliat, og tok seg ikkje alltid betalt for dette. Fleire gonger førde han kampen på luft og medkjensle. Kanskje med den same medkjensla for småfolk melde han seg inn i Arbeidarpartiet i 1930, og grunnen var den fastlåste stoda på landsbygda. Venstre hadde han då fått nok av allereie i 1928 grunn vere pengepolitikken som berre førde til ulukke på bygdene. For arbeidarpartiet vart han vald inn til heradsstyret og sat endåtil i formannskapet i Kviteseid. Han var aktiv i lokalpolitikken på andre vis au, han sat i skulestyret og kanskje meir i Liens tanke for småkårsfolket sat han i overlikningsnemnda, der han kunne hjelpe dei som meiner dei har blitt urett skattlagt.

Over tiårsskiftet vart stoda verre for mange bønder med tung gjeld å bere, og regjeringa synast å berre ro i tomme lufta. Det var snakk om eit debitorlag på Austlandet; Olav Lien vart oppmoda av bønder i Telemark om å møte opp på skipingsmøtet. No var ikkje Lien berre ein omsnakka sakførar i ei lita bygd, han stod ved troppa til rikspolitikken.

<sup>122</sup> «Rapport til herr Politimesteren i Telemark», D 8/19 LSA Lien, 14/11-1947

<sup>123</sup> «Rapport til politimesteren i Telemark», D 8/5 LSA Lien, 21/6-1945

<sup>124</sup> Skaug, 2007

### 3.3. Lien og Bygdefolkets Krisehjelp

På skipingsmøtet i oktober 1931 var Olav Lien rett mann på rett stad. Som bondeson og ‘mirakeladvokat’ på småfolk si side, hadde han både rette tankar og rette evner å utøve dei med. Mange av dei andre der, som Seierstad, hadde vore på ulike ‘førebuingsmøte’ før skipinga i Handelsstadens store sal i Oslo.<sup>125</sup> Lien var på same møte vald til å vere styremedlem for Telemark. Med den bakgrunnen han hadde, og ikkje minst dei frettene om han som gjekk i Telemark, var han sjølvskriven styret. Herifrå fekk han raskt nye oppgåver, han vart formann i arbeidsutvalet, og hadde der i oppgåve å leggje ein del av grunnlaga for at styre skulle kunne fatte vedtak. Som då arbeidsutvalet fær i oppdrag å undersøke om Krisehjelpa skulle stille til stortingsvalet i 1933.<sup>126</sup> Kampen mellom Seierstad og Lien som då fylgjide, kjem me attende til.

Vidare fekk Lien oppgåva som redaktør for avisa «Bygdefolket», med redaksjon i Kviteseid. Dette var ei synleg oppgåve, namnet han vart ståande øvst på alle nummer av avisa til han slutta som redaktør i 1935. Alle i Krisehjelpa visste kven han var. Han gjorde namnet sitt enno større ved å møte opp på gardar som anten var truga av eller skulle under hamaren, slik som hjå Ketil Eika i Bø. Han heldt talar til dei oppmøtte; og Lien var ikkje berre skrivefør, han var au talefør. Det var nok andre som kunne finne på å møte opp på ein tvangsausjon, men dette var Liens domene. Men før hammaren gjekk i bordet, var Lien ofte ivrig på å mekle med bankane.

Avisa og tvangsausjonar er det ytre biletet til BK, Lien var au aktiv i det indre. Både som redaktør, der han fylgte med på andre avisar, og som aktivt styremedlem og eigentleg leiar. Her heldt han auge med kva bygdelaga til BK gjorde og heldt dei på matta. Han svingde pisken når han måtte: «Jeg må beklage at du helt har kunnet overse meddelelsen som blev utsendt herfra om at vi foreløpig intet skal røpe om mulige politiske hensikter», skreiv han til Ivar Sæter etter at han hadde skrive eit innlegg i «Arbeidets Rett».<sup>127</sup> Tidvis kunne Lien få svar: «Da jeg fik Deres grove brever foran møtet den 22/4 blev jeg forbause over Deres herskesyke».<sup>128</sup> Lien kunne nok vere effektiv innimellom, eller kanskje beinhard er eit like so godt ord på det?

---

<sup>125</sup> Frøland (1962): 19

<sup>126</sup> Skriv frå Lien «Til styremedlemmer i Bygdefolkets Krisehjelp» 27/2-1933, NS20

<sup>127</sup> Brev frå Lien til Ivar Sæter 1/5-1933, NS20

<sup>128</sup> Brev frå ukjent (truleg frå BK-styret i Gjerpen) til Lien 1/5-1933, NS20

### 3.4. Ein Quisling kvitrap i Kviteseid?

Olav Lien var ikkje mellom dei som ivra etter ei samling mellom Krisehjelpa og NS. Det hindra han ikkje å sjå kvar vinden bles. I 1940 var det ein sterk nordavind frå sør akkompagnert av marsjen frå tusen blanke ridestøvlar. Han melde seg inn i NS i 23<sup>de</sup> august 1940, etter hans eiga forklaring var frivillig, og han såg det som «einaste utvegen for landet». Den nokso robuste kona Signe var ‘antinazist’, og stod politisk langt unna Olav Lien.<sup>129</sup>



*Bilete 4: Ein målretta og viljefast mann, Olav Lien. Kanskje litt tvilande? Frå medlemsboka til NS, truleg teke i 1940. D-2/I NSA Lien*

#### *Ein redaktør for redaktørar*

Allereie same hausten, i 1940, han melde seg inn i NS, fekk han stillinga som ‘statens presseleider’ i Telemark, ein slags redaktør for redaktørane i fylket. Han fekk oppgåva uoppfordra, og utan å vite kva ho innebar eller at ho fanst.<sup>130</sup> Oppgåva innebar å sjå til at avisene ikkje skreiv noko som kunne gjere stoda vanskelegare enn ho allereie var. Lien visste at Administrasjonsrådet hadde vore ute med eit liknande bodskap, og at ein soleis ikkje laut vere ‘nazist’ for å tenkje sånn.<sup>131</sup> Lien «gikk til stillingen med iver og alvor, idet [han] mente at [han] på den måte kunne gagne folk og land».<sup>132</sup> Det kan verke som iveren og alvoret Lien la i stillinga som presseleiar hadde tre sider: 1. Det var eit vis å gjere det beste utav situasjonen (altsa den

<sup>129</sup> Skaug, 2007

<sup>130</sup> «Rapport til herr Politimesteren i Telemark», D-8/19 LSA Lien, 14/11-1947

<sup>131</sup> Administrasjonsrådet var oppretta av Høgsterett og skulle leie det sivile styret av dei hærtukne delane av Noreg i 1940. Det verka mellom april og september. Pryser, 2017

<sup>132</sup> Ibid

tyske hærtakinga), 2. Etter hans oppfatning var det i tråd med Administrasjonsrådet og 3. det var ein slags ordre frå det nye Pressedirektoratet. Det er i alle fall desse inntrykka han gjev i politiforklaringane under landssvikoppgjeret.<sup>133</sup> Han såg det som det beste for landet å melde seg inn i NS; vidare at dette partiet fekk stå med makta, og viser til «Hitlers og Terbovens (Josef Terboven, red. mrk.) ugjenkallelige løfte» om at NS kunne redde landet frå «treldom og ulykke».<sup>134</sup> Det er ikkje usannsynleg at Lien faktisk tenkte slik, sjølv om dette nok var ei vanleg forklaring frå kollaboratørar (saman med forklaringar av typen «eg veit ikkje»). Slik stoda ovra seg, var det gjennom NS at norske interesser kunne verjast og Olav Lien sette seg føre å verje dei norske avisene i Telemark. Tyskarane ville ikkje ha meir enn éi til to aviser i kvart fylke. Ei viktig oppgåve for heile Pressedirektoratet var å ikkje irritere tyskarane. Olav Lien, og dei andre presseleiarane rundt om i landet, fekk personleg føresegn om å trø varsamt andsynes tyskarane og dei skulle «beskytte avisene mot disse tyske planene».<sup>135</sup> Eit poeng eg må trekke inn i denne samanhengen er at tyskarane hadde funne ut at Lien ikkje gjorde jobben som presseleiar godt. Dyrлækjar Oscar Hæreid forklarte til politiet i 1948 at «[d]et er ihvertfal sikkert at de tyske [...] var ute etter Lien for slapphet i sitt virke som presseleder».<sup>136</sup> Heile Pressedirektoratet og Olav Lien såg nok seg sjølv og virket sitt som ein slags mellommann mellom det norske folket som ville halde fram som før, og tyskarane. Med Olav Lien sine augo ser me at store land i Europa hadde falle for tysk makt, og det såg ut til at tyskarane kom til å vere herskarar i nærest all framtid. Soleis kan me seie at Lien her var ein realist, som etter beste evne tilpassa seg ‘nyordninga’.

Eit døme som kan vere verdt å sjå på, er ein episode med avis «Varden». Ein dag i 1940 hadde ein viss Würk ringt Olav Lien for å klage på «Varden».<sup>137</sup> Avisa hadde ikkje teke opp nok stoff om korleis krigen gjekk. På denne tida gjekk krigen godt og tyskarane synast uråd å stoppe, og tyskarane var tent med at avisene skreiv om det.<sup>138</sup> Lien måtte då finne på noko for å «berolige ham». Like vel møtte Lien opp hjå redaktøren, han tok med seg Oskar Hæreid fordi

<sup>133</sup> Fleire forklaringar til politiet etter krigen. Frå «Bilagsmappe inneholdende samtlige politirapporter», D-8 LSA Lien

<sup>134</sup> «Rapport til herr Politimesteren i Telemark», D 8/19 LSA Lien, 14/11-1947

<sup>135</sup> Ibid

<sup>136</sup> «Rapport til Oslo Politikammer», D-8/23 LSA Lien, 13/1-1948. Saka her galt ei avis som tyskarane ville stoppe, der Lien ikkje hadde sagt opp redaktøren

<sup>137</sup> Würk var «Betater for Reichkommessariatet», altsø ein slags rådgjevar. «Rapport til Oslo Politikammer», D-8/23 LSA Lien, 13/1-1948

<sup>138</sup> Me kan tenke på slagordet som var slått opp på Stortingsbygget: «Deutschland siegt an allen Fronten»

han «hadde bil til disposisjon og hadde ellers svært lite å gjøre», og Olav Dalen.<sup>139</sup> Det vesle fylgjet kravde at avisa skulle vere lojale mot NS. Ifylgje redaktøren i avisa, Roald Kristoffersen, var Lien «primus motor» og kom med eit ultimatum: Gå inn for NS for fulle segl eller bli stoppa. Lien visste at aviser som var eglete kunne krevjast stoppa av tyskarane. Dei hadde jo ikkje mykje til overs for overflødige og styrelause aviser. Seinare kom det trugslar frå høgare makter om å slå saman «Varden» med «Skienfjordens Presse». Kristoffersen er overtydd om at Lien søkte ei slik samling, medan Lien i si forklaring til politiet etter krigen, meinte han arbeidde som alltid, for å verje norske aviser frå tysk rasjonalisering. Her er det endå mange døme, men som det ville vore for langt å føre her.

### *Lovmakaren*

I 1941 gjekk Lien inn for å endre jordlova, som han meinte vart misbrukt. Han meinte at den viktigaste oppgåva til jordlova var «frivillig formidling av jord»; altso at husmenn og «leilendinger», som Lien skriv, kunne overtake jorda dei dreiv på gunstige vilkår.<sup>140</sup> Det største problemet med lova var ikkje lova i seg sjølv, men heller at det var «de usakkyndige og politisk samensatte jordstyrer og skjønn som var så farlige».<sup>141</sup> Han viser til fleire døme på kva jordlova «riktig anvendt» kunne utrette. Dette var ein kritikk til «partipolitikkens åsgårdsrei» like mykje som til jordlova. Olav Lien hadde sett korleis partipolitikk og parlamentarisme kunne ete opp eit samfunn innanfrå, både i tida i Krisehjelpa og som sakførar med jordlova som område. Lien var langt meir teknokrat enn demokrat. Det vart lagt fram eit framlegg om å endre jordlova i 1938, som Lien refererer til i ein artikkel på brevpapiret til «Norsk Artikkeltjeneste».<sup>142</sup> Han trekkjer her fram eit sitat av stortingsmann Christian Stray (Venstre) som hadde meinta at det ofte var ein «forakt for fagkunnskap» i Stortinget. Lien hadde opplevd, mellom anna som sakførar, at jordstyra berre suste rundt i «endeløse prosesser» og resulterte ikkje i nye sjølveigarar.

No i ‘nyordningas’ grålysning var det på tide med ei ny jordlov i tidsanden. Ein var allereie langt på veg når organa var oppnemnt etter «Nasjonal Samlings prinsipp». Her ser det ut til at Lien høyrdde til mellom ‘dei yngre’, som er omtala i DEL I, men Lien var lunefull. Han

<sup>139</sup> «Rapport til politimesteren i Sarpsborg», D-8/13 LSA Lien, 1/4-1946

<sup>140</sup> «Foran revisjon av jordloven», D-4/5 LSA Lien, udatert (under krigen). Nemninga «leilendinger» er nok å rekne som eit retorisk frase, det var ikkje nokon rette leiglendingar i Noreg på denne tida

<sup>141</sup> Ibid

<sup>142</sup> Ibid

skreiv fleire artiklar om emnet, mellom anna i tidsskriftet «Norden».<sup>143</sup> I ein artikkel kjem det fram ei heilt anna side av Olav Lien. Denne artikkelen er ikkje skriven av ein teknokrat, sjølv om nokre av dei ‘poenga’ han kjem med er forkledd som delvis saklege argument. Kjernen i artikkelen er dei åra Noreg lenge var under dansk styre og soleis fekk inn mange framande lover og ikkje minst framande domarar, som ikkje skjøna «bondens språk», som var norsk rett. Det var nemleg bonden som hadde den «tunge, men kjære plikt å verja [Noreg?] mot denne form for framandvelde».<sup>144</sup> Artikkelen avslører både at Olav Lien har mange sider og at han er pennefør. Det er mange slike rause og velskrivne sitat i artikkelen. Det sleng eitt og hitt årstalet i artikkelen, men artikkelen er samanvoven patos. Her gjekk han au inn for å verje odelslova og den særnorske odelsretten, som hadde vore ei hovudpine for dei framande lovmaakarane.

Han var med i eit utval nedsett av landbruksdepartementet. Lien og utvalet fekk statsråd Torstein Fretheim (1886-1971) med på laget å endre odelslova. Odelslova var ein gammal kjepphest for Lien.<sup>145</sup> Fretheim og landbrukspolitikarane fekk uro frå ein annan kant, nemleg det maktige Justisdepartementet. Det vart ein strid mellom departementa om utforminga av framleggjet, og Fretheim laut take nederlaget. Framleggjet vart endra. Lien hadde i det fyrste framleggjet sytt for at lova ikkje gjekk imot Grunnlova, og ville ikkje «være med på en [slik] forandring».<sup>146</sup>

Dei faktiske endringane han føreslår er ikkje like viktige for oss som dei grunnane han gjev, både av di endringane ikkje vart gjennomførde og viktigare av di det er Olav Lien som er omdreingspunktet her.

### *Fleire verv og frigjering*

Olav Lien hadde fleire verv i NS-Noreg. Utanom presseleiar skal eg trekke fram Rikstalar, kommunale verv, representant i Likvidasjonsstyret. Han vart innsett som Rikstalar for Bondelauget vinteren 1940-41. Oppgåva innebar å gjere greie for bondepolitikken til NS, og han kallar det sjølv ei reint fagleg oppgåve. På dette punktet tilhørde Lien og Steinar Klevar, leiaren i Bondelauget, den fløyen av NS som stod i opposisjon til statsråd Fretheim. Soleis hadde ikkje Lien særleg tillit hjå Fretheim, og det vart «ikke så meget av denne min virksomhet». Nokre

<sup>143</sup> «Norden» var eit tidsskrift for «landbruket og dets binæringer i Nord-Norge», nemninga er henta frå D-4/6 LSA Lien, udatert

<sup>144</sup> «Norden», D-4/6 LSA Lien, udatert. Det er eit uleseleg ord i sitatet, det sluttar på –g, so det kan vere «Noreg»

<sup>145</sup> «Frå Studentersamfundets møte med Krisehjelpen» i «Bygdefolket» 15/10-1932

<sup>146</sup> «Rapport til herr Politimesteren i Telemark», D-8/19 LSA Lien, 14/11-1947

foredrag vart det like vel. Seinare, i 1943, vart han medlem av heradstinget og var det fram til frigjeringa i mai 1945.<sup>147</sup> Lien gjorde seg neppe stor i heradstinget, og det er heller ikkje noko stort poeng i rettsoppgjeren. Utover desse verva, som tok i det minste ein del av tida hans, kan eg nemne medlemskapen i Norsk-tysk selskap, som han fekk for å få tilgang til ein konsert, medlemskap i fylkesstaben gjennom å vere presseleiar og at han i tillegg skrev «en del artikkler». Oppi alt dette dreiv han sakførarkontoret i Kviteseid.

I 1944 vart Lien sjuk att, og laut søkje fritak frå jobben som presseleiar sumaren same året. Han virka framleis i ein del av dei andre verva, og sat i heradstinget og i likvidasjonsstyret fram til frigjeringa. Like vel er det lett å skjøne at han ikkje var like arbeidsfør. Allereie i juni 1945 var han lagt inn på Granlien Tuberkuloseheim, og sleit med tæringa gjennom den tungrodde rettargangen og til han døydde 14/3 1957. Han hadde stunder der sjukdomen gjorde seg godt gjeldande og stunder der han stod nær som frisk.<sup>148</sup>

### **3.5. Kven var Olav Lien?**

Olav Lien var ein innhaldsrik mann; den arven han legg att er omfangsrik og mangesidig. Han starta livet på ein tradisjonsrik gard i ei tid med store endringar. Lien høyrde til den fyrste generasjonen som fekk gode høve til å bryte med tradisjonen og setje seg på skulebenken. Der Seierstad fekk bana livsvegen sin som odelsson på ein storgard, laut Lien trø opp sin eigen sti. Lien var evnerik utanom det vanlege, like vel var det nylege endringar i samfunnet som gav han høve til å bløme. Berre éin eller to generasjonar føre, og livet hans hadde vore ganske annaleis og mykje meir tradisjonsbunde.

Olav Lien valde skulen, og gjorde det so godt der at han vart verande lenge. Di høgare skule han gjekk til, di meir viser han at han var ein del av dei mest intelligente. Stjerna i margen er like vel at han las jus på eiga hand. Denne kunnskapen brukta han til å stå opp for småfolk; det er ein tråd gjennom heile livet, sjølv om den er mykje tydlegare i dei tidlege åra. Han gløymde heller aldri kven han var, ein bondeson frå Telemark. Det ser me i Bygdefolkets Krisehjelp, i virke som sakførar både før og etter, og i arbeidet med bondelovene under krigen. Olav Lien gjorde seg til ein del av eliten for å kjempe mot eliten. I arbeidet sitt vekslar han mellom ulike

<sup>147</sup> Heradsting er NS-orgalet som svarer til heradsstyre og hadde i stor grad dei same oppgåvene, men medlemane var utpeikt, ikkje valde.

<sup>148</sup> Eg kan vise til ein «Helbredsattest» skriven 8/5-1950 (D- LSA Lien) som seier: «pasienten [hadde] ligget tilsengs med høi feber og sterkt hoste p. g. a. en tilstøtende bronkitt» og samtidig at han var med i brullaupet til dottera 26/1-1957. (Bilete frå brullaupet i Skaug, 2007)

tilnærmingar som natt og dag. Ein dag var han teknokrat, ein dag grunnlovstru, ein dag kjensleladd bondeven og endå viste han fleire sider som ikkje kjem tydleg fram her. Det blir lett å sjå janusandletet, men på ei anna side var det kanskje ein realist som tilpassa verkemidla etter mål og motstandar. I nokre tilfelle laut han velje side, som i partipolitikken, men her viser han au tvike. Fyrst i Venstre, so i Arbeidarpartiet, so NS-skeptikar i Bygdefolket og tilslutt i NS. Fellesnemnaren ser ut til å vere bøndene og landsbygda elles.

Olav Lien lever etter tanken om at for å vere ein *idealist*, må du vere *realist*, elles fær du ikkje oppnådd måla dine. Under avsnittet «Ein redaktør for redaktørar», lista eg opp tre punkt om kvifor han vart presseleiar (som au kan dekkje kvifor han melde seg inn i NS). Eg kunne like gjerne lagt til eit fjerde punkt: *Han såg sitt snitt*. Olav Lien har vore kalla ein opportunist;<sup>149</sup> eg er uviss på om eg er samd i dette merket, men at han greip sjansen både til å klatre og til å gjennomføre, er lett å sjå. Men det er ikkje for makt og/eller pengar åleine, men som eit middel.

Når krigen kom var klatra han via ‘nyordninga’ og NS-staten. Om me ser attende til tida i Krisehjelpa, var ikkje Lien den mest ihuga til å slå saman NS og BK, men han var heller ikkje framand for tanken. Tvilen Lien hadde her galt ikkje politikken til NS, men at BK stod betre åleine, om dei ikkje laut drasse med på Quisling. På same viset som Seierstad og mange andre i samtidia såg han at partipolitikken hadde spela falitt. No som krigen kom og NS kringkasta regjeringsmakta over NRK, var det kanskje deira tur til å vise seg. Me ser han hadde tru til NS over ‘venstrestaten’ i argumentasjonen for endringane hans i bondelovene. So Lien var i alle fall ikkje *berre* opportunist.

Slik eg ser det var Olav Lien meir oppteken av makt enn pengar. Heile vegen som sakførar var det ikkje vederlaget han var oppteken av, og arbeidet i Krisehjelpa var neppe særleg lønsam. Både arbeidet som sakførar og i Krisehjelpa er heller uttrykk for viljen til makt.

---

<sup>149</sup> Jf. Frøland (1962): 49; Nerbøvik (1991)



## 4. TVIDRAGET I KRISEHJELPA

I dette kapittelet skal eg sjå korleis desse to typane, Seierstad og Lien, spelte seg ut i Bygdefolkets Krisehjelp, som eg lett vindt hoppa over i dei to føregåande kapitla; her skal eg gjere opp for det. Eg skal gjere dette ved å gå gjennom kva som hendte i Bygdefolkets Krisehjelp i nokre travle månader i 1933, med vekt på kva Seierstad og Lien oppheldt seg med. Utanom eigne underkapittel med innleiing og ‘slutningar’ skal kapittelet ha tre delar som skal take oss med gjennom kva dei to leiarane meinte fram til og kring samlinga med Nasjonal Samling, og kva andre fann på å skrive i avisa «Bygdefolket».

### 4.1. Travle månader i 1933

Julaftan 1932 skriv David Seierstad i «Bygdefolket» at «Bygdefolkets Krisehjelp er en upolitisk organisasjon». <sup>150</sup> Det vil seie at samarbeidet med Nasjonal Samling kom til sinns i laupet av det første halve året i 1933. I denne kampen stod Seierstad og Lien mot einannan, nok utan at det såg veldig motsetnadsfylt ut den gongen. Eg har gjennom heile framstillinga lagt vekt på motsetnadene mellom Seierstad og Lien, det gjer eg her au.

Innleiinga til det som hender vidare er rådsmøtet 21. januar 1933. Her skulle dei kome fram til korleis Krisehjelpa skulle opptre ved stortingsvalet same hausten. Det kom ikkje til noko endeleg vedtak om dette; styret fekk fullmakt til å opptre som det ville og oppgåva gjekk vidare til Olav Lien og han skulle undersøkje «den formelle side ved å stille egne liste til stortinget». Han kom fram til at «B. K. ikkje akter å opptre som eget parti». <sup>151</sup> Fullmakta lever like vel vidare, og var viktig i dei krumspringa Lien gjorde på førsumaren 1933.

### 4.2. Seierstad og Lien i same båt

*«To menn i en liten båt. Et monster under dem.»*

*-Frå vaskesetelen til «Havboka»*

Olav Lien sat med det praktiske arbeidet, som redaktør for «Bygdefolket» og leiar i Arbeidsutvalget. Krisehjelpa var i stadig pengemangel, og kom jamvel til å få gjeld for utgjevinga av avisa. Dette gjorde at han fleire gonger skreiv til Seierstad at Krisehjelpa måtte få medlemer og avisa måtte få abonnentar. Nesten kva enn det måtte koste. For å få inn pengar laut

<sup>150</sup> «Til Bygdefolkets lesere» i «Bygdefolket» 24/12-1932

<sup>151</sup> Skriv frå Lien «Til styremedlemmer i Bygdefolkets Krisehjelp» 27/2-1933, NS20

dei byggje ut organisasjonen. Interessen var alleireie ute mellom folk og «nu må vi få bygdelagene i orden, for vi må ha penger». <sup>152</sup> «Vi må nu bare organisere, organisere, bli sterke», skreiv Lien;<sup>153</sup> han ville byggje ut Krisehjelpa slik at dei kunne legge press på stortingsvalet. Det galt å få starta bygdelag rundt om i fylka, særleg dei ikring Telemark.

Seierstad hadde godt ry på seg utover austlandsbygdene, og dette visste Lien. I fleire brev vinteren og våren 1933 ber Lien Seierstad om å skrive i «Bygdefolket». Seierstad kunne skrive «noen manende ord», om å stå saman «til redning av bygdene».<sup>154</sup> Han var nok ikkje like lett på pennen som Lien, men nokre stykke skreiv han i avis. Den 11<sup>te</sup> mars skreiv Seierstad i «Bygdefolket» at «Bønderne og bygdernes befolkning bør nu samles [...] og forlange levelige vilkår [...] Derfor inn i rekkene».<sup>155</sup> Lien hadde personlege mål om å styre ei stor og sterk Krisehjelp, og gjorde nok godt i å bruke Seierstad-namnet til fulle.

Våren 1933 vog Seierstad på å slutte som formann i Bygdefolkets Krisehjelp. Det er ikkje utenkjeleg at vervet kravde meir enn han hadde tenkt. Vervet hadde kosta, både tid, pengar og krefter; men han var nøgd med å ha gjort ei «god gjerning».<sup>156</sup> Lien freista med høgstemte ord å få Seierstad til å bli verande:

Du tar nok feil når du mener at storparten av våre medlemmer er av en annen innstilling enn du [...] [Det] er ikke kommunistisk radikalisme, det er [bøndene] som er våknet til et nytt og sprudlende liv [...]. Og du – David Seierstad – har vekket dem til denne fremmarsj. Du må ikke gå nu, din hær blir daglig større, det yrer og gror. Du må bli med til din funksjonstid utløper, det vil bli dig til den største heder, men hvis du går nu, så vil det bli misforstått i alle leire!<sup>157</sup>

Seierstad opplevde at han ikkje var stemd i same tone som ‘grasrota’ i BK. Som storbonde frå flatbygdene var han heller ikkje det. Seierstad sjølv oppfatta ein del av medlemsmassen som venstreradikale, som han nok hadde grunn til. Det var nok ikkje dette Seierstad hadde sett føre seg då han skipa Bygdefolkets Krisehjelp.<sup>158</sup> I hans hovud skulle ikkje bøndene opptre som kommunistar. For Lien var det viktig at Seierstad sat, og som vanleg visste han kva han skulle

<sup>152</sup> Brev frå Lien til Seierstad 20/5-1933, NS20

<sup>153</sup> Brev frå Lien til Seierstad 5/3-1933, NS20

<sup>154</sup> Ibid

<sup>155</sup> «Reis deg nu norske bonde» i «Bygdefolket» 11/3-1933

<sup>156</sup> Brev frå Seierstad til Prytz 23/6-1933, NS21

<sup>157</sup> Brev frå Lien til Seierstad 2/4-1933, NS20

<sup>158</sup> Jf. Frøland (1962): 47

svare, som me ser i sitatet over. Dette viser at Seierstad og Lien hadde ulike føremål og tankar om Krisehjelpa. Seierstad såg arbeidet i Krisehjelpa som ei velgjerning for dei mindre bøndene, medan Lien såg BK som sitt høve til å klatre politisk. Difor var det viktig for Lien at Seierstad sat i formannsstolen. Både som samlande symbol og for å unngå at det heile rakna. Seierstad vart sitjande, men han såg etter andre utvegar.

I starten av 1933 gjekk det «hårdnakkede rykter» om at Quisling skulle stille lister til valet same hausten.<sup>159</sup> Eit spørsmål som dukkar opp samstundes er om Bygdefolkets Krisehjelp skulle stille lister, eller kanskje til og med saman med Quisling. Som om ikkje knivane hadde delt BK nok allereie, kom desse spørsmåla opp. I januar hadde rådet gjeve styret fullmakt til å avgjere korleis BK skulle opptre ved valet i oktober. Oppgåva gjekk vidare til Arbeidsutvalget og Olav Lien. Han kom i februar fram til at «B. K. akter ikke å optre som eget parti». Like vel so merka han at sinnelaget endra seg utover våren, og mellom andre Seierstad kunne tenkje seg eit samarbeid med til dømes Quisling. Olav Lien er ikkje glad i denne tanken. Han meiner at BK bør vente til siste liten med å avgjere å stille til vals eller ikkje; han skjuler ikkje at han sjølv held ein stor knapp på gå vidare som fagleg organisasjon. «Fra Stortinget vet jeg at de der frygter oss overmåte nu. Vi har det i vår makt å øve en voldsom innflydelse på høstens valg», skriv han til Seierstad i mars.<sup>160</sup> Som ein tilpassingsdyktig retorikar overdriv han for å få fram eit poeng. Det galt å få partia til å take inn mest mogleg av programmet til BK, og Lien var overtydd om at det ville dei få til godt. Om Quisling er ikkje Lien i tvil. «Vi må ikke innlate oss med ham», skriv han.<sup>161</sup> Quisling hadde vist den ideologiske profilen sin både som forsvarsminister i bonderegjeringane til Peder Kolstad og Jens Hundseid mellom 1931 og 1933 og etter avsløringerne om Nordisk Folkereisning.<sup>162</sup> Lien var skeptisk til både partidanning, samling og Quisling. Seierstad hadde ei anna oppfatning av Quisling og det komande NS.

---

<sup>159</sup> Brev frå Lien til Seierstad 5/3-1933, NS20

<sup>160</sup> Ibid

<sup>161</sup> Ibid

<sup>162</sup> Nordisk Folkereising var eit lite lag skipa av mellom andre Quisling, kaptein Fredrik Prytz og advokat Johan Hjort. Den hadde store likskapar med Fedrelandslaget og var forlauparen til Nasjonal Samling. Høidal (1988): 54ff

### 4.3. Kaste anker?

«*No er eg trøytt, no gjeng me og legg oss»*

*-Farfaren min, Hans Tangen (1925-2016)*

Mot sumaren 1933 nærma BK og NS seg einannan. So seint som 28. mai oppfordra Lien Seierstad om å skrive i lokalavisene om at folk frå bygdene skulle møte for å drøfte den vidare retninga til Krisehjelpa. For Lien var inkje avgjort. Nærast i same andedraget minner han Seierstad på at Fedrelandslaget hadde teke avstand frå Quisling og at formannen der hadde skrive at «partiet er dømt, ikke har det presse, ikke har det tilhengere». <sup>163</sup> Lien skulle hindre BK i å hamne i NS-brønnen; men BK trong vatn, og Seierstad ville ha vatn. I eit brev til kaptein Fredrik Prytz (altso til NS) skriv Seierstad, kanskje som ei påminning, at han hadde gått med underskot i arbeidet med Krisehjelpa. <sup>164</sup> Det kan verke litt som om Seierstad ynskte å kome seg unna BK, og at NS godt kunne take over lasset. I det same brevet til kaptein Prytz la Seierstad vekt på kor verdifull Krisehjelpa var, at Lien hadde «gjort en god gjerning» med å få inn medlemer frå fagrørsla og at retten til å gje ut til «Bygdefolket» var verd 10 000 kr. <sup>165</sup> Alt for å heve verdien av organisasjonen, og ikkje minst sitt eige arbeid. Skulle Krisehjelpa kaste anker?

Den 4<sup>de</sup> juli 1933 gjekk Krisehjelpa og Nasjonal Samling inn ein avtale.<sup>166</sup> Avtalen, eller «overenskomsten», inneholdt fem punkt, som kort var: Å take avstand «fra de revolusjonære partier», starte praktisk og andeleg samling med NS, avisar «Bygdefolket» skal gå til NS og so var det pengane, 5 000 kr. Dei skulle hovudsakleg dekkje over gjeld som Krisehjelpa litt ironisk hadde drege på seg. Lien tok ikkje del i overenskomsten, han låg heime og var sjuk. Det kan ha vore avgjerande. Han venta «å bli arbeidsfør igjen i september». <sup>167</sup> Godt over ei veke etter avtalen var ikkje Lien kjend med «de nærmere enkeltheter» kring avtalen. Det er ikkje utenkjeleg at han kan ha vore omgått av Seierstad og Quisling. Både dei ville ha ei snarleg avvikling. Det er rimeleg å tenkje at Quisling såg på Krisehjelpa som eit lite ‘amatørlag’ oppe i fjella, rettnok med verdifulle medlemer; og ville dimed ikkje dvele med samanslutninga. Lien var trøbbel; det var lite rom for forhandlingar.

<sup>163</sup> Brev frå Lien til Seierstad 28/5-1933, NS20

<sup>164</sup> Brev frå Seierstad til Prytz 23/6-1933, NS21

<sup>165</sup> 10 000 nærmare seg 400 000 i 2017-kroner, Noregs Bank

<sup>166</sup> Til Landsstyret for Bygdefolkets Krisehjelp, NS21, jf. omtale av avtalen i kapittel 2. David Seierstad

<sup>167</sup> Brev frå Lien til Nasjonal Samling 14/7-1933, NS21

Samarbeid vart det, og Lien laut berre vere med på det. «Som De kanskje vet lykkedes det ikke mig aa komme løs fra B. K.», skrev Lien til «Statsraad Quisling». <sup>168</sup> Han seier ikkje noko om kvifor han ville «komme løs», men det har noko med glideflukta mot Nasjonal Samling. Som Seierstad vart Lien sitjande; og han kjempa for å berge stumpane. Etter at han vart kjend med overenskomsten, kom han med motstand til Quisling. Det var ikkje protestar, det var juss. Overenskomsten var ikkje gild. Han viser til at «rådet(50 mann), hvert arbeiderpartimannen C. A. Madsen er formann, [er] organisasjonens høieste myndighet.» <sup>169</sup> Rådet kom ikkje til å like overenskomsten. I tillegg hadde fleire fylkeslag vedteke å stille eigne lister. Det var vanskeleg å komme unna. Han trekkjer fram eit strategisk «resonnement» og skriv til Nasjonal Samling at han ikkje kan gå med på ope samarbeid mellom BK og NS eller å gå ut mot Arbeidarpartiet: «Jeg antar De er klar over at B. K. vil miste omrent alle de medlemmer som sogner til arbeiderpartiet, dersom noe blir offentliggjort før valget.» <sup>170</sup> Utvegen Lien såg var å nytte fullmakta styre hadde fått i januar til å opptre ved valet. Når skaden først var skjedd («overenskomsten»), ville han at partiet Bygdefolket og NS «i det stille samarbeidet under valget». <sup>171</sup> Sjølv om Lien nok hadde litt rett i resonnementa sine, hadde han baktankar med motstanden. <sup>172</sup> Han leitte fram resonnementa for å unngå to ting. Han ville ikkje at BK skulle misse medlemer frå Arbeidarpartiet, og han ville vente med noka form for samling. Lien ville ikkje at NS skulle sluke BK, og ved å utsetje alt til etter valet fekk han meir tid og om NS gjorde det därleg kunne det heile kanskje koke bort.

Svaret kom beint attende. Lien fekk i vite at no som avtalen var inngått, «så vil også De loyalt holde Dem til hvad der er avtalt». <sup>173</sup> Men Lien hadde eit lite ess i ermet, nemleg at BK og partiet Bygdefolket var to organisasjoner, litt som Bondelaget og Bondepartiet. Solei kunne NS samarbeide med partiet og ikkje med det eigentlege BK. Dette var ein viktig del av grunnen til at NS ikkje greidde å sluke BK.

---

<sup>168</sup> Brev frå Lien til Quisling 12/7-1933, NS21

<sup>169</sup> Brev frå Lien til Nasjonal Samling 14/7-1933, NS21

<sup>170</sup> Ibid

<sup>171</sup> Ibid

<sup>172</sup> Fleire skriv at samarbeidet mellom NS og BK var spikaren i kista for BK. Høidal (1988): ?, Nerbøvik (1991): ?

<sup>173</sup> Brev frå Quisling til Lien etter 14/7-1933 (udatert), NS21

#### 4.4. Smeltedigelen

Avtalt eller ikkje, samarbeidet mellom Krisehjelpa og Nasjonal Samling vart ikkje gjort offentleg i «Bygdefolket» før 19<sup>de</sup> august.<sup>174</sup> Medan kampen om lagnaden til Krisehjelpa gjekk føre seg i det stille, gjekk livet sin vante gang i «Bygdefolket». Her er det skrive mykje om kva som hender og om kva ulike folk i BK tenkjer, men minst like interessant er å få fram syna, på mellom anna arbeidaren og fascismen. Fleire i BK ser på arbeidarane med avstand og age. Ein av dei skriv under løyndenamnet «Åleiv», som stadig skriv i «Bygdefolket». Han seier at «det er sant, arbeidsløysa er ei landsulukke».<sup>175</sup> Når det ikkje finst pengar til å «få arbeidslivet i sving», «nyttar [det] ikkje bare å rope naudsarbeid og forsorgen».<sup>176</sup> Åleiv skriv at det er nok av arbeid ute på bygdene, men det manglar pengar: «*Var det bare arbeidet det kom an på so skulde her snart bli velstand på bygdene. Men no er det pengane det spørst om, og då må det bli smalhans på bygdene.*»<sup>177</sup> Det er pengeveldet, eller «Jødeveldet»<sup>178</sup>, som nokon kalla det, som er fienden, ikkje arbeidarane. Avstanden til arbeidarane dukkar opp i tiltaka mot arbeidsløysa. «Fær bare bonden sig skikkeleg betala for sitt arbeid, so kan han ogso leige arbeidsfolk og då minkar arbeidsløysa», hevdar han. Ikkje det same som me finn i til dømes partiprogrammet til Arbeidarpartiet.<sup>179</sup> Bonden eig framleis produksjonsmidla, og det er jo heile føremålet med Bygdefolkets Krisehjelp: Lat bonden eige garden sin. Like vel syner dette at mange i BK ikkje såg arbeidaren som ein fiende. Dette tek ikkje utan vidare pulsen på BK, medlemene var uvanleg spreidde politisk og meiningane til éin kan ikkje stå for særleg mange fleire; men det er fleire som skriv det same. Den før omtala Hans Kvandahl skriv om arbeidaren på ein litt annan måte. Han ser motsetnaden mellom dei som lagar og dei som kjøper. «Produsenter plyndres ut [...] ved [...] alle de svære skatter og avgifter [som] vesentlig tjener bl. a. til de svære lønninger», skriv han. Ein annan stad i same artikkel skil han mellom dei som skaffar dei verkelege verdiane, «mens hele industriens folk er lønnsmotagere».<sup>180</sup>

Fleire stader var Krisehjelpa klandra for å vere kommunistar, særleg frå dei borgarlege avisar som «Aftenposten», og frå «de sande bankboktroende og de partipolitiske

<sup>174</sup> «Samling. Bygdefolket og Nasjonal Samling går sammen i Telemark» i «Bygdefolket» 19/8-1933

<sup>175</sup> «Arbeidsløysa på bygdene» i «Bygdefolket» 14/1-1933

<sup>176</sup> Ibid

<sup>177</sup> Ibid, uthøva med kursiv i artikkelen

<sup>178</sup> «Jødeveldet» i «Bygdefolket» 8/4-1933

<sup>179</sup> I prinsippprogrammet til Arbeidarpartiet for 1930 stod det at det var deira oppgåve å «føre kampen helt frem, til det arbeidende folk er blitt herre over jorden og produksjonsmidlene og fri for den kapitalistiske utbytning»

<sup>180</sup> «Håpløse tider med nutids politikere» i «Bygdefolket» 4/2-1933

prinsippryttere».<sup>181</sup> Som me såg framom vart Krisehjelpa ‘skulda’ for å vere kommunistisk av sjølve formannen, David Seierstad. Med eit tjukt lag ironi svarer avisas med å melde at «’Aftenposten’ opdager en ny stor kommunistorganisasjon. [...] Disse forslagene moskoviter har skjult sig under navnet ‘Bygdefolkets Krisehjelp’».<sup>182</sup> Vidare stend det at ein del av leiarane i BK kanskje har noko å skjule; nemleg at dei eigentleg ikkje er kommunistar: «Kamerat Seierstad måtte tilholdes ikke å nevne noe om sin innsats i den borgerlige samfund [...] [han må] benekte sig og alt fraleggje sig alt kjennskap til gårdene Seierstad og Slagsvold».<sup>183</sup>

Det er nokre emne som ofte dukkar opp. Det er «gjeldsslaveriet» og fråværet av rettferd overfor bygdefolket. Fiendane er politikarar og bankfolk. «Vi har jo hele tiden arbeidet for å bevise, at bonestanden er urettferdig behandlet på grunn av valutapolitikken», skriv Seierstad.<sup>184</sup> Ein annan skriv at «dessverre, et meget stygt diktatur har i stillhet fått sneket sig inn over oss. *Gjelden.*».<sup>185</sup> Alle parti har eit eller anna diktatur i «baklommen», men Krisehjelpa har samla opp det «som ennu finnes av sant demokrati i landet».<sup>186</sup> Det er ein utbreidd i idé i krisehjelprsørsla at bøndene har vorte trælar under kapitalen og viser mellom anna til Søren Jaabæk:

«Av trell er du kommen,  
trell skal du bli  
som trell skal du gjenopstå!»<sup>187</sup>

Og direktør Rygg er slaveherren når «bygdefolket kjem under pisken som negerslaven».<sup>188</sup> So sjølv om det ikkje er lett å finne noko felles mål for krisehjelparane, korkje dei på toppen eller botnen, har dei den same fienden.

#### **4.5. Ein opp og ein ned**

David Seierstad og Olav Lien var ikkje Bygdefolkets Krisehjelp, men med dei so møtttest to store straumdrag som levde i Krisehjelpa. Som me har sett talar nokre om arbeidarane og bøndene som motsetnader, slik som ‘dei eldre’ i Bondepartiet; andre aktar arbeidaren meir.

<sup>181</sup> «’Fascisme’» i «Bygdefolket» 21/1-1933

<sup>182</sup> «Kampen mot kommunismen» i «Bygdefolket» 6/8-1932

<sup>183</sup> Ibid

<sup>184</sup> «Bygdefolkets Krisehjelp» i «Bygdefolket» 15/10-1932

<sup>185</sup> «’Fascisme’» i «Bygdefolket» 21/1-1933

<sup>186</sup> Ibid

<sup>187</sup> «Kampen mot kommunismen» i «Bygdefolket» 6/8-1932

<sup>188</sup> «Direktør Rygg bør bygge krematorium åt alle bondelika!» i «Bygdefolket» 21/1-1933

Ei sak eg har gjeve stor plass i dette kapittelet syner ikkje berre korleis Seierstad og Lien var ulike på mange plan, men au at dei tok opp i seg desse straumdraga. Seierstad frå topplaget, Lien frå botnlaget. Det er saka om glideflukta mot Nasjonal Samling.

For å samanfatte glideflukta: BK fekk ikkje gode samtalar med dei andre partia. Rådet gav styret fullmakt til å opptre som dei ville ved stortingsvalet i januar 1932. Nokre månader seinare, i mars-april truga Seierstad med å gå av som formann, men vart sitjande etter at ordsmeden Lien skreiv til han.<sup>189</sup> Då såg Seierstad godt mot det nye partiet NS i mai; der Lien gjorde alt i si makt for å hindre noko samarbeid, gjekk Seierstad i det eine møtet med Quisling etter det andre. Etter at Seierstad hadde gått med på å slå saman BK og NS, ville Lien halde samlinga løynd til etter valet.



*Bilete 5: Rivalar i samarbeid. Her ser me Quisling (t.v.) og Lien før valet i 1933. Biletet er henta frå «Bygdefolket» 2/9-1933.*

Kva kan dette seie om Seierstad og Lien? Dei stod på kvar side i saka om Quisling; men var det berre politisk overtyding som styrde dei? Det er tvilsamt. Seierstad nærma seg 70 år på denne tida, og hadde nok ikkje store draumar om å leie bygdenoreg til siger. Nerbøvik (1991) skriv at han likte rolla som gallionsfigur, og ynskte nok å kunne stå fram som ein slags sosial mesen for

<sup>189</sup> Eg er uviss på om det Lien var avgjerande i å få Seierstad til å bli verande; men det er ikkje utenkjeleg.

bondestanden. I brevet til Prytz la han vekt på kor mykje han hadde lagt i arbeidet med Krisehjelpa. Mellom anna hadde han «skrevet over 800 breve sist aar som min porto konto sier». <sup>190</sup> Det er nok prisen han tenkjer mest på. Som eg har vore inne på var ikkje det so ille sidan han opplevde å ha gjort ei god gjerning. Men han såg seg nok ferdig med gjerninga, han hadde blitt hylla på møte og vorte akta av høgreradikale i Oslo. Korkje Nerbøvik eller Frøland kjem noko særleg inn på kvifor Seierstad valde Quisling. Frøland er inne på at Seierstad ikkje var robust nok til å takle dei moderne politiske stridene. <sup>191</sup> Han var nok kome i utakt med tidene, det å vere formann innebar so mykje anna enn han hadde tenkt seg. Difor ville han gå av; men kvifor ville Lien ha han med? Frøland er inne på dette au. Seierstad var eit verdifullt namn å ha med seg. Lien ville gjere det meste utav Krisehjelpa. Det ser ut til at Lien nytta både Seierstad og Krisehjelpa til å klatre politisk. Han hadde gått frå bondeson til lærd og ville vidare; til Stortinget. <sup>192</sup>

Lien ville ikkje vere med i ei Krisehjelp under Quisling; dette har tre grunnar. Lien var nok rett ut politisk usamd med Quisling. I tillegg er det rimeleg å gå ut ifrå at Quisling stod fram som ein rival i augo hans Lien. Quisling hadde nøytt stor gaum etter han kom heim frå Russland og vart statsråd i Bondepartiregjeringa (1931-1933); han hadde jamvel vore på tokt i Telemark sumaren 1932, og fekk brei støtte. <sup>193</sup> No jakta han på Krishjelpa. Då Krisehjelpa skulle stille liste var Olav Lien den sjølvsagte toppkandidaten, kva ville hende om Quisling tok over?

Nerbøvik spør seg om Lien ville kome Quisling i forkjøpet, for Lien freista å gjere BK til det som quislingane aldri kunne bli på bygdene. <sup>194</sup> Lien hadde store voner med Krisehjelpa, mykje større enn å bli lagt under eit lite og ukjend parti som neppe kom til å få inn nokon på Stortinget. Med Lien sine augo voks Krisehjelpa utover landet og fleire fylke hadde «lag og styrer i hver eneste bygd». <sup>195</sup> Som den eigentlege utøvande makta i Krisehjelpa opplevde nok Lien at han fekk utretta noko før Quisling kom honom i vegen. «I disse fylker er vi sikre på å få inn en eller fleire menn, hvilket N. S. umulig vil greide», skriv han til Quisling. <sup>196</sup>

---

<sup>190</sup> Brev frå Seierstad til Prytz 23/6-1933, NS21

<sup>191</sup> Frøland (1962): 47

<sup>192</sup> Dette er eigentleg ganske tydeleg. Dette vart sagt i samtidia av mellom andre arbeidarpartipolitikaren Olav Scheflo, og av Frøland og Nerbøvik. Jf. Frøland (1962): 50 og Nerbøvik (1991): 77

<sup>193</sup> Nerbøvik (1991): 207

<sup>194</sup> Ibid: 212

<sup>195</sup> Brev frå Lien til Seierstad 13/3-1933, NS20

<sup>196</sup> Brev til frå Lien «Til Nasjonal Samling» 14/6-1933, NS21

Frøland skriv noko eg har sett fleire stader: «Krisehjelpen og Lien var ett og det same. Bare få måneder etter stiftelsen tok han ledelsen og beholdt den i tre år». <sup>197</sup> Det vil seie gjennom heile 1933. Det er tvilsamt at hans «ord var lov innen krisehjelpen», som Frøland skriv vidare. For Olav Lien ville ikkje inn i NS, og i alle fall ikkje gå ut med noko samarbeid føre valet, men det var akkurat det som skjedde.



---

<sup>197</sup> Frøland (1962): 48

## 5. DAVID, OLAV OG NOKO I MELLOM

Dei førande folk i Bygdefolkets Krisehjelp var ikkje mange. Eg har vald to, Seierstad og Lien, til å dykke ned i Krisehjelpa og i det norske samfunnet elles. Seierstad var ein av ‘bygdas beste menn’, eller han freista nok å leve opp til dette biletet. Han var storbonde, stor nok til å gjere mykje anna. Difor var han involvert i det meste som gjekk føre seg i heimbygda, og var det me kan kalle ein ‘ivrig snorklyppar’. Han meinte at moderniteten og staten før urett ut over bøndene, og det var hans ansvar å gjere noko med dette. Dette var ein viktig bakgrunn for at han var med på bondemøte som endte i BK.

Olav Lien kom frå ein annan kant. Han voks opp på ein mellomstor gard i Telemark, gjekk skulevegen og vart sakførar. Han stod opp for dei svake i samfunnet, men for Lien var ikkje staten nokon motstandar, kanskje ikkje moderniteten heller. Fienden var kapitalismen og pengepolitikken. Krisehjelpa var ei vidareføring av det han gjorde som sakførar; han vart raskt den mest sentrale av leiarane i Krisehjelpa. Dei to hadde ulik bakgrunn, men var samd i kva som var problemet i samfunnet; tvangsauksjonane. Dei hadde derimot ikkje den same førestillinga av korleis løysinga såg ut. For Seierstad var løysinga å slå saman BK med Nasjonal Samling. Lien, som nok skjøna dei politiske utviklingane, ynskte at BK skulle stå åleine.

Grunnane til dette er både ideologiske, men ikkje minst personleg. Seierstad hadde etter minder enn halvanna år oppdaga at han ikkje var samstemd med ‘medlemsmassen’ i BK. I tillegg til dette meinte han sjølv at han brukte mykje pengar på ‘den gode gjerninga’. Dette gjorde at Seierstad såg seg ferdig med Krisehjelpa. Samstundes såg Lein høvet til å klatre politisk, BK seg stort og stemninga for å stille lister til stortingsvalet 1933 vokste. Lien, med omsyn for dei svake i samfunnet, såg nok at han kunne gjere meir på Stortinget enn i Krisehjelpa åleine.



# **DEL III**

*Heimsyn*



## 1. BYGDEFOLKETS KRISEHJELP VAR IKKJE ÅLEINE

Når nokon skal til å rydde seg eit gardsbruk, ute i ein skog eller oppe i ei fjellside, gjekk dei ofte rundt om for å sjå seg om etter beste staden og etter kvart for å planleggje tuftene. Kvar skulle våningshuset stå, stabburet og fjøsen. Dette vart kalla *å heimsjå seg*. Dei såg seg om på den nye heimen. Dette er opphavet til omgrepene *heimsyn*. Men det kan au vere noko litt anna, for «med ei onnor Vending kann ein ogso kalla det ei Heimsyn elder Heimsjaing, naar unge Folk vilja sjaa seg i Kring i den store Mannheimen». <sup>198</sup> Det vil seie når folk vil ut i verda for å lære om korleis ho er, og i dette kapittelet er det det me skal. Me skal ikkje so langt, men me hever blikket opp frå David Seierstad, Olav Lien og Bygdefolkets Krisehjelp og utover mot andre delar av det norske samfunnet. Me kjem attende til Den norske trekanten som eg omtala i DEL I. Eg skal gå gjennom nokre andre samanslutningar som verka på same tid som Krisehjelpa og som delvis delte syn med Krisehjelpa.

### 1.1. Tida for fylking

Mellomkrigstida var tida for dei mange lag og rørsler som skulle verje og vende landet. Mellom desse var det ein kamp om kva Noreg eigentleg var og kva det skulle vere. Den veksande og radikaliserte arbeidarrørsla, den fylgjande otta for arbeidarrevolusjon, den store arbeidsløysa og dei dårlege tidene for industrikapitalistar og bønder var ein bakgrunn for desse sterke motsetnadene. Mange skulda på moderniteten, mange på kapitalismen, og mange på demokratiet. I alle fall blømde idéen om at venstrestaten hadde feila. Like vel ser det ut til at dei fleste heldt seg innanføre rammene til venstrestaten for å få fram bodskapen sin, dei organiserte seg, skipa parti og dreiv valkamp eller var i samråd med styresmaktene. Mange dreiv kanskje i gråsona eller tilmed ulovleg verksemnd, men i det store biletet var det lova som rådde. For mange var det jo den dei skulle verne.

### 1.2. Mellom arbeid og kapital

Dette kapitlet samanliknar; mellom Bygdefolkets Krisehjelp og eit lite utval andre samanslutningar. Samanlikninga har to føremål, å setje BK inn i hopen av rørsler og å kunne danne eit ideologisk omriss. Folka i Bygdefolkets Krisehjelp, i alle fall i leiinga, kom frå ulike

---

<sup>198</sup> Aasen (1875): 1

politiske leirar. BK hadde ingen uttala politisk ideologi, og hadde tankegods frå alle kantar. Sjølv om Krisehjelpa oftast har blitt nemnd som fascistisk eller i alle fall som ein reaksjonær organisasjon på ytre høgre, synast det rimeleg å sjå på kva som skil BK frå både ‘høgresida’ og ‘venstresida’, og kva som er likt. Difor vil dette kapitlet ha tre delar, den fyrste om dei ‘nasjonale’ eller ‘antirevolusjonære’ samanslutningar, og ein om arbeidarrøsla med tre underdelar om Arbeidarpartiet, Mot Dag og Småbrukarlaget. Det siste er ei samanlikning og historisk utvikling der bøndene og arbeidarane fann saman, som dei gjorde i Krisehjelpa. Kjeldstadli skriv i band 10 av *Aschehougs Norgeshistorie* (1994) at det var tre vegar å gå etter krigen (1914-1918), *restaurasjon, reform* eller *revolusjon*. Reform ser ut til å vere lite populært.<sup>199</sup> Restaurasjon, kanskje personifisert av Nicolai Rygg og revolusjon representert av Martin Tranmæl var dei store retningane.

---

<sup>199</sup> Jf. Kjeldstadli (1994): 86

## 2. OTTA FOR OMSTØYT

For ein del var nok lufta ganske spent i Noreg på starten av 1923. Jamvel frettast dei i Kristiania om at arbeidarrørsla planla revolusjon til våren.<sup>200</sup> Mellom mange borgarlege og andre som ikkje sokna til dei revolusjonære var det ei fryktstemning. Frykt for revolusjon eller andre samfunnsomveltingar. Med samtida sine augo var kanskje ikkje dette so rart. Kommunistane hadde gripe makta i det mektige russiske riket, og prøvd seg mellom anna i Finland og Tyskland. Arbeidarpartiet var revolusjonært som aldri før og ein utsending frå Moskva hadde talt til landsstyret i januar same året at «revolusjonsforsøket måtte komme til våren [...] Hvis ikke kunne det hele koke bort».<sup>201</sup> I Arbeidarpartiet var det rett nok ikkje semje om revolusjonen, men det «skulle meget til for å oppfatte det».<sup>202</sup>

Dei tre rørslene eg skal sjå på her er Fedrelandslaget, Samfundsvernet og Selskapet Ny Jord. Desse har på sine eigne vis noko å føye til det politiske biletet som omkransar Bygdefolkets Krisehjelp. Her er det mange andre rørsler som like gjerne kunne fått gaum, men eg har vald desse. Eg deler desse rørslene i to delar, den *funksjonelle* og den *ideologiske*. Den funksjonelle er det Frøland kalla reint faglege oppgåver, altso kampen for føremåla. Den ideologiske er kva leiarane eller medlemene tenkte om kvifor rørsla, eller korleis rørsla var ein del av ein idéstraum i samtida.

### 2.1. Fedrelandslaget

I januar 1925 kom eit svar på samfunnsfaren; Fedrelandslaget vart stifta på eit overfylt opningsmøte med den radikale arbeidarpartisekretären Martin Tranmæl midt i salen.<sup>203</sup> Truleg sat det partifeellar på galleriet i salen, og Tranmæl skulle gje teikn om retorikken mot arbeidarrørsla vart for ille. Mange i arbeidarrørsla kalla medlemane i Fedrelandslaget for fascistar, og sette seg til motverje.<sup>204</sup> Det var den unge ingeniør Lehmkuhl, som med politiske kontaktar skipa laget. Føremålet var å tvinge fram borgarleg samling, både for å kome utor krisa og for å demme opp mot kommunistane. Den fyrste store politiske oppgåva dei fekk var «tusen dagers valgkamp»; det var valkampen etter at kong Haakon VII hadde blitt «kommunistenes

---

<sup>200</sup> Norland (1973): 9

<sup>201</sup> Ibid

<sup>202</sup> Ibid

<sup>203</sup> Ibid: 39f

<sup>204</sup> Ibid: 74

konge».<sup>205</sup> Medlemene kom frå ‘alle hald’, det vil seie alle dei borgarlege partia; so ironisk nok fekk ikkje Fedrelandslaget samla seg nok til å kunne slå til med full kraft. Det var kanskje stort i medlemstal og kjende personar, men ikkje i slagkraft og gjennomføring.

Laget hadde to oppgåver; det fyrste var å svare på den revolusjonære propaganda eller «slå revolusjonen ned», som rektoren, arbeidarpartipolitikaren og seinare kringkastingssjef Kaare Fostervoll skriv.<sup>206</sup> Det andre å kjempe for borgarleg samling. Tanken om borgarleg samling var ikkje uvanleg på 1920- og 30-talet. Både det parlamentariske kaoset og styrken i Arbeidarpartiet var næring til samlingstanken. Her ser me ein tydeleg avstand til Bygdefolkets Krisehjelp. Krisehjelpa var i utgangspunktet tverrpolitisk med ein sterk avsmak for partipolitikk. Mellom mange av leiarane i BK var avsmaken like vel mest mot Arbeidarpartiet, og fleire av dei, mellom anna Seierstad vanka i det same politiske miljøet som Fedrelandslaget; miljøet kring Quisling.<sup>207</sup> Fedrelandslaget fekk med seg Fridtjof Nansen, Christian Michelsen gjennom kontaktane til Lehmkuhl og kopla seg til andre gjæve namn, som Roald Amundsen.<sup>208</sup> Fedrelandslaget var eit lite lag, som inneheldt store namn.<sup>209</sup>

Fedrelandslaget hadde ein mykje tydelegare ideologisk profil enn BK; dei var anti-revolusjonære og streva for borgarleg samling. Det er vanskeleg å gje slike merkelappar til BK. Den store likskapen mellom Krisehjelpa og Fedrelandslaget må vel seiast å vere det anti-parlamentariske preget. Ingen av dei var eintydig imot partipolitikken eller parlamentarismen, men dei var tydeleg fråstøytt mange politikarar. Jamvel var det dei i Krisehjelpa som ynskte demokrati i staden for «et meget stygt diktatur har i stillhet fått sneket sig inn over oss. Gjelden».<sup>210</sup> Fedrelandslaget gjekk ut mot manglande samarbeidsvilje, og arbeidde for å bli ein «borgerlig fellesorganisasjon».<sup>211</sup> Dei kalla det med ulike namn, men var det so stor avstand? Det

---

<sup>205</sup> Norland (1973): 97, det siste sitatet er frå kongen. Då Ivar Lykke frå Høgre gjekk av etter valframgangen til Arbeidarpartiet, oppmoda han kongen til å be ein frå Bondepartiet om å danne regjering. Men kongen stod fast på den konstitusjonelle sedvanen og skal ha sagt: «Jeg er også kommunistenes konge». Frå kongehuset.no

<sup>206</sup> Norland (1973): 35

<sup>207</sup> Eg kan jo nemne Seierstad og herremiddagane.

<sup>208</sup> Fedrelandslagets Ungdomsavdeling stelte i stand ein folkefest for Amundsen i 1926. Jf. Bilettekst i *Hårde Tider* (1973)

<sup>209</sup> «Lite» er eit relativt omgrep, det var ikkje stort nok til å gjennomføre mange av dei viktige måla sine.

<sup>210</sup> «'Fascisme'» i «Bygdefolket», 21/1-1933

<sup>211</sup> Norland (1973):72

er ikkje slik ut. BK ville ha dei dei kalla «sant demokrati»;<sup>212</sup> Fedrelandslaget ville ha samling for å unngå kaos, og ville slettes ikkje ha noko diktatur.<sup>213</sup> Det verkar litt som ordklyveri.

Me har vore inne på det, men kva er den ideologiske sida bak Fedrelandslaget? Laget sviva litt mellom å vere framtidsretta, men samstundes verne om det gamle. Dei har ingen tydeleg målsetjing om å sjå fram eller attover, om eg skal freiste å ha Den norske trekanten i bakhovudet. Kanskje var det slik at dei skulle byggje ei ny framtid for å verne om gamle bygnader. Ein del frå Fedrelandslaget gjekk over i NS etter at det vart stifta i 1933, og det er eit tilsynelatande hopehav mellom desse to. Like vel var det stor motstand i Fedrelandslaget mot Quisling og NS, og som Andreas Norland (1973) peiker på, ynskte ikkje medlemene nokon nazisme.

## 2.2. Samfundsvernet

I tidene då frykta for revolusjonen var på det mest intense, hendte det fleire stader i landet at bønder og borgarar væpna seg. Våpen vart kjøpt inn og ulike former for ‘borgarvern’ dukka opp. Johan Galtung fortel at familien hans på vestkanten i Oslo i 1930-åra «[satte] [...] trelepper for kjellervinduene og [passet] på». <sup>214</sup> På Toten kjøpte bøndene 200 revolverar for å verje seg mot verdsrevolusjonen.<sup>215</sup> Kva David Seierstad gjorde oppi dette veit eg ikkje, men eg ser det ikkje usannsynleg at han var med. I fareåret 1923 vart det skipa eit landsomfattande privat borgarvern, *Samfundsvernet* (SV).<sup>216</sup> Vernet auka raskt og det var oppretta avdelingar i heile landet. Dette viser at frykta for revolusjon var stor. Avdelingane stod for å kjøpe inn våpen og trenere opp paramilitære ‘vernadar’. Oppgåva Vernet sette seg føre var å stogge ein kommunistisk revolusjon, som ikkje synast langt unna. Her kan me skimte to parallellear til Krisehjelpa. Ikkje berre med otta for kommunistane, som ein del i leiarskapen kunne svare for, men at både rørslene var tufta på å verne om eigedom og samfunnsform. Organisasjonen var løynd fram til 1928, då han stod fram med mål og middel mellom anna i *Tidens Tegn*.

Fram til 1936 var det ikkje ulovleg med private væpna organisasjonar; forbodet i 1936 var spikaren i kista for SV. Fram til 1928 levde organisasjonen mellom å vere løynd og å samarbeide med styresmaktene. Vernet hadde eit underleg høve til staten. Fleire stader

<sup>212</sup> «'Fascisme'» i «Bygdefolket», 21/1-1933

<sup>213</sup> Nordland (1973): 289

<sup>214</sup> Galtung (2000): 22

<sup>215</sup> Karsrud, 1985

<sup>216</sup> Ibid, Samfundsvernet er her jamt kalla «Vernet»

samarbeidde Samfundsvernet med lensmannen, og i 1928, etter at Vernet hadde kome opp or grunnen, meinte Oslo politi, Riksadvokaten og fleire at Samfundsvernet var lojalt og lovlydig. I motsetning til Justis- og Politidepartementet.<sup>217</sup> Leiarane håpte på å samarbeide meir formelt med staten. Det var ein vilje til å tene som omframtpoliti i fall revolusjon, og oppgåva skulle vere å fylle gapet frå uroa tok til og at politiet eller militæret var på plass. Det la dessutan vekt på å halde seg til den lovlege vegen og skulle berre opptre «efter oppfordring av lovlig myndighet».<sup>218</sup> Leiarane for lokale avdelingar meldte ifrå til lensmennene om kor mange dei var og at dei stod til teneste. Det var usemje om kor lovleg Vernet var. Etter at SV hadde stått fram valde statsråd Håkon Evjenth (1894-1951) å gå i samarbeid med Samfundsvernet, men ute i politidistrikta var det i beste fall lunka stemning. I tillegg var ikkje vernarane rundt om heller alltid like flinke til å melde seg; det kom nok av manglande disiplin og organisering. Det var dette leiarane ynskte seg, «men det gikk jo ikkje».<sup>219</sup> Like vel synast det at styresmaktene såg litt mellom fingrane med SV, for med veksande arbeidarparti og stor uro i mange land, var det kanskje litt greitt å ha ei omframverje. SV har vore samanlikna med ulike ‘frikompani’ som det tyske SA (Sturmabteilung); samanlikningane synast å rekkje langt, men stoppar med målsetjinga om samarbeidet med staten.

Samfundsvernet har to sider eg vil sjå litt på, den funksjonelle og den ideologiske. Den funksjonelle sida til Samfundsvernet er å verje landet og folket mot revolusjonen. Det kan verke som sume folk til sume tider rett ut var redd for revolusjonen, redd for liv og eigedom. Slik Galtung fortel om livet og haldningane på vestkanten i Oslo, var det ei frykt for kva arbeidarane kunne finne på, ingen visste kva som ulma i arbeidarstroka i byen.<sup>220</sup>

Kva kan eg seie som den ideologiske sida? SV var tufta på antikommunisme, og sprang utifrå overklassen. Det handla om å verne verdiar, men det var nok ikkje berre den materielle sida som låg til grunn. Eg vil seie at det låg eit gunnlag av idéen om det gode samfunnet. Det borarlege-demokratiske samfunnet var a priori godt. Det heile handla om å *verje*; verje det samfunnet dei hadde. Her ser me tydeleg lina til BK, det galt å verne om det gode samfunnet. Altso både materielt godt og moralsk godt.

---

<sup>217</sup> Karsrud, 1985

<sup>218</sup> Brev til justisdepartementet i 1928, frå Karsrud (1985)

<sup>219</sup> Karsrud, 1985

<sup>220</sup> Galtung (2000): 22ff

### 2.3. Selskapet Ny Jord

Frå midten av 1800-talet og framover, var det frå Noreg stor utvandring til særleg Amerika. Tidleg i utvandingstida kalla nokon det som ‘det moderne vikingtokt’. Seinare vart utvandinga sett på som negativ «årelating av den nye nasjonen» og Emigrasjonsselskapet (seinare Selskapet Ny Jord) vart stifta i 1908 med denne bakgrunnen.<sup>221</sup> Dette selskapet hadde som dei andre nasjonal-borgarlege rørslene to sider, den funksjonelle og den ideologiske. Selskapet dreiv med organisert bureising, altso rydding av grunn til gards bruk. Den hadde altsø det me kan kalle reint ‘faglege oppåver’. Selskapet hadde fleire ‘funksjonelle’ tufter. Det fremste var å stogge utvandinga, fremje sjølvberging og hindre at den driftige ungdomen skulle gjere andre samfunn til gode. Mange hadde i åra etter 1905 store idéar om framtida og utvandring «vart sett på som eit trugsmål mot bygginga av den nye nasjonen».<sup>222</sup> Ei anna slik tuft vart viktig etter 1918, sysselsetjing og sjølvforsyning. Bureising var i seg sjølv ein god medisin mot eit stadig meir forkome samfunn, det skapte ein ny generasjon som var sunn til sinns. Lukka låg i levande landbruk. Desse idéane kan me jamføre med den eldre generasjonen i Bondepartiet, som eg omtala i DEL I. I tillegg var bureisinga god arbeidspolitikk, og fekk med kvart god støtte i fleire parti, mellom anna Bondepartiet og Arbeidarpartiet.<sup>223</sup> Desse to partia stod au sterkt i Krisehjelpa, ikkje minst gjennom Seierstad og Lien. Vidare var det god matpolitikk, eg har nemnt kornspørsmålet og Terje Vigen-frykta i 1920-åra. Desse to, arbeid og mat, gjorde at Selskapet fekk god tilgang til statlege pengar. Ny Jord samarbeidde tett med styresmakter og flaut litt på tverrpolitisk semje, medan tankane bak var å verje (idéen om) bondesamfunnet og samfunnet slik det var.

Den ideologiske sida er ikkje heilt ulik den i Krisehjelpa. Folka og idéane knytt til selskapet var eliteprega og nostalgiske, med idéar om den sjølvstendige bonden som ryggrada i samfunnet.<sup>224</sup> Denne omtalen kjenner me både frå David Seierstad og Olav Lien, om so med andre ord. Mykje av det me kan seie om bureisingsrørsla kan me seie om dei førande folk i Bygdefolkets Krisehjelp. Det var ikkje stort hopehav mellom desse skipnadene, men dei hadde mange felles tufter. Sjølv om dei store menn i Ny Jord var attoversynte var det framtida dei ville byggje; og som me skal sjå var dei med på det, au på vis som ikkje var tilskikta. BK hadde ikkje

<sup>221</sup> Tangen (1995): 157

<sup>222</sup> Ibid: 159

<sup>223</sup> Tilhøvet mellom Arbeidarpartiet og bureisinga kjem eg til i neste kapittel

<sup>224</sup> Tangen (1995): 155ff

store tankar om framtida, anna enn at bonden skulle på bli på tuftene sine. Men Bygdefolkets Krisehjelp ville verje om det Ny Jord ville byggje.

Selskapet hadde til liks med Mot Dag stort sett støttespelarar frå dei høge lag i samfunnet, men til hjelps for ålmugen. Der stoppar au likskapen til Mot Dag. Selskapet var, særleg etter 1918, antirevolusjonært. Bureising var sett på som eit godt tiltak mot radikale idéar, berre gje dei jordlause ein spade mellom hendene og litt jord under skoa. Eg skimtar litt «brød og sirkus». (Felles: Markens grøde, ideen om sterke nydyr, i s.).) Bureising var med på å styrke det stabile i samfunnet, som var endå ein grunn for staten å støtte Selskapet. Ein del av tanken til bureisarfedrene var å kunne samle arbeid og kapital, ein tanke som ikkje var uvanleg i samtid og som NS etter kvart tok til seg. Her kan eg leggje til filmen «Unge Viljer» som nettopp tek opp dette med bureising og verdien av å sameine mellom arbeid og kapital. Her er au ei kopling til Bygdefolkets Krisehjelp, det er tydeleg at NS i denne filmen har ‘teke over’ ein del av tankegodset til Krisehjelpa.

Den store skilnaden mellom BK og Ny Jord i vår samanheng er at Selskapet Ny Jord hadde sterke band til Bondepartiet og vidare til staten. Ny Jord tok mellom anna i mot pengar frå staten. I tillegg var elitepreget i Ny Jord tydelegare, med di personane her var betre nasjonalt kjende og fungerte meir på riksplan. Me finn like vel ikkje det same ‘kjendispreget’ som Fedrelandslaget hadde.

Idétuftene her har mykje til felles med idéen om den sterke nybrottsmannen Isak Selanraa i romanen Markens grøde av Knut Hamsun; som han fekk Nobelprisen i Litteratur for i 1920.

### 3. ARBEIDARRØRSLA

Som me såg i DEL I og II, hører Bygdefolkets Krisehjelp vanskeleg til noka politisk blokk. Difor skal eg her sjå om og i kva grad BK hadde sosialistiske eller revolusjonære drag. Det kan både kome frå den grunnleggjande antikapitalistiske haldninga eller dei mange som sokna til Arbeidarpartiet. I tillegg kan det jo vere at naud fører til ei meir ålmenn omveltingslyst; ‘nauð lærer naken kvinne å spinne’? For ein ting som i minsto kan få meg på denne tanken er biletet av fortvilte og arge bønder som med høygaffelen i handa ‘kuppar’ ein tvangaksjon. Likskapen til den revolusjonære arbeidaren på torget med hamaren i handa er tydeleg.

Rørslene på arbeidarsida var ganske annaleis dei borgarleg-nasjonale. For dei la eg fram ei ikkje ukjend inndeling mellom det ideologiske og det funksjonelle, som gjorde at eg kunne seie noko meir enn den reine effekten av rørslene. Dette skiljet synast ikkje like sterkt for arbeidarrørsla. Det funksjonelle og det ideologiske gjekk meir hand i hand.

#### 3.1. Arbeidarpartiet

Etter revolusjonen i Det russiske riket i 1917, radikaliserte Arbeidarpartiet seg og førebudde seg på verdsrevolusjonen. Den gamle lovlydige generasjonen var på veg ut, allereie før krigen.<sup>225</sup> Arbeidarpartiet var på papiret eit revolusjonistisk parti i tida 1918-1933, og der var mange som ikkje var ‘hobbyrevolusjonære’. Arbeidarpartiet kjempa einsidig for arbeidarane på 1920-talet.; det gjorde dei gjennom to pilarar, lovleg og ulovleg. Partiet kjempa for å gjere liva deira betre, med åtte timer arbeidsdag og liknande, og gjennom å arbeide for revolusjonen. Det var nok ein del som røysta Arbeidarpartiet for betre løns- og arbeidsvilkår, og ikkje for revolusjonen.

Oppslutnaden om det nasjonale og sameinande Arbeidarpartiet syner dette. Som me skal sjå var det usemje på denne kanten au, men i minsto såg det ikkje slik ut frå utsida.

Eit spørsmål her er korleis var den norske sosialismen, gjennom Arbeidarpartiet? Særleg på 1920-talet. Den var radikal og revolusjonslysten; men ikkje samd. Krigen hadde vist korleis det borgarlege samfunnet ikkje fungerte og at det i alle fall ikkje var til gagns for arbeidarane, dei vart jo sende til fronten. I Noreg var det ingen front, men arbeidarane leid på andre vis, løningar, prisar og arbeidsvilkår kunne sosialistane trekkje fram. Målet til Arbeidarpartiet var det omvelta eller omforma Noreg, avhengig av kven du spurde. Fienden var tydeleg, dei som stod for det

---

<sup>225</sup> Kjeldstadli (1994): 86

etablerte, kapitalistar og tradisjonalistar, dei som utnytta arbeidet til andre, her er ein tydeleg parallel til Krisehjelpa. I Noreg vart dei mindre bøndene etterkvart sett på som ein del av ‘det arbeidande folk’, som er eit omgrep vidare enn arbeidar. I 1930 stod det i det prinsipielle programmet at

[B]ønder og fiskere tvinges inn under kapitalens herredømme, idet denne tilegner sig den reelle makt over deres jord og produksjonsmidler, og utbytter dem stadig sterkere ved å kreve rente og profitt av deres arbeide.<sup>226</sup>

Renter og profitt er eg interessert i her. Renter var berre ein annan måte for kapitalen å utnytte arbeidarar på. Det synast at Arbeidarpartiet meinte at bøndene åtte jorda på papiret, medan bankane hadde den eigentlege makta. Tvangsauksjonar kan vere døme på det. Ein bank som kravde uvørne renter av arbeidet til bonden var det same som ein industriherre tente på arbeidarane. Det er vel det Marx kalla ‘meirverdi’.<sup>227</sup> ei anna form for utbytting enn lønsarbeid. Arbeidarklassen har ikkje tradisjonelt hatt mykje eigedom og har heller ikkje hatt store vanskar med gjeld. Var dette ei utstrekkt hand til delar av bondestanden? Med tanke på kor stor makt bøndene hadde i det norske samfunnet, jamfør Den norske trekanten, er det ikkje overraskande at arbeidarane strekte ut hender. Arbeidarpartiet såg eit klassekilje i bonestanden.<sup>228</sup> Husmenn og småbrukarar sokna til arbeidarane, medan storbøndene (kaksane)<sup>229</sup> sokna til kapitalistane. Storbøndene tente på at dei *åtte*, og trong ofte ikkje å arbeide stort. Ein mindre storbonde kunne ha ein dreng attåt med eige arbeid, men bonden tente mest. Småbrukarane arbeidde for maten. Difor vart dei ofte rekna til ‘det arbeidande folk’, og skulle ikkje vere redde for eigedomane sine.<sup>230</sup>

Utover 1930-talet endra Arbeidarpartiet syn på kven som skulle vere rekna til kva side; det vil seie kven som skulle leve under oreigningsskrømtet.<sup>231</sup> På fyrsten av tiåret var idealet smågardar eller samvirkegardar, der dei større gardane anten skulle vere delte opp i mindre bruk

<sup>226</sup> Aps prinsippprogram 1930

<sup>227</sup> Tranøy, 2017

<sup>228</sup> Om me hugsar modellen av Den norske trekanten i DEL I, hadde nok Arbeidarpartiet ei litt anna oppfatning av korleis den skulle ha sett ut. Sett bøndene på toppen og ‘bourgeoisien’ i pila mot borgarane og ‘proletariatet’ i pila mot arbeidarane.

<sup>229</sup> Jf. Kjeldstadli (1978): 56 og fleire

<sup>230</sup> Altso gardar som «hensiktsmessig kan drives ved en enkelt families arbeidskraft», utdrag frå pariprogrammet til Arbeidarpartiet i 1933. Kjeldstadli (1978): 221, jf. Ideala i Ny Jord

<sup>231</sup> Kjeldstadli (1978): 264ff

eller omgjorde til samvirke. Partiprogramma røyvde seg vekk ifrå samvirke og sosialiserte bruk etterkvart, og det vart tydelegare at «enkeltmannsbruket [...] forblir grunnlaget for den norske jordbruksnæring». <sup>232</sup> Dette møtte synet til sjølv konservative krefter i bonde- og borgarsamfunnet; ikkje minst møtte det syna til Seierstad og Lien.

Eit utspring av denne småbruksideologien var støtta til bureising. Bureising hadde, som me har sett, mange ‘borgarlege’ og ‘nasjonale’ argument; men bureising var ikkje berre god oppdemningspolitikk for dei borgarlege. Arbidarpartiet ville demme opp mot fascistene. <sup>233</sup> Endå meir interessant er det at mange i Arbeidarpartiet brukte bureising for å demme opp mot industrialistane, i eige parti. Det var eit spørsmål i partiet om i kva grad dei skulle statse på ei «nasjonal fabrikkreising» eller bureising for å møte arbeidsløysa. <sup>234</sup> Bureisinga var lite dugande og hjelpte ikkje industriarbeidaren, var argument mot bureisinga. <sup>235</sup> Men bureisaren var moralsk høgverdig og han fortente stønad frå staten. Han skapte verdiar for samfunnet og han levde opp til idealet om «enkeltmannsbruket». Ein del av desse bureisartankane var sett på av partifeller som «reaksjonære». <sup>236</sup>

Det var tre endringar som gjekk føre seg på 1930-talet. <sup>237</sup> Arbeidarpartiet vende seg meir og meir mot den lovlege pilaren, som eg har nemnd; dette gjorde at partiet trond breiare folkeleg grunnlag og freista innpass på landsbygda. Grensa mellom storbønder (rekna til kapitalen) og småbønder (rekna til arbeidaren) var ei line i sanda, ho var i alle fall lett å flytte. Stadig større gardar var på rett side, og jamvel kunne det få slenge ein og annan drengen. Etterkvart fekk storbonden «en slags betinget nøytralitet», ei stilling mellom arbeidaren og kapitalisten. <sup>238</sup> Dette vart lettare på grunn av den tredje endringa på 1930-talet, nemleg at storgardane i mindre grad var grunnlag for rikdom. Ei utvikling som har drive på heilt fram til i dag.

### **3.2. Mot Dag**

Ein interessant organisasjon som levde i mellomkrigstida er Mot Dag. Den vart stifta som ein del av Arbeidarpartiet i mars 1922. Sameininga var laust tilknytt partiet, og flakka ein del rundt i den revolusjonære delen av arbeidarrørsla. Ein periode med Arbeidarpartiet, ein med NKP og

<sup>232</sup> Frå partiprogrammet i 1933 i Kjeldstadli (1978): 224

<sup>233</sup> Kjeldstadli (1978): 251

<sup>234</sup> Ibid: 250f

<sup>235</sup> Ibid: 251

<sup>236</sup> Ibid: 252

<sup>237</sup> Jf. Kjeldstadli (1978): 267

<sup>238</sup> Kjeldstadli (1978): 265

innimellan stod Mot Dag fritt. Organisasjonsforma er ganske ulik dei andre samanslutningane eg ser på; dei hadde partiet til Lenin som førebilete. Det var strenge krav til disiplin og at medlemene var aktive; so det var prega av unge og ivrige folk. Medlemene var sterkt knytt til leiaren Erling Falk – den sterke mann. Det kan få oss til å tenkje på «kong David» sjølv om han hadde meir uro i rekkjene.

Mange av dei vart seinare sentrale politikarar, forfattarar og samfunnstoppar.<sup>239</sup> Mot Dag var like mykje ein bokklubb som ein kamporganisasjon. Medlemene gav ut bøker (mellom anna Arbeidernes Leksikon i 1933), diksuterte og agiterte. Det var ein intellektuell elite som gjekk til åtaks på den økonomiske eliten. Motdagistane, som medlemene blir kalla, såg på seg sjølv som den opplyste delen av arbeidarrørsla. Dei skulle, i lag med «arbeiderbevegelsens revolusjonære kraft», vere grunnlaget i det nye samfunnet.<sup>240</sup> Mot Dag stod bak *Arbeidernes Idrettsforbund* og *Arbeidernes Aftenskole*. Særleg det siste, i lag med utgjevinga av Arbeidernes Leksikon, viser kva motdagistane såg på som sin oppgåver, nemleg dei oppgåvene som «særlig lå til rette for intellektuelle».<sup>241</sup> Mot Dag skil seg soleis ut frå dei andre rørslene eg har sett på ved det sterke intellektuelle elitepreget. Motdagistane var idealistar som meinte dei gjorde samfunnet ei god gjerning.<sup>242</sup> På denne måten likna Mot Dag på topplaget i Bygdefolkets Krisehjelp, der særleg Seierstad sjølv sa at han kunne leve med det økonomiske tapet sidan han (og Lien) hadde gjort godt for dei norske bønder.<sup>243</sup>

På (i alle fall) eitt punkt møtast dei radikale frå høgre og venstre, slik som Mot Dag og BK. Det er i kritikken mot partipolitikken og parlamentarismen.<sup>244</sup> Der Arbeidarpartiet fekk stadig større slagseite mot den ‘lovlege pilaren’ mot og innpå 1930-talet, var Mot Dag ironisk og kritisk til dette. Bygdefolkets Krisehjelp og Mot Dag hadde ulike grunnar til å avvise partipolitikken og ulike løysingar, men fellesskapen her er tydeleg.

Kva meinte so Mot Dag om Bygdefolkets Krisehjelp? Det einaste eg har funne ut om kopling og synsing mellom Mot Dag og Krisehjelpa er i avisas «Bygdefolket». I oktober 1932 hadde Studentersamfundet i Oslo heldt eit møte med og om Bygdefolkets Krisehjelp. Olav Lien og David Seierstad var med, og Lien hadde heldt eit føredrag på nesten to timer. Seierstad eit

<sup>239</sup> Lundgren, 1984

<sup>240</sup> Ibid

<sup>241</sup> Ibid

<sup>242</sup> Ibid

<sup>243</sup> Brev frå Seierstad til Prytz 23/6-1933, NS21

<sup>244</sup> Lundgren, 1984. Kanskje kan eg hinte på «den sterke mann»? i tillegg. Jf. Nerbøvik (1969): 42

kortare innlegg. Frå Mot Dag var Trond Hegna med på møtet: «Cand. philol. Trond Hegna uttalte sig vesentlig I tilslutning til Sunnanaa, og mente for sin del at Krisehjelpens mål var berettiget og fortjente arbeidernes støtte». <sup>245</sup> Klaus Sunnanaa, seinare fiskeridirektør, var formann i Studentersamfundet og sjølv medlem i Mot Dag. <sup>246</sup> Han hadde til liks med Hegna støtta talane til Seierstad og Lien.

### 3.3. Småbrukarlaget

I ei tid då småbrukaren fekk stadig betre ry som samfunnsaktør, vart det skipa eit småbrukarlag under namnet Norsk Småbrukerforbund i 1913. Seinare kvart det heitande Norsk Bonde- og Småbrukarlag. Småbrukarlaget likna meir på dei laga eg tala om i fyrste bolken, på den måten at eg kan lettare skilje det funksjonelle frå det ideologiske. For den funksjonelle var å verne om småbrukarane og deira interesser. Den ideologiske er absolutt ikkje eintydig, med ein del om småbrukaren som noko grunnleggjande godt. «Arbeidet adla mannen». <sup>247</sup> Denne tanken er å finne både hjå Ny Jord, Krisehjelpa og andre stader. Der mange heldt på bondestanden som det bærande i samfunnet, slipa Småbrukarlaget og Arbeidar demokratane dette ned til småbrukarane. Å drive jorda (sjølv) gav ikkje grobotn for klassekamp. <sup>248</sup> Kanskje av denne grunnen heldt laget på tanken om bureising som god krisepolitikk i arbeidskrisa på 1920-talet. <sup>249</sup> Det er vel ikkje utenkleleg at Småbrukarlaget hadde nyvervingar i minnet. Her stod Småbrukarlaget på line med Selskapet Ny Jord og ikkje minst Arbeidarpartiet; hopehavet mellom Arbeidarpartiet og Småbrukarlaget er ikkje uvesentleg. Ord som ‘arbeitarbonden’ og ‘landarbeidar’ vart bruka og i periodar freista fleire både frå DNA og Småbrukarlaget å få til eit tettare samarbeid. <sup>250</sup>

Småbrukarlaget var meir lunken til paripolitikken enn til dømes Bondepartiet, Arbeidarpartiet og ikkje minst Bygdefolkets Krisehjelp. «Vi lider under følgene av verdenskrigen», sa generalsekretær Halvdan Egeberg i 1930. <sup>251</sup> Altso ikkje (direkte) av paripolitikken. Her er det lett å sjå føre seg arven etter Venstre, som Småbrukarlaget i lang tid stod nært. Fleire av dei sentrale i laget var venstremenn føre 1918 og arven kunne henge lenge

<sup>245</sup> «Frå Studentersamfundets møte med Krisehjelpen» i «Bygdefolket», 15/10-1932

<sup>246</sup> Finstad, 2009. Eg kan som ein liten kuriositet nemne at Sunnanaa vart «sekretær ved krisehjelpskontoret ved Fiskeridirektoratet» i 1935.

<sup>247</sup> Tøsse, 1980

<sup>248</sup> Ibid

<sup>249</sup> Feiring (1988): 71

<sup>250</sup> Ibid: fleire stader

<sup>251</sup> Ibid: 90

etter di. Arbeidardemokratane var det andre store partiet som dominerte Småbrukarlaget. Dei låg i skjeringa mellom Venstre og Arbeidarpartiet. Småbrukarlaget ota seg mellom ulike parti.

Småbrukarlaget ber på mykje av det same som BK. Der var mange som sokna til både Arbeidarpartiet og dei borgarlege (mest Venstre), Laget søkte å vere politisk uavhengig og det hadde ein pragmatisk haldning til bønder og særleg småbrukarar. I samtida var ikkje likskapane like tydelege, eller det var kanskje nettopp det dei var; dei konkurrerte om dei same medlemene. «Leiinga i [Småbrukarlaget] prøvde å teie den nye [Bygdefolkets Krisehjelp] i hel.»<sup>252</sup> Dei hadde difor disjunkte kjerneområder; der BK var sterkt, var Laget veikt og motsett. Krisehjelpa synast å vere ein motstandar; medan Norsk Skog- og landarbeider forbund, som var ein del av Arbeidarpartiet, kunne dei samarbeide med. I ei slags arbeidsfordeling; Småbrukarlaget kunne arbeide med jordbruksspørsmål og Skog og Land med løns- og arbeidsforhold.<sup>253</sup> Like vel ser eg den tverrpolitiske naturen og det politiske samarbeidet mellom fiendar som viktige trekk både i Småbrukarlaget og Krisehjelpa. Dei store skilnadene er at Småbrukarlaget vart teke seriøst av det politiske Noreg, serleg av Venstre og Arbeidarpartiet. Ein annan motsetnad er at Småbrukarlaget ynskte å samarbeide med staten, og ein del av krava inneheldt stønader frå det offentlege. Biletet av bonden under Guds frie himmel, som me kjenner frå Bondelaget, er mindre tydeleg. I tillegg var metodane veldig ulike. BK skydde ikkje kvasse ord eller høygaflar medan Småbrukarlaget helst heldt seg til politisk påverknad.

---

<sup>252</sup> Feiring (1988): 91

<sup>253</sup> Ibid: 90

## 4. VENER OG UVENER: MOT EIN MIDDELVEG

Det stend i den jødiske Talmud at han som kan vende ein fiende til ein ven er mektig. Dét synest rimeleg å seie i samhøvet mellom Bondepartiet og Arbeidarpartitet, eller bondestanden og arbeidarklassen inn mot Kriseforliket.

Det er fleire trekk i det me har sett på som peiker fram mot Krisefoliket i 1935. Det første er dei ‘store trekka’, med haldningsendringa både i Bondepartiet og Arbeidarpartiet. Bondepartiet vart meir marknads- og statsvenleg og Arbeidarpartiet minder revolusjonært. Det heile starta i organisasjonsmangfaldet på 1920- og 30-talet, om ein ikkje vil trekkje det endå lenger attover i tid, som kampen om konsesjonslovene rundt århundreskiftet.

Om me skal sjå litt dialektisk på dette med arbeidarrørlse, revolusjon, vern og nasjonale rørsler, so synast det rimeleg å nemne arbeidarane for *aksjonen* (tese), og dei mangfaldige nasjonale rørslene for *reaksjonen* (anti-tese). Det synast i alle fall rimeleg i vår samanheng.<sup>254</sup> Kanskje var Krisehjelpa ei *syntese*? I alle fall kan me finne tankar frå både arbeidarrørsle og borgarleg side, slik som denne songen «Akkord», som stod på trykk i «Bygdefolket».

### 4.1. Norsk trekant med mange sider

Kjeldstadli skriv om Den norske trekanten som deler samfunnet opp i tre polar, *bønder, arbeidarar og borgarar*; der bøndene er attoversynte og arbeidarane framoversynte. Det biletet eg har vist i dette kapittelet er noko meir finmaska og rotete; det er gjort for å få fram det kaoset og mangfaldet som fanst. Endå er det mange rørsler eg ikkje har sett på, som NKP, Arbeidets Frihet, Høgre og mange fleire. Det verkar som at trekanten har mange sider, sjølv om eg kan vere einig i at det er tre grunninteresser.

Me har sett på ein del tankar og straumdrag som gjeng på tvers av polane, særleg mellom bønder og arbeidarar. Dei tre rørslene i og kring Bygdefolkets Krisehjelp, Selskapet Ny Jord og Småbrukarlaget var tverrpolitiske på det viset at fleire parti over klassegrensa på Stortinget var

### Akkord.

Mell: Internasjonalen

Op alle jordens budne træller  
op I som motgang knuget har  
Vi teller sammen våre gjeller  
og til akkord vi gjør oss klar  
Den gamle gjeld vi bare stryker  
kom skarer, kom i tallrik flokk  
Vi akkorderer så det fyker  
fra oss ½ pct. er nok.

Så møtes vi på Valen  
tror vi byr ½ pct.!  
Mot Internasjonalen  
går farten ganske purt.

<sup>254</sup> Sjølv om det i mange andre samanhengar er ‘det borgarlege samfunnet’ som er tesen og revolusjonen som er anti-tesen. Jf. Marx’ tankar i Skirbekk og Gilje (2000): 230

med. I Arbeidarpartiet var det sterke krefter som ville ha med delar av bonestanden i klassekampen, og Mot Dag gav Krisehjelpa livsretten. Det er synet på bonestanden, småbrukaren og bureising som i denne framstillinga har vore ein målepinne for denne overgangen mellom bondesida og arbeidarsida. Bureisinga fekk stor støtte frå mange hald og som me har sett heng det ideologisk saman med Krisehjelpa. Ikkje minst viser ho godt brytinga mellom det gamle og det nye.

Eg la i DEL I opp til ein vidare omtale av tilhøvet mellom det moderne og det tradisjonelle. Etter å ha gått gjennom både Seierstad, Lien, Bygdefolkets Krisehjelp og ei lita rekkje andre rørsler, kan eg take oppatt tråden. På overflata kan det verke som om Seierstad og Lien er modernist-tradisjonalist-tvidraget i ‘personform’, og at dei hører til ulike delar av Den norske trekanten. Seierstad var attoversynt og ville verje bondesamfunnet mot den moderne og kommunistiske fare. Staten og økonomane var fiendane. Moderniteten var ikkje ein uttala fiende, men tydelege trekk ved den var det. Olav Lien gjekk ein annan veg. Der Seierstad arva garden etter faren sin og gjekk inn i ein tradisjonelt og opptrødd sti, drog Lien utanbygds for å gå på skule. Han budde fleire stader før han endte opp som sakførar i Kviteseid, eit nokso nyvore syssel. Han klatra på den sosiale stigen. Jamvel køyrde han bil innimellom.

Som me har sett er ikkje dette heile biletet. Seierstad var moderne på mange område. Han stod bak meieri og gamleheim, og ikkje minst gjekk han inn for å samle bonestanden og presse staten. Lien delte synet til mange på denne tida, nemleg at det gamle bondesamfunnet var det gode samfunnet. I omtalen av jordlova framom, som Lien ville endre, kjem det fram at føremålet var å verje om dette samfunnet. Her kan me gli over i tradisjonalist-modernist-delinga i meir ålmenn meinung. Olav Lien hadde ideal, men var nok å rekne som ein realist. Heile vegen stod han opp for dei svake i samfunnet; og på same viset som han gjorde seg til eliten for å kjempe mot eliten, tilpassa han seg det moderne for å få gjennom sin idé om det gode samfunnet. Dette er eit viktig trekk for tradisjonalistane. Berre det å organisere seg slik me har sett var eit nokso moderne fenomen. Det var i det heile mogleg med moderne teknologi, som jarnbane, bil, dampskip, telefon og aviser og tidsskrift. Om ikkje for noko anna enn å sende brev og informasjon raskt. Selskapet Ny Jord var ikkje framandt for å take i bruk nye landbruksmaskinar for å lettare kunne rydde nye gardar, og soleis var moderniteten i tradisjonalismens teneste.

På arbeidarsida synast biletet mest like utsøydeleg, særleg mot 1930-talet. Då gjekk Arbeidarpartiet meir og meir med på småbrukaren, ikkje berre som ein akseptert del av

bondestanden, men som eit ideal. Storbøndene var derimot eit akseptert vonde. Ein kan seie at når Arbeidarpartiet gjekk inn for å få med seg bøndene, var det av strategiske omsyn. Like vel er ikkje det alt. Om me trekker fram noko som eg har gjeve lite rom for i denne framstillinga, nemleg den kulturelle moderniseringa, so ser me litt det same biletet. Den moderne arbeidarkulturen var nemleg heller ikkje noko brot med den gamle folkekulturen, eller bondekulturen.<sup>255</sup> Som so ofte elles er det slik at det nye tek oppi seg mykje av det gamle.

So var det berre eit rangt bilet av arbeidarrørsla som hindra samarbeid? Krisehjelpa og arbeidarane hadde ganske ulike syn på kva som var det ‘endelege’ samfunnet. Sjølv om ingen av desse grupene var nøgde med samfunnet som det var, og hadde i stor grad dei same motstandarane –i tillegg var dei ikkje framande for å gå utanføre lova– var ikkje målet det same. Dei var samde i at veggen skulle målast i ein farge som ikkje var blå, og korleis, men kva farge skulle veggen ha? Grøn eller raud? To fargar som i 1920 var veldig ulike, og som etter mykje om og men like vel viste seg å vere ganske like eller i alle fall mogleg å sameine. I 1935 kom sameininga på veggen, og ho var blå.<sup>256</sup>

Den blåe veggen var Kriseforliket. I 1935 gjekk Bondepartiet og Arbeidarpartiet litt uventa inn i eit samarbeid. Arbeidarpartiet fekk regjeringa og Bondepartiet fekk gjennom ein del viktige saker. Dette kom av ei endring i både dei partia (for Bondepartiet, sjå DEL I). Lufta gjekk raskt utor Bygdefolkets Krisehjelp etter Kriseforliket. Inga krisehjelp utan krise.<sup>257</sup> Bygdefolkets Krisehjelp spelte på ein del av fellesskapen mellom forlikspartia, fleire år før sjølve Kriseforliket.

## 4.2. Krisehjelpa og dei andre

Mellom alt so ser det ut til at rørslene eg har sett på samla seg mot ein fiende; har me felles fiende, kan me stå i lag. Fienden kunne vere den politiske eliten, kapitalistane, bank- og pengefolk, arbeidarane, parlamentarikarar, eller andre som stod lagleg til for hogg. Samfunnet var i krise same kva augo du såg med, og nokon hadde skulda. So kven var fienden til Bygdefolkets Krisehjelp? Det korte svaret er Nicolai Rygg, Johan Ludwig Mowinckel og deira ektefødde barn parikrona; at kroneverdien skulle stige til gullverdien gjorde kronene og soleis gjeld ‘dyrare’ og tidvis vart det uråd å gjere opp for seg. Det var dét, og lensmannen,

<sup>255</sup> Kaldal 1995

<sup>256</sup> Sejersted (1995): 322f. Eg siktar til det Edvard Bull d.y. kalla «den organiserte kapitalisme»

<sup>257</sup> Jf. Seierstad-sitatet om at det er «den nuværende» krise som har skapt Krisehjelpa

kriehjelparane fylka seg imot. Sosialistane i Arbeidarpartiet klandra BK for å ha eit skrint syn på den økonomiske krisa, og det kan eg gje dei rett i.<sup>258</sup> Seierstad og Lien var ikkje like opptekne av ‘grunnleggjande samfunnsstrukturar’ eller skiljet mellom makar og smakar. Dei styrde ei kjensleladd gruppe av kollektivt gjeldstrøytte bønder.

Det synast tydeleg at Krisehjelpa hadde mange sider, med Seierstad frå Bondepartiet og Lien frå Arbeidarpartiet og endå eit knippe viktige folk frå andre parti. Om mange av dei andre rørlene heldt seg ‘innanføre strekane’ i den politiske fargeboka, var kanskje BK den gråblyanten som krota over alt. Eit felt der BK likna på ‘høgresida’ er organisasjonstype. Der dei borgarleg-nasjonale rørlene organiserte seg for meir eller mindre konkrete og kortvarige saker – bureising, parlamentarisk kaos, revolusjonsfare, tvangsauksjonar – samla dei raude seg i fellesorganisasjonar og styrte ofte etter ein noko meir ‘leninistisk partimodell’.<sup>259</sup> Dei raude samla seg for ei breiare og større sak, den fullstendige omveltinga av samfunnet, om enn i ulik grad og med ulike metodar. På den andre sida hadde BK ein meir vilkårslaus haldning til metoden og middelet. Fysisk og sosial makt og trugslar om vald var ikkje framand for kriehjelparane. «På den ene sida svarte de på krisa med en antikapitalisme som også førte til en radikal aktivisme med vilje til å bryte gjeldene lover», skriv Pax Leksikon.<sup>260</sup>

Vil det vere å trekke det for langt å sjå på kampen mellom den nye eigaren av ein gard og den gamle (rettvise) eigaren som ein liten revolusjon? Det sit ein urett herre på garden, og den gamle vil ha garden att. Eit maktskifte som skal skje med alle moglege middel, i BK sine augo.

Sjølv om det synast uråd å økonomisk eller ideologisk kunne plassere BK i Den norske trekanten, blir det kanskje litt lettare etter å ha gått igjennom andre samanslutningar; sidan det ikkje berre er BK som er i same tilstand. Den tverrpolitiske karakteren til Selskapet Ny Jord eller det ‘nøytrale allierte’ Småbrukarlaget viser at det var langt unna nokon reindyrka norsk trekant. Litt til liks med Småbrukarlaget var Krisehjelpa tilknytt ‘bondestanden’, men med ideologiske peik og likskapar med Arbeidarpartiet. Den reaksjonære retorikken og grunnsynet i (delar av) leiarskapen er like vel i motsetnad til arbeidarrørsla og småbrukarlaget, sjølv om arbeidarane ikkje er heilt fri frå reaksjonære syn. Mange i BK hadde medkjensle for arbeidaren og at «arbeidsløysa er ei landsulukke».<sup>261</sup> Retorikken liknar ofte på retorikken til ‘dei eldre’, jamfør

<sup>258</sup> Kjeldstadli (1978): 273

<sup>259</sup> Dette blir au kalla *demokratisk sentralisme*. Jf. Thorstein, 2014

<sup>260</sup> Pax Leksikon: «Bygdefolkets Krisehjelp»

<sup>261</sup> «Arbeidsløysa på bygdene» i «Bygdefolket» 14/1-1933

DEL I kapittel 4.2., altso at bønder og arbeidrarar er grunnleggjande motsetnader. Mellom anna meinte BK at krisa var to-delt:

Når ein arbeidsmann er arbeidlaus da er han ille faren, då stend han på bar bakke [...] Ikkje so med ein bonde. [...] han har stadig arbeid, *men han fær so lite for arbeidet.* [...] Og då munar det ikkje stort å ha arbeid. Ein er like sæl.<sup>262</sup>

Oppi dette tok dei innimellom avstand frå fascisme. I alle fall at Krisehjelpa stempla som «fascistisk». «Nei, krisehjelpsbevegelsen er så visst ingen fascisme. Fascismen er diktatur [...] Krisehjelpsbevegelsen er det diamentalt motsatte.»<sup>263</sup> Her er me inne på dette med *folkestyre*, som i stor grad er eit ideal for mange i «Bygdefolket». Dette viser at BK ikkje er interessert i førarprinsipp, men heller bondekommunalisme. Altso at bøndene og bygdefolket styrer seg sjølv ope og rettferdig. Skal me sjå på BK som ei gruppe på arbeidarsida med ein del reaksjonære mål, eller ei bondegruppe med radikale middel? Dette er det ikkje noko eintydig svar på.

Bondepartiet endra målgruppa frå «bøndene» til «bygdefolk» og Arbeidarpartiet frå «arbeidarklassen» til «småkårsfolk».<sup>264</sup> Tilnærminga førte til Kriseforliket. Om me seier at Bygdefolkets Krisehjelp hjelpte småkårsfolk, vert skjeringspunktet tydeleg; i alle fall retorisk. Dette er ein annan måte å sjå det me såg framom, nemleg at BK ikkje gjorde seg lett å plassere i Den norske trekanten. Skal me gå vidare på den tråden, kan me seie at Krisehjelpa hadde eit bein i arbeidarrørsla og eit bein i bonestanden i ei tid då stadig fleire fenomen, lovverk og grupper kom i same stilling (eg har allereie nemnd konsesjonslovene). Når den borgarleg-nasjonale sida kvitta seg med dei ‘høggreekstreme’ (Quisling m. fl.) og fellesskapen med den liberalistiske høgresida (som Høgre og dels Venstre stod for), såg dei hopehavet mot den stoverne sosialismen.

#### 4.3. Bygdefolkets Krisehjelp: Moral som ideologi

Det som kjenneteiknar rørslene på Arbeidarsida, leidd av Arbeidarpartiet, var ein felles ideologi. Bygdefolkets Krisehjelp hadde ein særleg laus ideologi, i den grad me kan snakke om ein. Uttrykket til Krisehjelpa var å vere spontan. Det var krisa som skapte Krisehjelpa, sa Seierstad. I

<sup>262</sup> «Arbeidsløysa på bygdene» i «Bygdefolket» 14/1-1933

<sup>263</sup> «Fascisme» i «Bygdefolket» 21/1-1933

<sup>264</sup> Nielsen (2011): 85

Krisehjelpa var like vel mange ideologiske personar, der Seierstad og Lien hadde kvar sin ideologi og sitt personlege føremål med Krisehjelpa. Det som merker BK er ikkje at det ikkje er snakk om ideologi, men at ho manglar ein felles ideologi. Dei hadde ein felles fiende, pengepolitikken og tvangsauksjonane. Sidan det er lettare å vere imot noko enn for noko, er det kanskje ikkje so rart at folk av so ymse slag kunne samlast under éi fane.

Kan me like vel seie noko om ein ideologi i Krisehjelpa? Det kan kanskje ligge noko som liknar på ein ideologi i kvifor dei fann saman mot pengeveldet. Seierstad og Lien, so ulike som dei var, skauv alt til sides for å kjempe mot to sider av éi sak: Tvangsauksjonar og renter. Desse to sakene har sterke røter attende til mellomalderen. Det er den gamle idéen om at bonden åtte jorda, nærmest som ein del av seg sjølv.<sup>265</sup> Å take høge rente var i mellomalderen ulovleg. Her kjem me inn på tanken om det moderne som øydelegg det gode samfunnet. «Rentelån må vera eit teikn på at verdi med store synder er sold til djevelen», stend det i «Bygdefolket».<sup>266</sup> Krisehjelpa skriv om eit feltrop: «Redningen for bønder og landarbeidere. La oss gi vår organisasjon litt av det vi eier for å bevare resten». Vidare stend det: «sort er vår fremtid, sort er vårt brød, sort er symbolet på bondens nød».<sup>267</sup>

Dette er idéar om at reglar og rett ikkje var det same. Det var beint fram noko feil med lovverket. For når lovlydige norske bønder blir kasta frå gard og grunn etter norsk lov, då er det noko som er gale. Tanken som synast å ligge bak, er at lovverket er og skal vere tufta på felles idéar om kva som er godt og därleg. No hadde det moderne samfunnet kome det gode i vegen, og trødd på eldgamle verdiar i det norske samfunnet. Lien er i alle fall inne på dette sporet då han var med på å endre jordlova som ein del av NS-staten. Bøndene opplevde å bli utnytta av det lovverket som skulle verne dei. Odelsretten og eigedomsretten stod fjellstøtt i Noreg. So kom byråkratar og økonomar med lovverket i handa for å bryte ned desse rettane.

Brød og heim er mykje viktigare enn pengar og politikk. Seierstad skriv at «mangen en strevsom og dyktig familie uforskylt er jaget ut frå hus og hjem».<sup>268</sup>



<sup>265</sup> ‘Garden som ein del av bonden’, ein referanse til Olav Lien-figuren i filmen Unge Viljer

<sup>266</sup> «Luther om rentelån» i «Bygdefolket» 3/9-1932

<sup>267</sup> Skriv «Til folket i Norges bygder», NS20

<sup>268</sup> «Til Bygdefolkets leser» i «Bygdefolket» 24/12-1933

## 5. EI LITA HJELP I EI STOR KRISE

På 1920- og 1930-talet var det mange som gjekk saman med løysingar på krisene, slik som Bygdefolkets Krisehjelp. Dei samla seg gjerne for eller imot revolusjonen. Dei som var i mot, samla seg for å hindre, motverke eller av rett frykt for fylgjene. Me er her attende til kven og kva som hadde skulda for krisa, det kunne vere det moderne samfunnet. Dei hadde ulike løysingar på krisene, der revolusjonen var ein av krisene. For Fedrelandslaget var løysinga borgarleg samling, altso at dei ‘ansvarlege’ partia på Stortinget skulle gå saman for å demme opp for Arbeidarpartiet. Samfundsvernet skulle kvele revolusjonen før den kom skikkeleg i gang. Både desse var tufta på idéen om at samfunnet var truga, og difor kan me seie at dei ville verje samfunnet, eller kanskje hevde verdiar frå gamal tid.

Arbeidarpartiet ville byggje ei ny framtid, men ei rettferdig framtid. Der hadde ikkje bankfolk stor plass, men bøndene fekk ein stadig større plass i arbeidaridealet. Bøndene vart utnytta på line med arbeidarane, meinte dei; det same meinte elitegruppa Mot Dag. Difor vart bureising ein stadig større del av krisepolitikken til Arbeidarpartiet, noko som gjorde at dei nærma seg både Småbrukarlaget og Selskapet Ny Jord –og ikkje minst Krisehjelpa. Ny Jord dreiv med nettopp bureising, og såg på dette som god krisepolitikk og for å hindre revolusjonen. Eg vil seie at å gjere folk, helst arbeidarar, om til bønder har same tankegrunnlaget som å verje bønder frå utkasting. Desse endringane me har sett, både i skiftet frå ‘dei eldre’ til ‘dei yngre’ i Bondepartiet og orienteringa mot bøndene i Arbeidarpartiet bana vegen opp til Kriseforliket.

Til sist spør eg om Bygdefolkets Krisehjelp har nokon ideologi. Det er det ingen grunnlag for å seie. Det er mange som er ideologiske, særleg i leiarskapen, men BK har ingen ideologi, dei har eit føremål. Dei som er med har like vel noko til felles, og det er ei rettskjensle, ein idé om kva som er moralsk rett. Dette er nok det nærmaste Bygdefolkets Krisehjelp kjem ein ideologi.



## SLUTNINGAR

*Med rike voner og ljose draumar<sup>269</sup>*

Kva har eg kome fram til?

I innleiinga stilte eg dette spørsmålet, som er rettesnor og føremål for framstillinga:

*Korleis viser David Seierstad og Olav Lien dei politiske brytningane og samspela i Bygdefolkets Krisehjelp?*

Fyrst gjekk eg gjennom ein del som har vore sagt om desse brytningane. Den norske trekanten til Knut Kjeldstadli er eit tema gjennom heile framstillinga, og dei politiske endringane i Bondepartiet og Arbeidarparitet har vore viktige. Dette var mellom anna for å knyte Seierstad og Lien opptil det politiske Noreg, for dei var forma av den tida dei levde i. Men ulike menneske blir forma på ulikt vis, difor gjekk eg nærare inn på liva deira. I den neste delen styrkte eg motsetnadene mellom dei, både gjennom å finne ut kven dei var og gjennom kva dei gjorde og meinte i Krisehjelpa. I den siste delen heva eg blikket, nettopp for å få eit tverrsnitt av brytningane som rådde tida eg har sett på (om lag 1931-1933). Både for å syne at Krisehjelpa kan samanliknast med ‘alle’ og for å vise at Den norske trekanten ikkje alltid er like gagneleg for å forstå einskilde personar eller grupper.

Spørsmålet mitt gjeng to vegar og har to lag. Det tek sikte på å finne ut korleis BK kan stå for ymse politiske straumdrag i Noreg, men au korleis det politiske biletet kan vere med for å forstå BK; dei to laga er å forstå Bygdefolkets Krisehjelp både innanfrå (DEL II) og utanfrå (DEL III). Men hovudvekta har heile vegen vore desse to herrar, Seierstad og Lien. Eg har med vilje unnlata å nemne for mange andre i Krisehjelpa, for å gjere framstillinga enklare.

Eg har kome fram til at Krisehjelpa ikkje lett vindt kan få noko stempel. Dette har både Frøland og Nerbøvik sagt før meg. Dette er ikkje like vanskeleg for Seierstad eller Lien. Seierstad var ein gamal romantikar som ville hjelpe bøndene attende til ei tid utan renter eller bankfolk frå Oslo. Han har vore kalla «politisk naiv», og det var nok grunnen til at han såg med von til NS, det var eit parti utan skuld. Lien var ein sjølvslift diamant. Han fann sin eigen veg opp til toppen. Det var ambisjonane som dreiv han fram, og han var flink nok til å fylgje dei.

---

<sup>269</sup> «Ungdomen» i «Bygdefolket» 28/1-1933

### **Bygdefolkets Krisehjelp gjennom David Seierstad og Olav Lien**

Bygdefolkets Krisehjelp hadde to lag, eit topplag og eit botnlag. Eg kan kanskje kalle dei ‘dei som ville hjelpe’ og ‘dei som trøng hjelp’. David Seierstad speglar topplaget godt. Gjennom livet hans, innlegg i «Bygdefolket» og standpunkt i Krisehjelpa var han nok ikkje atypisk. Korkje for dei førande i BK eller for sin generasjon eller stand. Difor lèt eg Seierstad stå for alle likesinna i Krisehjelpa. Bygdefolkets Krisehjelp var ein del av det sosiale programmet til Seierstad. Han hadde gjennom livet vore oppteken av å hjelpe dei som hadde mindre, gjennom ein indre «kvite manns byrde». Det var ikkje mange i Noreg som var i same stode som Seierstad, han var ein del av eliten. Eliten på den tida Seierstad voks opp var ofte dei som tok ansvar i bygda, og det kan sjå ut til at Seierstad freista å leve opp til eit ideal om å vere ein av ‘bygdas beste menn’.

Bygdefolkets Krisehjelp var ein led i dette; rett nok ein stor og viktig led. Seierstad såg på rolla si i bygda som ei samfunnsstøtte, og ville i det meste stå fram slik. Difor ville han gå av når arbeidet hopa seg opp, og når han oppdaga at han i utakt – både med tida og med folka under honom. Men han ville ikkje øydeleggje det han hadde bygd opp, som endå meir seier oss at han var oppteken av ettermæle og omdømme. Han ville ut for å ikkje verte knytt saman med venstreradikale, og han vart sitjande etter at han vart på mint om kva som kunne hende om han gjekk av.

Det er sagt at Olav Lien og BK var eitt og det same, ein påstand eg har stilt spørsmål ved. Eg viste gjennom NS-saka at Olav Lien slett ikkje fekk viljen sin. Han snirkla seg gjennom sumaren 1933 og freista å berge stumpar heile vegen. Det var Seierstad som selde Krisehjelpa til Quisling, og slik eg har skrive om det, var det delvis for å kome unna heile greia. Motsett var det med Lien. Der Seierstad utan større vanskar kan stå for ein større krins både i Krisehjelpa og i samfunnet elles, er der litt verre med Lien. Han var ikkje åleine i livsløpet, men som sjølvlært og med ei utvikla kjensle for rettferd, var han ikkje mellom mange. Olav Lien var ein person med mål i livet; heile livet tala han for dei svake og dei som var undertrykt. Som ‘mirakeladvokat’ i Telemark fekk han godt innblikk i korleis politikarar og andre utnytta bøndene gjennom mellom anna lovverk. Difor var det lovverket det var noko feil med; og dei som utøvde det. Helst det siste. Krisehjelpa var ein plattform for Lien til å endre på dette. Her hadde han med seg mange likesinna; det vil seie dei kriseråka bøndene. Med Krisehjelpa vona han å kunne hjelpe bøndene, men au kunne han etter kvart nytte BK for å klatre – inn på Stortinget. Til dette kunne korkje Quisling eller NS kome i vegen.

### **Rolla til Bygdefolkets Krisehjelp**

Me har sett at Bygdefolkets Krisehjelp ikkje var åleine. Der var mange om beinet for å berge landet. Kva var Krisehjelpa oppi alt dette? Ho stod fram både som revolusjonær og reaksjonær, radikal og konservativ. Det var nok krefter i BK som kunne stå for både det eine og det andre. Mange av dei andre skipingane hadde gjerne ei form for ideologi i botnen, i alle fall meir enn Krisehjelpa. Dette gjorde det nok vanskelegare å samarbeide med mellom andre politiske parti. Det skulle kanskje ikkje ha vore noko hinder i seg sjølv, men BK hadde ein utydeleg og ikkje minst ustyrleg omrit. Dei ‘etablerte’ visste ikkje kvar dei hadde Krisehjelpa, og då var det best å rekne henne til fienden. Til dømes Småbrukarlaget greidde å vinne tillit hjå partia på Stortinget. Småbrukarane og deira sak hadde mange øyro på Stortinget, medan bønder som nekta å gjere opp for seg og som braut lova hadde ikkje det.

Bygdefolkets Krisehjelp tok opp i seg drag som seinare førte til Kriseforliket. Eg skal ikkje trekkje dette for langt, men Krisehjelpa kan stå fram som ei umogen form av Kriseforliket. Utviklinga la opp til eit kriseforlik, med mange retningar som var samde på mange område, men som like vel ikkje greidde å finne saman. Mange saker, som me har sett, levde over partigrensene på Stortinget og i samfunnet. Saka mot tvangsausjonar var ei slik sak, men på grunn av omstenda og saka i seg sjølv stod det fram minder ryddig, som eg kjem attende til i neste punkt.

Krisehjelpa fanga opp i seg både retningar i tradisjonell – moderne-aksen. Felles for dei var at idéen om det gamle gjeldfrie samfunnet var idealet; for nokre var det au målet. Men BK fylgde med i tida, dei hadde skrivemaskin, bil, avis og meir. Det var ikkje alle sider ved moderniteten dei kjempa mot, difor kan det stå fram som sjølvmotseiande utan å vere det.

### **Eit rop frå djuphistoria**

Me gjeng attende til Ketil Eika i Bø i Telemark, som eg fortalte om heilt fyrst i framstillinga. For kva var det som eigentleg hendte der, historisk sett. Me veit at ein bonde skulle misse garden sin, og at Olav Lien var der. Var det opprørske bønder som ville sleppe å gjere opp for seg? Bønder som utnytta dei gode tidene utan å ville stå for di? Eller var det noko anna? Det heller mot det siste. Eg var inne på dette i den siste bolken før slutningane, nemleg at bøndene hadde ein ‘innebygd’ sans for rett og gale, ein idé om at garden ikkje utan vidare kan bli omsett i pengar. I filmen *Unge Viljer* talar Olav Lien-karateren stadig om «odels- og ættegården» som har vore i «familiens eie i hundrevis av år». Bøndene oppe på Eika stod i flokk og såg bistert på

lensmannen som gjorde si plikt. Kva fær elles trauste bønder til å gjere dette, det er når rett og plikt kom i strid.

Føremålet med Krisehjelpa var å stogge tvangsausksjonar gjennom å samle bøndene til motstand. Dei skulle hindre at bondefamiliar som ikkje kunne gjere opp gjelda si i tide vart kasta frå gard og grunn. Tvangsausksjonane var ei fylgleiing av endringar i samfunnet; prisen på pengar auka, og prisen på landbruksvarer fylgde ikkje etter. Endringane var altso utanføre både kva bøndene hadde skuld i og kunne gjere noko med. Her ligg den djupe kjensla av urettferd. Bøndene skapte verdiar dei ikkje fekk nyte goda frå av ein grunn som låg langt utanføre bonestanden. Det var inga naturkatastrofe, syndaren var menneskeskapt; modernitete og kapitalisme. Bøndene hadde ei felles moralsk rettskjensle, som kanskje kan stå fram som ein ideologi, i fråværet av andre sams ideologiar. Me finn, både i Bygdefolkets Krisehjelp, Bondepartiet og andre stader, at det var ikkje stor vilje til å avskrive gjelda. Folk skulle gjere opp for seg; gjennom verdiskaping på gardane, ikkje ved å forlate dei. Det var retten og plikta til bonden i det samfunnet han var ein del av. Motstanden var soleis både mot urett utnytting av bøndene og mot at modernistane krenkte den nær ‘heilage’ retten til eiga jord.

Det ligg nok idéar om den ‘frie norske bonden’ i botnen: Bonden i Noreg var sett som friare enn lenger sør i Europa, der dei var meir ‘vande’ med å leve under ein godsherre. Difor var det ei førestilling om at nordmenn skulle ha ein sterkare rett til jorda si. Det var denne gamle fridomen som vart sett alvorleg på prøve, og difor kan me seie at dette var ein del av nasjonsbygginga. Då bøndene vart kasta ut or garden, drøynde dei om ei tid då høge renter ikkje var lovleg, eller i alle fall ikkje førde til tvangsausksjonar; det me kan kalle draumen om ei fortid.

Motstanden mot utkasting var radikal, men ikkje revolusjonær. Dei var ikkje ute etter å velte samfunnet og kaste alle bankfolk einstads, men å attreise hevdvunne rettar og plikter frå det gamle bondesamfunnet. Det viktige er ikkje korleis dette gamle samfunnet var, men korleis dei hevda at det var. Retten til jorda stod sterkt her til lands. Heller var det ein reaksjonær framstøyt; i det ‘moderne’ samfunnet kunne dette framstå revolusjonært. Soleis kan me sjå på BK som eit uttrykk for ein djup mentalitet og sjølvforståing i bonestanden og i det norske samfunnet

Her kunne den konservative og sosialisten møtast for eit felles mål. Me kan nok seie at denne mentaliteten er djupare enn ideologiske motsetnader, men kanskje viktigare her er den nostalgien ein del arbeidarar kunne ha felles med mange bønder. Det er draumen om ei fortid, der bonden var ryggrada samfunnet. Difor kunne dei i motstanden mot tvangsausksjonar gå

saman, sjølv om dei er rykande usamde på andre samfunnsområde. For som eg har vore inne på, hadde ikkje BK nokon sams ideologi, berre ei blanding av personlege idéar og mål; men dei fann altså saman i denne eine saka som rørte ved sjølvforståinga i bondestanden. Me har sett at metoden for å oppnå målet nok har vore ulik mellom folka i BK; det var bakgrunnen for at Seierstad ville gå av vinteren og våren 1933. Dette var nok ein del av grunnen til at Seierstad og Lien ikkje samdest om NS. For det å gå i lag med NS eller ikkje var berre eit middel for å betre kunne oppnå det fremste målet; det var å hindre tvangsauskjønar.

Det eg har skrive om Seierstad og Lien og deira verksemd i Krisehjelpa syner korleis to personar med ulik bakgrunn og lynde gjekk saman for eit fremste mål, men utan stor tanke på midla; der NS kunne vere eit middel. Oppi dette bør me ikkje gløyme dei personlege måla både hadde, Seierstad ville ut og Lien ville på Stortinget.

### Vidare forsking

Det er godt mogleg å gå vidare på problemstillinga eg har stilt. Det finst mange kjelder som eg ikkje har sett på, til dømes er det mykje å hente i Kaare Frølands Arkiv (KFA), der det finst brev mellom Olav Lien og ein del andre i krisehjelpa. Dette kan gje eit vidare bilet av kva Lien gjorde i Krisehjelpa og korleis han fungerte der. Om Seierstad er eg ikkje kjend med andre arkiv, men det finst både avisartiklar og brev av honom, som finst i arkiv etter dei førande i BK.

Det er to spørsmål som kan vere interessante å gå vidare på. Det eine er om Olav Lien. I landssviksaka om han er det mykje godt materiale, særleg om korleis han opptrødde under krigen. Saka er rik og har mange politiforklaringar og mange døme. I tillegg er det mange som fortel om dei same hendingane, frå både ‘sidene’ under krigen. Særleg i stillinga som presseleiar kunne det i alle fall for meg sjå ut til at Olav Lien nok stilte seg mellom NS-staten (og tyskarane) og redaktørane. På den måten at han freista å vere lojal mot både staten og lokalsamfunnet. Kanskje med ein parallel til lensmannen både på tunet til Ketil Eika og i andre tider.

Det andre spørsmålet er korleis BK viser mentalitetar i det norske samfunnet. Dette har eg vore inne på, men her er det enno mykje å take av. Det fyrste eg kjem på er å setje Krisehjelpa i ein vidare historisk samanheng og sjå om BK er ei vidareføring av noko frå eldre tider. Eg har vore inne på at BK byggjer på førestillingar om fortida, men spørsmålet om BK var eit resultat noko moderne eller om det var ei vidareføring av noko gammalt eller om det var litt av kvart,

fortener etter mi meinings åtgaum. Dette er det som har vore kalla *longue durée*-historie, altso historia om dei lange tider: Strukturar og mentalitetar.

I tillegg til dette kan det vere eit poeng å sjå meir på Den norske trekanten, som eg har meint ikkje heilt dekkjer det biletet eg har vist. Attåt er det ein interessant observasjon at det moderne og det tradisjonelle ikkje alltid er motsetnader, jf. om BK var moderne eller ikkje i førrre avnitt. Denne utflytande dikotomien har eg fått frå andre, men det er verdt å gå vidare på.<sup>270</sup> Samspelet mellom det gamle og det nye speglar seg godt i Bygdefolkets Krisehjelp.

---

<sup>270</sup> Jf. Kaldal, 1983 og Tangen (1995)

## **Kjelder**

### ***Riksarkivet:***

#### ***NS-partiarkiv:***

-Del I: Bygdefolkets Krisehjelp (boks 20)

For søk hjå Riksarkivet heiter dokumentet «RA/PA-0760/F/Fb/L0020/0002»

-Del II: Korrespondanse ang. Bygdefolkets Krisehjelp (boks 21)

For søk hjå Riksarkivet heiter dokumentet «RA/PA-0760/G/L0006/0001/0009»

#### ***Landssvikarkivet:***

-Dom etter David Seierstad: Vestoppland politikammer, Dommer, dnr. 889 og 890 – David Seierstad og Hans Seierstad

For søk hjå Riksarkivet er heiter dnr. 889 «RA/S-3138/0012/D/Da/L0108/0006» og dnr 890 «RA/S-3138/0012/D/Da/L0108/0007»

-Dom etter Olav Lien: Telemark politikammer, A-nummer 723 – Olav Lien

For søk hjå Riksarkivet heiter dokumentet «RA/S-3138/0021/D/Da/L0115»

## **Aviser**

### ***«Bygdefolket», organ for Bygdefolkets Krisehjelp:***

Fleire utgåver i tida 1932-1934

Tittel i biblioteksøk: «Bygdefolket (1932-1934 : mikrofilmutg.)»

### ***«Aftenposten»:***

Utgåve 27/9-1926

### ***«8. Mai»:***

Utgåve 1/8-1952

Henta (9/1-2017) fra: [http://www.sno.no/files/documents/1952\\_29.pdf](http://www.sno.no/files/documents/1952_29.pdf)

### ***«Opland Arbeiderblad»:***

Utgåve 27/11-1935

Henta (11/4-2017) frå:

[https://lokalhistoriewiki.no/index.php/Fil:NS\\_Bygdefolkets\\_krisehjelp\\_1935.jpg](https://lokalhistoriewiki.no/index.php/Fil:NS_Bygdefolkets_krisehjelp_1935.jpg)

## *Andre kjelder*

*Vestfoldarkivet:*

Kaare Frølands arkiv (KFA): A-1167 Notater frå Liens arkiv

*Partiprogam til Arbeidarpartiet:*

For 1930

Henta frå: <https://www.arbeiderpartiet.no/om/historien-om-arbeiderpartiet/historiske-partiprogrammer/>

*Ole Christian Haugs noteringsbok (1860-1899):*

Notat 2/9-1897

Henta frå: [https://lokalhistoriewiki.no/index.php/Kjeldearkiv:Ole\\_Christian\\_Haugs\\_noteringsbok\\_\(1860-1899\)](https://lokalhistoriewiki.no/index.php/Kjeldearkiv:Ole_Christian_Haugs_noteringsbok_(1860-1899))

*Filmen Unge Viljer*

Filmen er henta frå: <https://archive.org/details/UngeViljer> (30/3-2018)

Den er au tilgjengeleg frå [www.youtube.com](http://www.youtube.com)

*Bilete:*

Bilete 1: Biletet er frå Sunnfjord Muséum og henta frå DigitaltMuseum:

<https://digitaltmuseum.no/011025141646/bilete>

Eg har skore bort kantane av biletet slik at det berre er motivet som er synleg.

Lenkje til lisens og rettar til biletet: <https://creativecommons.org/licenses/by-sa/4.0/deed.en>

Bilete 2: Bilete av skriv til «Folket i Norges bygder» frå NS20

Bilete 3: Teke av Sigurd Bernhard Røisli og er frå Mjøsmuséet; henta frå Digitalt Museum:

<https://digitaltmuseum.no/021017323696/david-seierstad-bilde-2-og-3-og-to-av-hans-barnebarn-helene-johanson-og>

Lenkje til lisens og rettar til biletet: <https://creativecommons.org/licenses/by-sa/4.0/deed.en>

Bilete 4: Biletet er frå dokument 2/1 i landssviksaka mot Olav Lien (D-2/1 NSA Lien)

Bilete 5: Biletet er henta frå «Bygdefolket» 2/9-1933

Framsidebilete: Biletet er frå «Bygdefolket», det finst i mange utgåver

## Litteraturliste

- Aasen, Ivar (1875) *Heimsyn. Ei snøgg Umsjaaling yver Skapningen og Menneskja. Tilmaatad fyre Ungdomen.* Samlaget
- Bull, Trygve og Trond Hegna (1966) *Mot Dag. Artikler i utval ved Trygve Bull og Trond Hegna.* Pax Forlag
- Dahl, Hans Fredrik (1975) *Norge mellom krigene: det norske samfunn i krise og konflikt 1918-1940.* Pax Forlag
- Elias, Norbert og Jürgen Habermas (1994) *Nasjonalisme og nasjonal identitet.* Cappelen Akademisk Forlag, omsett av Eivind Tjønneland
- Feiring, Trond et. al. (1988) *Den norske småbrukaren 1913-1988.* Det Norske Samlaget
- Frøland, Kaare (1962) *Krise og kamp: bygdefolkets krisehjelp: en kriseorganisasjon i norsk mellomkrigspolitikk.* Universitetsforlaget
- Fuglum, Per (1978) *Norges historie. Norge i støpeskjeen 1884-1920.* Cappelens Forlag
- Furre, Berge (1972) *Norsk historie 1905-1940.* Det norske Samlaget
- Galtung, Johan (2000) *Johan uten land. På fredsveien gjennom Europa.* Aschehougs Forlag
- Heywood, Andrew (1992) *Political ideologies. An introduction.* MacMillan
- Hobsbawm, E. J. (2013) *Nations and nationalism since 1780.* Cambridge University Press
- Hveding, Øistein (1982) *Landbrukets gjeldskrise i mellomkrigstiden: Statens lånekasse for jordbrukere.* Statens Landbruksbank, Oslo
- Høidal, Oddvar (1988) *Quisling. En studie i landssvik.* Universitetsforlaget, omsett av Henning Kolstad
- Kaldal, Ingar. «Frå ‘folkekultur’ til ‘arbeidarkultur?’». *Historisk Tidsskrift.* Utg. 1/1995: 65- 80
- Kaldal, Ingar. «Arbeidaren og draumen om småbruket». *Syn og Segn.* Utg 2/1983: 103-106
- Kaldal, Ingar (2003) *Historisk forsking, forståing og forteljing.* Samlaget

Karsrud, Eivind. *Med pistol og Totschläger. Den hemmelige organisasjonen «Samfundsvernet» i mellomkrigstida*. Særtrykk av TOTN 1985

Kjeldstadli, Knut (1978) «*Arbeider, bonde, våre hære...*» *Arbeiderpartiet og bøndene 1930-1939*. Magisteravhandling, Universitet i Oslo

Kjeldstadli, Knut (1992) *Fortida er ikke hva den engang var. En innføring i historiefaget*. Universitetsforlaget

Kjeldstadli, Knut (1994) *Et splittet samfunn: 1905-1935*, Aschehougs Norgeshistorie band 10. Aschehougs Forlag

Koht, Halvdan (1975 [1926]) *Norsk bondereising*. Pax Forlag

Krokann, Inge (1982 [1942]) *Det store hamskiftet i bondesamfunnet*. Det norske samlaget

Krogh, Thomas (2014) *Hermeneutikk. Om å forstå og fortolke*. Gyldendal Akademisk

Larsen, Stein Ugelvik et. al. (red.) (1980) *Who were the fascists*. Universitetsforlaget

Lundgren, Eva. «Mot Dag og Arbeiderbevegelsen». *Tidsskrift for arbeiderbevegelsens historie*. Utg. 1/1984: 167-193

Nerbøvik, Jostein (1969) *Antiparlamentariske straumdrag i Noreg 1905-1914. Ein studie i motvilje*. Universitetsforlaget

Nerbøvik, Jostein (1991) *Bønder i kamp. Bygdefolkets Krisehjelp 1925-1935*. Det norske Samlaget

Nerbøvik, Jostein (2000) *Nasjonsbygging og modernisering*. Høgskulen i Volda

Nielsen, May-Brith Ohman (1997) *Jord og ord. En studie av forholdet mellom ideologi, politikk, strategi og mobilisering hos den tredje pol i det norske partisystemet. Bondepartiet 1915-1940*. Doktoravhandling, Universitetet i Bergen

Nielsen, May-Brith Ohman (2001) *Bondekamp om markedsmakt. Senterpartiets historie 1920-1959*. Det norske Samlaget.

Nielsen, May-Brith Ohmn (red.) (1994) *Nasjonal identitet og nasjonalisme*. Den norske historiske forening

- Nielsen, May-Brith Ohman (2011) *Norvegr. Norges historie - bind IV, etter 1914*. Aschehoug
- Nordby, Trond (1991) *Det moderne gjennombruddet i bondesamfunnet. Norge 1870-1920*. Universitetsforlaget
- Norland, Andreas (1973) *Hårde tider. Fedrelandslaget i norsk politikk*. Dreyers Forlag
- Pax Leksikon (1978) Pax Forlag
- Sejersted, Francis (1973) *Ideal, teori og virkelighet: Nicolai Rygg og pengepolitikken i 1920-årene*. Cappelen
- Sejersted, Francis (2014) *Sosialdemokratisets tidsalder*. Pax Forlag
- Skaug, Tore. «Frå krisehjelp til landssvik». *Gamalt frå Kviteseid*. Årsskrift, 2007: 51-68
- Skirbekk, Gunnar og Nils Gilje. (1996) *Filosofihistorie. Innføring i europeisk filosofihistorie med særleg vekt på vitskapshistorie og politisk filosofi*: 2. Universitetsforlaget
- Smith, Anthony D. (2010) *Nationalism. Theory, ideology, history*. Polity
- Størkenes, Morten A. (2015) *Havboka eller Kunsten å fange en kjempehai fra en gummibåt på et stort hav gjennom fire årstider*. Forlaget Oktober
- Sørensen, Øystein (red.) (1998) *Jakten på det norske. Perspektiver på utviklingen av en nasjonal identitet på 1800-tallet*. Ad Notam Gyldendal
- Tangen, Ståle (1995) *Bureising. Indre kolonisasjon og Selskapet Ny Jord i eit kulturhistorisk perspektiv*. Hovudfagsoppgåve, Universitetet i Trondheim
- Tøsse, Sigvart. «Småbrukarorganisering og arbeidarrørsle». *Tidsskrift for arbeiderbevegelsens historie*. Utg. 1/1980: 117-139
- Østerud, Øyvind (1991) *Nasjonenes selvbestemmelsesrett*. Universitetsforlaget
- Østerud, Øyvind (1994) *Hva er nasjonalisme?* Universitetsforlaget

*Internettsider:*

Finstad, Bjørn-Petter. 2009. «*Klaus Sunnanå*». Henta 20/4-2018

[https://nbl.snl.no/Klaus\\_Sunnan%C3%A5](https://nbl.snl.no/Klaus_Sunnan%C3%A5)

Garvik, Olav. 2017. «*Det Kongelige Selskap for Norges Vel*». Henta 12/4-2017

[https://snl.no/Det\\_Kongelige\\_Selskap\\_for\\_Norges\\_Vel](https://snl.no/Det_Kongelige_Selskap_for_Norges_Vel)

Geni. 2018. «*Hans Enge Davidsen*». Henta 16/4-2018.

<https://www.geni.com/people/Hans-Enge/6000000049473408917>

Noregs Bank. Udatert. «*Priskalkulator*». Henta 8/5-2018

<https://www.norges-bank.no/Statistikk/Priskalkulator/>

Pryser, Tore. 2017. «*Administrasjonsrådet*». Henta 13/5-2018

<https://snl.no/Administrasjonsr%C3%A5det>

Rovde, Olav. 2009. «*Johan E. Mellbye*». Henta 13/8-2017.

[https://nbl.snl.no/Johan\\_E\\_Mellbye](https://nbl.snl.no/Johan_E_Mellbye)

Statistisk Sentralbyrå. Udatert. «*Tabell 12.7. Priser i småsalg på matvarer, brensel og bensin*»

Henta 19/3-2018.

<https://www.ssb.no/a/histstat/tabeller/12-12-7t.txt>

Thorstein, Dag Einar. 2014. «*Demokratisk sentralisme*». Henta 25/1-2018

[https://snl.no/demokratisk\\_sentralisme](https://snl.no/demokratisk_sentralisme)

Tranøy, Knut Erik. 2017. «*Marxisme*». Henta 19/4-2018

<https://snl.no/marxisme>